|               | 1. H | Ex. Phil.                    | MAT111               | INF100      |

\* Emna ECON261, ECON361 og ECON316 går uregelmessig.

Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet.

I fjerde semester vel studentane ei av tre fordjupingar som gir grunnlag for å søke opptak til masterstudium.

Studentar som tar MAT101 istadenfor MAT111 i det første semesteret må rekne med å bruke noko meir tid på studiet. Det er utarbeidd forslag til alternative studieløp for desse studentane. Ta kontakt med studierettleiar.

#### Tilrådde valemne

Valgemner bør velges i forhold til planlagt masterstudium. Noen masterprogrammer har spesielle faglige opptakskrav. Inntil 10 studiepoeng på 300-nivå kan inngå i den valgfrie delen av bachelorgraden.

#### Kontaktinformasjon

Studiekonsulent ved Institutt for informatikk.

E-postadresse: studieveileder@ii.uib.no

#### Tilrådd utanlandsopphald

Viss du ønskjer å ta delar av studiet i utlandet, vil vi rå deg til å gjere dette i sjetten semester. Vi har i dag avtalar med mellom anna Lunds universitet (Sverige), University of Waterloo (Canada) og University of Newcastle (Australia). Universitetet i Bergen har også mange andre avtalar både i og utanfor Europa.

#### Yrkesveggar

Både offentlig sektor og privat sektor har behov for økonomar med solid bakgrunn innanfor matematikk, informatikk, statistikk og økonomi. Naturlege arbeidsplassar for ferdige kandidatar er bank- og forsikringsnæringa, IKT-næringa, offentlig forvaltning, forskning og undervisning.

## BACHELORPROGRAM I KJEMI

|                     |        |
|---------------------|--------|
| <b>Studiepoeng:</b> | 180 SP |
| <b>Omfang:</b>      | 3 år   |
| <b>Oppstart:</b>    | Haust  |

### Forkunnskapskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse.  
I tillegg må du ha 2MX/2MY/3MZ +  
3MX/3FY/3KJ/3BI/(2KJ+3BT)/(2BI+3BT).

### Mål og innhald

Kjemi er læra om stoffa som alle ting er bygde opp av, om strukturen til desse stoffa, eigenskapane deira og kvar dei finst. Faget er svært viktig for å kunne forstå den fysiske verda, både tinga i dagleglivet, naturen og store delar av det teknisk baserte næringslivet vårt. Eksempel på kjemiske problemstillingar kan vere utvikling av nye og betre medisinar eller avansert materiale, oljeutvinning eller analyse av matvarer og vassprøver. Kjemistudiet gir teoretisk forståing og praktisk kompetanse innan alle hovudområde av kjemien. Arbeid på laboratoriet gir erfaring med moderne laboratorieteknikkar og utstyr.

### Tilrådd studieplan

*Studieveg 1: For studentar som har 3KJ eller tilsvarande*

|      |          |                  |          |
|------|----------|------------------|----------|
| 6. V | Kjemival | Val              | Val      |
| 5. H | Val      | Val              | Val      |
| 4. V | KJEM122  | Val              | Val      |
| 3. H | KJEM120  | KJEM210          | Val      |
| 2. V | KJEM130  | KJEM131          | Basisfag |
| 1. H | Ex. Phil | MAT101/<br>MAT11 | KJEM110  |

*Studieveg 2: For studentar som ikkje har 3KJ eller tilsvarande*

|      |          |                  |          |
|------|----------|------------------|----------|
| 6. V | Kjemival | Val              | Val      |
| 5. H | Val      | Val              | Val      |
| 4. V | KJEM131  | KJEM122          | Val      |
| 3. H | KJEM120  | KJEM210          | Val      |
| 2. V | KJEM110  | KJEM130          | Basisfag |
| 1. H | Ex. Phil | MAT101/<br>MAT11 | KJEM100  |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte*

*mørkegrått er spesialiseringsdelen, og er obligatoriske emne for programmet.*

### Tilrådde valemne

I det første semesteret blir studentar med mangelfull kjemibakgrunn frå vidaregåande skule anbefalt å velje KJEM 100. Studentar med 3KJ eller svært god bakgrunn frå 2KJ blir anbefalt å velje KJEM110.

Det vil vere nyttig å ta fleire av basisfaga som er opplista over.

Valemne bør veljast i forhold til planlagt masterstudium. Nokre masterprogram har spesielle faglege opptakskrav. For studentar som vurderer å fortsetje på eit av masterprogramma i kjemi, er det nyttig å bruke valemne i kjemi til å oppnå ein fagprofil i tråd med ønsket for masterprogram. Nokre få av dei obligatoriske emna på mastergrad undervisast berre kvart andre år. For dei som ønskjer å gå vidare på mastergrad, kan det dermed vere nødvendig å legge nokre av desse som valemne heilt på slutten av bachelorprogrammet. Inntil 10 studiepoeng på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelorgraden.

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Kjemisk institutt.

E-post: studierettleiar@kj.uib.no

Telefon: 5558 34 45

Sjå óg: <http://www.kj.uib.no>

### Tilrådd utanlandsopphald

Det finst tilbod om tilrettelagde utanlandsopphald som er integrert i bachelorgraden. I utgangspunktet er desse lagde til det sjette semesteret, men det kan også vere mogleg å ta utanlandsopphald tidlegare enn dette.

### Yrkesveg

Med kjemiutdanning vil du blant anna kunne arbeide innan følgjande bransjar: Kjemisk industri, petroleumsindustri, matvareindustri, helsesektor, forskning, undervisning, offentlege kontrollorgan og forvaltning.

## BACHELORPROGRAM I MATEMATISKE FAG

|                     |        |
|---------------------|--------|
| <b>Studiepoeng:</b> | 180 SP |
| <b>Omfang:</b>      | 3 år   |
| <b>Oppstart:</b>    | Haust  |

### Forkunnskapskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg må du ha 2MX/2MY/3MZ + 3MX/3FY/3KJ/3BI/(2KJ+3BT)/(2BI+3BT).

### Mål og innhald

Bachelorprogrammet i matematiske fag er 3-årig (180 studiepoeng). Primærfaget i bachelorprogrammet er matematikk. Målgruppa for programmet er deg med allmenn interesse for matematiske fag, fysikk og naturvitskap. Studiet tek for seg det teoretiske grunnlaget for matematikken, og bruk av matematikk til å modellere fenomen innan naturvitskap og teknologi. Det blir lagt vekt på trening i analytisk tenking, teoretisk og praktisk problemløysing, samt trening i skriftleg og munnleg presentasjon av problemstillingar og løysingar til andre. Du vil elles lære å bruke informasjonsteknologi og å eksperimentere med datamodellar, derfor er informatikk med som støttefag. Studiet gir kvalifikasjonar som er etterspurde i samfunnet. Med trening i bruk av matematisk tankegang og kjennskap til innhaldet i den matematiske verktøykassa vil du stille sterkt i tilfelle du seinare ønskjer å gå over til andre fagområde og problemstillingar, samtidig som du har eit prima utgangspunkt for å fortsette med eit vidare studium i anvend og utrekningsorientert matematikk, rein matematikk eller statistikk.

### Tilrådd studieplan

|            |                       |                |                      |
|------------|-----------------------|----------------|----------------------|
| <b>6 V</b> | <b>Val/utveksling</b> |                |                      |
| <b>5.H</b> | <b>Val/utveksling</b> |                |                      |
| <b>4.V</b> | <b>Val</b>            | <b>Val</b>     | <b>Val</b>           |
|            | <b>MAT/STAT</b>       |                |                      |
| <b>3.H</b> | <b>MAT212</b>         | <b>STAT110</b> | <b>INF100/MAT160</b> |
| <b>2.V</b> | <b>MAT112</b>         | <b>MAT121</b>  | <b>MAT131</b>        |
| <b>1.H</b> | <b>Ex.phil.</b>       | <b>MAT111</b>  | <b>INF100/MNF140</b> |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringsdelen, og er obligatoriske emne for programmet.*

### Tilrådde valemne

Studentane står fritt når det gjeld val av andre emne, men ein bør velje støttefag med tanke på mogleikar på arbeidsmarknaden, eller med tanke på faglig retning på det vidare studiet.

Valemne bør veljast i forhold til planlagt masterstudium. Nokon masterprogram har spesielle faglege opptakskrav.

Inntil 10 studiepoeng på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelorgraden.

### Kontaktinformasjon

Studiekonsulent ved Matematisk institutt.

E-post: studierettleiar@math.uib.no

### Tilrådd utanlandsopphald

Valfridommen i 5. og 6. semester kan nyttast til å ta eit studieopphald i utlandet. Det finnes i dag mange alternativ for deg som ønskjer å ta eit semester eller to av utdanninga i eit anna land. Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtaler, både i og utanfor Europa. På bachelorprogrammet i matematiske fag vel vi i tillegg ut spesielle samarbeidsuniversitet for å finne det fagtilbodet som passer best for våre studentar. På den måten får du tilbod om eit tilrettelagt utanlandsopphald som blir integrert i graden.

### Yrkesveggar

Etter å ha teke bachelorprogrammet i matematikk vil du ha kompetanse som er etterspurde innan bransjar som industri, forskning, skoleverk og forvaltning. Innsikt i matematiske/statistiske metodar har vore, og kjem til å vere, ein føresetnad for grunnforskning i fag som er sentrale for vår forståing av naturen og samfunnet. Framvekst av kraftige datamaskiner med stor regnekraft har ført til at enda fleire fag er blitt storbrukarar av avanserte matematiske modeller. Denne utviklinga tilseier at kandidatar med solide grunnkunnskapar i matematikk vil bli ettertrakta arbeidskraft på stadig fleire område av arbeidsmarknaden.



## BACHELORPROGRAM I METEOROLOGI OG OSEANOGRAFI

**Studiepoeng:** 180 SP  
**Omfang:** 3 år  
**Oppstart:** Haust

### Forkunnskapskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse.  
I tillegg må du ha 2MX/2MY/3MZ +  
3MX/3FY/3BI/3KJ.

### Mål og innhold

Bachelorprogrammet i meteorologi og oseanografi er 3-årig (180 studiepoeng). Primærfagene i studieprogrammet er matematikk, fysikk, meteorologi og oseanografi. Målgruppen for programmet er studenter med interesse for meteorologi, oseanografi og klima. Ettersom fagene er brukere av informasjonsteknologi anbefales informatikk som støttefag. Kjemi er et viktig støttefag for dem som ønsker å gå videre med masterstudier i kjemisk oseanografi. Fagområdet oseanografi omfatter studiet av fenomener i havet og sjøvannets fysiske og kjemiske egenskaper. Havets rolle for klimaet og klimaendringer er også et sentralt tema. Meteorologi omfatter studiet av værssystemer, fysiske prosesser i atmosfæren, klima og klimaendringer. I både meteorologi og oseanografi bruker vi de fysiske lovene formulert i matematiske ligninger for å beskrive og forklare fenomener i naturen.

### Tilrådd studieplan

|      |               |               |         |
|------|---------------|---------------|---------|
| 6. V | Val           | Val           | Val     |
| 5. H | Val           | Val           | Val     |
| 4. V | GEOF110       | GEOF120       | GEOF130 |
| 3. H | Val emneliste | Val emneliste | PHYS111 |
| 2. V | MAT112        | MAT121        | MAT131  |
| 1. H | Ex. phil      | MAT111        | MNF140  |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringsdelen, og er obligatoriske emne for programmet.*

Krav til bachelorgraden i meteorologi og oseanografi er ei spesialisering på til saman 90 studiepoeng, bestående av fyljande emne: MAT112, MAT121, MAT131, PHYS111, GEOF110, GEOF120, GEOF130 og 20 stp blant MAT212, STAT110, PHYS110, MAT236/PHYS116. MAT212 og STAT110 i 3. semester er å anbefala.

### Tilrådde valemne

GEOF210, GEOF211, GEOF212, GEOF230, STAT110, MAT213, MAT236, PHYS110, PHYS112, PHYS114, MAT160, KJEM100, BIO202.

Valemne bør veljast i forhold til planlagt masterstudium. Nokre masterprogram har spesielle faglege opptakskrav. Inntil 10 studiepoeng på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelorgraden.

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Geofysisk institutt  
E-post: [studierettleiar@gfi.uib.no](mailto:studierettleiar@gfi.uib.no),  
[studieveileder@gfi.uib.no](mailto:studieveileder@gfi.uib.no)

### Tilrådd utanlandsopphald

Valgfriheten i programmet kan benyttes til å ta et studieopphold i utlandet. Det finnes i dag mange alternativ for deg som ønsker å ta et semester eller to av utdanningen i et annet land. Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtaler, både i og utenfor Europa. På alle bachelorprogram i meteorologi og oseanografi velger vi i tillegg ut spesielle samarbeidsuniversiteter for å finne det fagtilbudet som passer best for våre studenter. På den måten får du tilbud om et tilrettelagt utenlandsopphold som blir integrert i graden.

En annen mulighet er å tilbringe 5. og/eller 6. semester på UNIS (Universitetssenteret på Svalbard) for å lære mer om de særegne forholdene i arktiske strøk. Se anbefalt studieplan under.

*UNIS-alternativ:*

*Bachelorprogram i meteorologi og oseanografi*

|     |               |               |         |
|-----|---------------|---------------|---------|
| 6.V | UNIS: AGF-211 | UNIS: AGF-210 |         |
| 5.H | UNIS: AGF-213 | UNIS: AGF-214 |         |
| 4.V | GEOF110       | GEOF120       | GEOF130 |
| 3.H | Val emneliste | Val emneliste | PHYS111 |
| 2.V | MAT112        | MAT121        | MAT131  |
| 1.H | Ex. phil.     | Matematikk    | MNF140  |

### Yrkesveggar

Bachelorprogrammet i meteorologi og oseanografi utdanner kandidater som er meget etterspurte innen bransjer som oljeindustri, forskning, skoleverket, værvarsling og i miljørettet arbeid. Kandidater med solide grunnkunnskaper i matematikk og fysikk er en mangelvare på arbeidsmarkedet. Vi driver grunnforskning i fag som er helt sentrale for vår forståelse av naturen, og som dessuten danner grunnlaget for fremtidens teknologi. Fagene våre er dermed viktige for verdiskapingen i samfunnet.



## BACHELORPROGRAM I MILJØ- OG RESSURSFAG

**Studiepoeng:** 180 SP  
**Omfang:** 3 år  
**Oppstart:** Haust

### Forkunnskapskrav

Generell studiekompetanse.

### Mål og innhold

Bachelorprogrammet i miljø- og ressursfag er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet inneholder 30 studiepoeng på førstesemesterstudium, 90 studiepoeng med fordypning innenfor et fag eller en godkjent fagkombinasjon (1 ½ års studium), og 60 studiepoeng fra andre fag. Studentene velger emnekombinasjonene sine blant de tilbud som til enhver tid blir gitt, og/eller emner som er godkjent som likeverdige.

Programmet kombinerer miljø- og ressursemner både fra naturvitenskapene og fra fagene økonomi, historie, geografi og psykologi, og involverer fem fakulteter. Gjennom stor grad av valgfrihet åpnes det for kombinasjon av emner som gir grunnlag for opptak til masterstudier i flere fag.

Tilnærming til mange samfunnsorienterte problemområder krever bred kompetanse basert på kunnskap fra fagdisipliner som finnes ved flere fakulteter ved Universitetet i Bergen. Programmet er basert på en slik erkjennelse. Både selve samfunnet og de utfordringer samfunnet møter, er i stadig endring. Dette setter krav til bred kompetanse for å øke evnen til tilpassing og fleksibilitet både hos enkeltpersoner, i yrkesutøvelsen og for samfunnet generelt.

Studieprogrammet skal fylle følgende behov:

- Styrke studentens tverrfaglige bakgrunn.
- Bedre egenkompetanse for videre valg.
- Øke anvendeligheten av kandidatenes kompetanse for næringsliv og for offentlig forvaltning.
- Bedre samfunnets tilgang på faktisk tverrfaglig kompetanse på høyt nivå.
- Fremheve betydningen av tverrfakultær tilnærming til samfunnsaktuelle problemstillinger.
- Tilby en bachelorgrad som kan være grunnlag for flere ulike mastergrader.

### Tilrådd studieplan

*Studieveg 1: Miljø- og ressursfag som grunnlag for masterprogram i realfag*

|      |             |                      |             |
|------|-------------|----------------------|-------------|
| 6. V | Val         | Val                  | Val         |
| 5. H | Val         | KJEM100              | GEO281      |
| 4. V | Val         | Spes val 1<br>GEO285 | GEO205      |
| 3. H | HIST106     | ECON100              | Tverr fag 2 |
| 2. V | Tverr fag 1 | Val                  | BIO202      |
| 1. H | Ex. phil    | MAT101/<br>MAT111    | MNF115      |

*Studieveg 2: Generelt bachelorprogram i miljø- og ressursfag*

|      |                |                          |                         |
|------|----------------|--------------------------|-------------------------|
| 6. V | Val/utveksling |                          |                         |
| 5. H | Spes. val 1    | Spes. val 2              | GEO281                  |
| 4. V | Val            | Val                      | Val                     |
| 3. H | Val            | ECON100                  | KJEM100                 |
| 2. V | BIO202         | Tverr fag 2<br>(PSYK240) | Tverr fag 1<br>(HIS107) |
| 1. H | Ex. phil       | MAT101/<br>MAT111        | MNF115                  |

*Studieveg 3: Miljø- og ressursfag som grunnlag for masterprogram i geografi*

|      |                       |                   |                      |
|------|-----------------------|-------------------|----------------------|
| 6. V | GEO204                | GEO271            | Spes val 2<br>GEO282 |
| 5. H | Val                   | Val               | GEO281               |
| 4. V | GEO285                | Tverr fag 2       | Val                  |
| 3. H | Spes. val 1<br>GEO131 | ECON100           | Val                  |
| 2. V | Tverr fag 1           | MAT101/<br>MAT111 | BIO202               |
| 1. H | Ex. phil              | KJEM100           | MNF115               |

*Studieveg 4: Miljø- og ressursfag som grunnlag for masterprogram i miljøkjemi*

|      |            |                       |             |
|------|------------|-----------------------|-------------|
| 6. V | KJEM122    | Val                   | Val         |
| 5. H | Val        | Spes val 2<br>KJEM202 | GEO281      |
| 4. V | KJEM130    | KJEM131               | Tverr fag 1 |
| 3. H | KJEM120    | ECON100               | Tverr fag 2 |
| 2. V | Spes val 1 | MAT101/<br>MAT111     | BIO202      |
| 1. H | Ex. phil   | KJEM100               | MNF115      |

*Studieveg 5: Miljø og ressursfag som grunnlag for masterprogram i samfunnsøkonomi*

|             |                               |                |                   |
|-------------|-------------------------------|----------------|-------------------|
| <b>6. V</b> | <b>Tverrfag 2</b>             | <b>ECON290</b> | <b>Val</b>        |
| <b>5. H</b> | <b>Spes val 2<br/>ECON210</b> | <b>ECON230</b> | <b>ECON240</b>    |
| <b>4. V</b> | <b>Spes val 1<br/>ECON110</b> | <b>ECON130</b> | <b>Optimering</b> |
| <b>3. H</b> | <b>STAT101/<br/>STAT110</b>   | <b>GEO281</b>  | <b>Val</b>        |
| <b>2. V</b> | <b>Tverrfag 1<br/>ECON216</b> | <b>KJEM100</b> | <b>BIO202</b>     |
| <b>1. H</b> | <b>Ex. phil</b>               | <b>ECON100</b> | <b>MNF115</b>     |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringsdelen, og er obligatoriske emne for programmet.*

#### **Tilrådde valemne**

Miljø- og ressursstudier inngår i de fleste fagområder ved Universitetet i Bergen, og kan derfor kombineres med en rekke fag innen naturvitenskap, samfunnsvitenskap, historisk-filosofiske fag, jus og psykologi. Valgemner bør velges i forhold til planlagt masterstudium. Noen masterprogrammer har spesielle faglige opptakskrav. Inntil 10 studiepoeng på 300-nivå kan inngå i den valgfrie delen av bachelorgraden.

#### **Kontaktinformasjon**

Institutt for biologi.  
E-postadresse: studie@bio.uib.no  
Telefon: 55584400.

#### **Tilrådd utenlandsopphald**

Det finnes i dag mange alternativer for de som ønsker å ta et semester eller to av utdanningen sin i et annet land. Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtaler, både i og utenfor Europa. På bachelorprogrammet i miljø- og ressursfag velger vi i tillegg ut spesielle samarbeidsuniversiteter for å finne det fagtilbudet som er best for våre studenter. På den måten får du tilbud om et tilrettelagt utenlandsopphold som blir integrert i graden.

#### **Yrkesvegar**

Programmet vektlegger økt samfunnsorientering, erkjennelse av betydningen av flerfaglig og tverrfaglig orientering til problemløsning, og fører til bredere kompetanse og økt anvendbarhet for næringsliv og forvaltning. Studentene får bedre tverrfakultær valgkompetanse inn mot en forskerkarriere. Tverrfaglig utdanning gir godt grunnlag for å utvikle bedriftsspesifikk kompetanse.

## BACHELORPROGRAM I MOLEKYLÆRBIOLOGI

**Studiepoeng:** 180 SP  
**Omfang:** 3 år  
**Oppstart:** Haust

### Forkunnskapskrav

For å kunne søke opptak til bachelorprogrammet i molekylærbiologi må du ha generell studiekompetanse eller fylle krava til realkompetanse. I tillegg må du ha 2MX/2MY/3MZ + 3MX/3FY/3KJ/3BI/(2KJ+3BT)/(2BI+3BT).

### Mål og innhald

Bachelorprogrammet i molekylærbiologi er 3-årig (180 studiepoeng). Molekylærbiologi og biokjemi er to sider av same fagområde, faget der dei levande organismane si molekylære oppbygging, kjemi og fysikk vert studert. Molekylærbiologar studerar dei biologiske makromolekyla DNA, RNA, protein og karbohydrat og andre organiske molekyl i levande celle. Faget er basert på teknologi som tillet isolering og studie av biologiske makromolekyl og metodar for å studera kva funksjonar slike molekyl har i levande celler og organismer.

Studieprogrammet i molekylærbiologi har som mål å gje studentane både eit bredt teoretisk grunnlag for å forstå basale problemstillingar og solid kunnskap om fagets eksperimentelle metodar. Evolusjonære perspektiv står sentralt i undervisninga. Gjennom studiet vil studentane få trening i å lese relevant faglitteratur kritisk. Det er og lagt vekt på øving i skriftleg og munnleg fremstilling av faget.

### Tilrådd studieplan

*Studieveg 1: For studentar som ikkje har 3KJ eller tilsvarande*

|     |           |                   |             |
|-----|-----------|-------------------|-------------|
| 6 V | Val       | Val               | Val         |
| 5 H | Val       | Val               | MOL203      |
| 4 V | Val       | MOL202            | MOL201      |
| 3 H | Val       | Val<br>MAT/STAT   | MOL200      |
| 2 V | KJEM110   | KJEM130/Val       | MOL100      |
| 1 H | Ex. phil. | MAT111/<br>MAT101 | KJEM100/Val |

*Studieveg 2: For studentar som har 3KJ eller tilsvarande*

|     |             |                   |         |
|-----|-------------|-------------------|---------|
| 6 V | Val         | Val               | Val     |
| 5 H | Val         | Val               | MOL203  |
| 4 V | Val         | MOL202            | MOL201  |
| 3 H | Val         | Val<br>MAT/STAT   | MOL200  |
| 2 V | KJEM130/Val | KJEM Val          | MOL100  |
| 1 H | Ex. phil.   | MAT111/<br>MAT101 | KJEM110 |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringsdelen, og er obligatoriske emne for programmet.*

### Tilrådde valemne

Molekylærbiologiske emne : MOL 204 Bioinformatikk, MOL 231 Prosjektoppgåve, MOL 270 Bioetikk. Andre emne i molekylærbiologi kan og vere relevant å ta mot slutten av bachelorgraden.

Kjemiske emne: KJEM 130 Organisk kjemi, KJEM131 Organisk syntese og analyse, KJEM120 Grunnstoffenes kjemi, KJEM122 Syntetisk uorganisk kjemi, KJEM210 Kjemisk termodynamikk og KJEM212 Molekylære drivkrefter

Matematiske emne: MAT121 Lineær algebra, STAT101 Elementær statistikk og STAT110 Grunnkurs i statistikk.

Biologisk emne: BIO110 Innføring i evolusjon og økologi, BIO113 Mikrobiologi og andre biologisk emne valt etter interesse.

Dei 70 frie studiepoenga kan og vere frå andre fagretningar eller samansett av andre emne enn dei tilrådde. Valemne bør veljast etter interesse og evt. i forhold til planlagt masterstudium. Nokre masterprogram har spesielle faglege opptakskrav. Inntil 10 studiepoeng på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelorgraden.

### Kontaktinformasjon

Molekylærbiologisk institutt v/studierettleiar.  
 E-postadresse: studierettleiar@mbi.uib.no  
 Telefon: 55 58 45 00

### **Tilrådd utanlandsopphald**

Valfridomen i det 6. semesteret kan med fordel nyttast til internasjonal utveksling. Det finst i dag mange alternativ for deg som ønskjer å ta litt av utdanninga di i eit anna land. Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtalar, både i og utanfor Europa. I bachelorprogrammet i molekylærbiologi har vi i tillegg valgt ut særskilde samarbeidsuniversitet for å finna det fagtilbodet som passar best for deg. På den måten får du tilbod om eit tilrettelagt utanlandsopphald som blir integrert i graden. Molekylærbiologisk institutt tilbyr tilrettelagte delstudium ved University of Cape Town, Sør-Afrika, McGill University, Canada

og James Cook University, Australia. I tillegg har instituttet avtalar med fleire europeiske universitet.

### **Yrkesveggar**

Molekylærbiologar arbeidar innan forskning og undervising ved universitet, statlege høgskular og andre vitenskapelege høgskular. Universitetssjukehusa og dei andre større sjukehusa engasjerar og molekylærbiologar. Internasjonalt er farmasøytisk og bioteknologisk industri og forskning ei viktig arbeidsmarknad. Molekylærbiologar arbeidar og innan administrasjon og undervising i den vidaregåande skulen, innan landbruks-, fiskeri- og havbruksnæring og i offentleg administrasjon.

## BACHELORPROGRAM I NANOTEKNOLOGI

**Studiepoeng:** 180 SP  
**Omfang:** 3 år  
**Oppstart:** Haust

### Forkunnskapskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg må du oppfylle realfagskravet, som er 2MX/2MY/3MZ + 3MX/3FY/3KJ/3BI/(2KJ+3BT)/(2BI+3BT). Sjå på denne nettstaden, for meir informasjon: <http://studere.uib.no/realfagskrav>

### Mål og innhald

Teknologiske nyvinningar har gjort det råd å måle og systematisk endre struktur og prosessar som skjer på ein skala frå 0,1 til 100 nanometer. Dette opnar for heilt spesielle eigenskapar som ofte er styrt av kvantemekanikken sine lover. Medan nanovitskapen er oppteken av korleis ein kan oppnå ønskte eigenskapar gjennom manipulasjon på nanometer-skala, handlar nanoteknologi om praktisk utnytting av material, struktur og komponentar basert på nanovitskap. Studiet gir teoretisk forståing og praktisk kompetanse innan den naturfaglege basisen for nanoteknologi. Vidare får studentane ei innføring i det særmerkte for nanovitskap og nanoteknologi, gjennom døme og arbeid på moderne laboratorium. Dei vil også møte etiske og samfunnsmessige problemstillingar knytt til teknologi.

### Tilrådd studieplan

| 6.V | Val/<br>INF100 | Val/<br>PHYS102/<br>PHYS112 | Val     |
|-----|----------------|-----------------------------|---------|
| 5.H | NANO200        | Val/INF100/<br>STAT101      | Val     |
| 4.V | NANO160        | Val/<br>PHYS102/<br>PHYS112 | Val     |
| 3.H | KJEM120        | PHYS101/<br>PHYS111         | MOL200  |
| 2.V | NANO100        | MAT112                      | MOL100  |
| 1.H | Ex. phil.      | MAT111                      | KJEM110 |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringsdelen, og er obligatoriske emne for programmet.*

### Tilrådde valemne

Fire valemne på til saman 40 SP bør veljast i forhold til planlagt masterstudium. Ein bør tidleg ta kontakt med studierettleiar for å få døme på gode fagkombinasjonar. Inntil 10 studiepoeng på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelorgraden.

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar: Hege Ommedal, Kjemisk institutt.  
Telefon: 55 58 34 46  
Ekspedisjonen på Kjemisk institutt, telefon: 55 58 34 44

### Tilrådd utanlandsopphald

Det er lagt opp til at du kan ta 6. semester i studiet utanlands. Tilrettelagde opplegg er under utarbeiding.

### Yrkesveggar

Med utdanning innan nanoteknologi/nanovitskap vil du blant anna kunne arbeide innan følgjande bransjar: Forsking, teknologisk industri, undervisning, offentlege kontrollorgan og forvaltning. Med ein bachelorgrad i nanoteknologi har du eit godt grunnlag for å gå vidare på masterstudium i nanovitskap. Dersom du avsluttar studiane etter fullført bachelorgrad, er det breidda i realfagsbakgrunnen som er ditt største konkurransefortrinn.

# BACHELORPROGRAM I PETROLEUMSTEKNOLOGI

**Studiepoeng:** 180 SP  
**Omfang:** 3 år  
**Oppstart:** Haust

## Forkunnskapskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse.  
I tillegg må du ha 2MX/2MY/3MZ +  
3MX/3FY/3KJ/3BI/(2KJ+3BT)/(2BI+3BT).

## Mål og innhald

Programmet kombinerer dei klassiske realfaga fysikk, matematikk og kjemi med geologi og geofysikk for å gje eit solid fagleg fundament for å kunne arbeide i oljeindustrien. Programmet er særlig retta mot reservoarbeskriving og modellering inklusiv studier av fleirfasestrøyming i porøse medier. I starten av studiet blir det lagt stor vekt på å gje studentane eit godt grunnlag i dei basisfaga som skal til for å gje ei djupare forståing for dei fysiske og kjemiske prosessane som er knytta til olje- og gassutvinning. Siste halvdel av studiet er også tverrfagleg, sjølv om det her også vert opna for valmoglegheiter som gjev spesialisering mot meir spesifikke fysiske, kjemiske eller geologiske problemstillingar innan petroleumsteknologien. Studieprogrammet skal utnytte forskning og ekspertise i fysikk, matematikk, kjemi, geofysikk og geologi til å utdanne kandidater med teknologisk kompetanse i petroleumsteknologi, samt danne grunnlag for vidare spesialisering (mastergrad).

## Tilrådd studieplan

|             |                   |                             |                |
|-------------|-------------------|-----------------------------|----------------|
| <b>6. V</b> | <b>GEOL260</b>    | <b>PTEK212/<br/>PTEK213</b> | <b>Val</b>     |
| <b>5. H</b> | <b>PTEK211</b>    | <b>KJEM210</b>              | <b>Val</b>     |
| <b>4. V</b> | <b>GEOL101</b>    | <b>PHYS114</b>              | <b>KJEM110</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Val</b>        | <b>Val/KJEM100</b>          | <b>PHYS111</b> |
| <b>2. V</b> | <b>Val/INF100</b> | <b>MAT121</b>               | <b>MAT112</b>  |
| <b>1. H</b> | <b>Ex. phil</b>   | <b>MAT111</b>               | <b>PTEK100</b> |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringsdelen, og er obligatoriske emne for programmet.*

## Tilrådde valemne

Valemne bør velgast i forhold til planlagt masterstudium. Tilrådde emne er: PTEK212, PTEK213, PTEK214, PTEK218, MAT131, MAT160, MAT212, MAT236, MAT252, MAT254, STAT110, INF109, PHYS112, PHYS113, KJEM202, KJEM203, GEOF296, GEOL103, GEOL104, GEOL107. Nokre masterprogram har spesielle faglege opptakskrav som ein bør ta omsyn til ved val av emner. Inntil 10 studiepoeng på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelorgraden.

## Kontaktinformasjon

Studieveileder.ppt@ift.uib.no

## Tilrådd utanlandsopphald

Eit utanlandsopphald kan leggest i 5. eller 6. semester. På utvalde samarbeidsuniversitet kan ein få tilbod om eit tilrettelagt studieopphald som blir integrert i graden.

## Yrkesveggar

Utdanninga kvalifiserer til eit vidt spekter av stillingar i oljeselskap og serviceselskap i oljenæringa, innan både leiting og produksjon av olje og gass, samt vidareforedling av petroleumsprodukt. Dessutan vil det vera eit stort behov for kvalifisert personell hjå styremaktene til å styre, følgje opp og evaluere oljeaktiviteten.

## BACHELORPROGRAM I PROSESSTEKNOLOGI

**Studiepoeng:** 180 SP  
**Omfang:** 3 år  
**Oppstart:** Haust

### Forkunnskapskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse.  
I tillegg må du ha 2MX/2MY/3MZ +  
3MX/3FY/3KJ/3BI/(2KJ+3BT)/(2BI+3BT).

### Mål og innhald

Programmet kombinerer dei klassiske realfaga fysikk, matematikk og kjemi til eit studium som gir eit solid fagleg fundament for å kunne imøtegå dei utfordringane ein står ovanfor i prosessindustrien i dag. Programmet er særleg retta mot olje og gass, og inkluderer fagområdene fleirfasesystem, kjemometri, separasjon og sikkerheitsteknologi. I starten av studiet blir det lagt stor vekt på å gi studentane eit godt grunnlag i dei basisfaga som skal til for å gi ei djupare forståing for dei fysiske og kjemiske prosessane i industrien. I siste halvdel av studiet er den prosessstekniske spesialiseringa vektlagt, det er her opna for val av emne retta mot dei ulike spesialiseringane. Studieprogrammet skal utnytte forskning og ekspertise i fysikk, matematikk og kjemi til å utdanne kandidater med teknologisk kompetanse i prosesssteknologi, samt danne grunnlag for vidare spesialisering (mastergrad).

### Tilrådd studieplan

*Studieveg 1: For studentar med 2KJ:*

|      |             |            |             |
|------|-------------|------------|-------------|
| 6. V | Val         | PTEK203    | Val         |
| 5. H | Val         | PTEK202    | MAT212/Val  |
| 4. V | PHYS112/val | PHYS114    | PHYS113/val |
| 3. H | KJEM210     | INF100/Val | PHYS111     |
| 2. V | KJEM110     | MAT121     | MAT131      |
| 1. H | Ex. phil    | MAT111     | PTEK100     |

*Studieveg 2: For studentar utan 2KJ:*

|      |            |         |             |
|------|------------|---------|-------------|
| 6. V | Val        | PTEK203 | PHYS112/Val |
| 5. H | KJEM210    | PTEK202 | INF100/ Val |
| 4. V | KJEM110    | PHYS114 | PHYS113/val |
| 3. H | KJEM100    | PHYS111 | MAT212/val  |
| 2. V | MAT112/Val | MAT121  | MAT131      |
| 1. H | Ex. phil   | MAT111  | PTEK100     |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringsdelen, og er obligatoriske emne for programmet.*

### Tilrådde valemne

Valemne bør velgast i forhold til planlagt masterstudium. Tilrådde emne er: MAT112, MAT160, MAT212, MNF170, PTEK204, PTEK226, PTEK231, PTEK251, STAT110, STAT200, KJEM225, PHYS113, PHYS116. Nokre masterprogram har spesielle faglege opptakskrav som ein bør ta omsyn til ved val av emne. Inntil 10 studiepoeng på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelorgraden.

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar.ppt@ift.uib.no

### Tilrådd utanlandsopphald

Viss du ønskjer å ta delar av utdanninga i utlandet, vil dette passe best i det femte eller sjette semesteret. Pass på at du får med deg dei nødvendige prosessfaga under opphaldet. Bachelorprogrammet i prosesssteknologi har tilbod om eit tilrettelagt utanlandsopphald som vert integrert i graden. Ta kontakt med studierettleiaren for meir informasjon.

### Yrkesveg

Utdanninga kvalifiserer til prosessingeniørjobbar innan mange ulike sektorar i prosessindustrien i Noreg, som til dømes olje- og gassindustri, kjemisk og metallurgisk prosessindustri, mekanisk prosessindustri.



---

# Profesjonsstudiar

---

## MAMN-FISK PROFESJONSSTUDIUM I FISKEHELSE

|                       |                     |
|-----------------------|---------------------|
| <b>Studieprogram:</b> | Fiskehelse          |
| <b>Grad:</b>          | Master i fiskehelse |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 300 SP              |
| <b>Omfang:</b>        | 5 år                |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust               |

### Mål og innhald

Fiskehelsestudiet har ei naturvitskapleg basis og profil. Studentane skal gjennom forskingsbasert undervisning lære om akvatiske organismars biologi, om patogene, og om innverknad av miljøfaktorar, dvs om forhold som kan medføre utvikling av sjukdom og skade. Studentane skal lære framtidretta og hensiktsmessige metodar for diagnostikk, samt gis ei grundig innsikt i førebygging og behandling av sjukdom og skader hos akvatiske organismar. Utdanninga innan fiskehelse skal dekke eit breitt spekter som omfattar virke innan havbruksnæringa, fiskehelsetenesta, forvaltning, samt utdannings- og forskingsinstitusjonar. Utdanninga skal særleg gi innsikt i akvatiske organismars biologi og interaksjonar mellom disse, patogene, og ytre miljøfaktorar. Vidare, skal utdanninga fjerne den primære fiskehelsetenesta og gi innsikt i organisering og lovverk knytte til oppdrett og sjukdom. Studiet skal bidra til å skjerpe studentanes etiske refleksjonar og bevisstheit om dyrehold og dyreforsøk, fremme respekt og forståing for biologiske forhold og gi innsikt i globale miljø- og helseperspektiv. Gjennom faglig fordjuping skal studentane utvikle sjølvstendig kritisk, vitskapelig tenking og bevisst tilnærming, tolking og framstilling av forskingsresultat. Programmet skal tilfredsstille de krav som settes til autorisasjon som fiskehelsebiolog, og det stilles derfor strenge krav til studiets innhald og de fleste element i studieplanen er derfor obligatorisk. Studentar som har oppnådd master i fiskehelse får den lovbeskytta tittelen Fiskehelsebiolog (Aquamedicine biologist), etter søknad til Mattilsynet. Fiskehelsebiolog er sidestilt med tittelen veterinær i norsk lovverk og kandidatar som har fått tildelt tittelen har same rettar som veterinærar når det gjeld å behandle sjukdom i havbruksnæringa. Tittelen gir avgrensa reseptrett.

### Forkunnskapskrav

Generell studiekompetanse med fordjuping fra videregående skole som tilsvarer: 2MX/2MY/3MZ + enten 3KJ eller 3FY eller 3MX eller 3BI (evt. 2KJ+3BT eller 2BI+3BT), eller realkompetanse

med ein kombinasjon av arbeidserfaring og utdanning som dekker fordjupningskravet fra videregående skole. Studenter i studieprogrammet bachelor i havbruk kan søke om overgang til masterstudiet i fiskehelse i løpet av siste del av bachelor-studiet. Det vil bli utarbeidet egne regler for en slik overgang.

### Oppbygging av studiet

Mastergradsprogrammet i fiskehelse er eit integrert 5-årig profesjonsstudium og skal innehalde 300 studiepoeng som både støtter opp om og gir fordjuping i fagfeltet, inklusive eit sjølvstendig vitskapelig arbeid (masteroppgåve) som utarbeidast under rettleiing.

Mastergraden i fiskehelse omfattar

- Eit sjølvstendig vitskapelig arbeid (masteroppgåve) på 60 eller 30 SP og
- Emne på til saman 240 eller 270 SP

Første del av studiet gir grunnleggande kunnskap frå relevante område innan allmenn kjemi, biologi, mikrobiologi, biokjemi/molekylærbiologi, matematikk, og dessutan fiskebiologi og kunnskap om det marine økosystemet. Vidare gis det faglig spesialisering innan havbruksbiologi med innføring i Emne som havbruksbiologi, ernæring hos fisk, og fiskefysiologi. spesialiseringa hald fram med ein praksisperiode i havbruksnæringa, lovverk og forvaltning, etikk og velferd hos akvatiske organisme samt bakteriologi.

Siste 2 år av studiet gir fagleg fordjuping i alle aspekt knytte til helse og sjukdom (virus, bakteriar, sopp og parasitter) hos akvatiske organismar med vekt på førebyggjande tiltak, diagnostikk og behandling.

I tillegg skal studenten skrive eit sjølvstendig vitskapelig arbeid (masteroppgåve) på enten 30 eller 60 studiepoeng.

Integrert i emneundervisninga gis ei innføring i skrivning av ei mastergradsoppgåve, og i den praktiske (laboratoriearbeid) delen av 60 SP forskingsoppgåver inngår vidare opplæring i prøvetaking, metodikk og rutinar for førebygging, diagnostisering og behandling av akvatiske organismar.



## Tilrådd studieplan

| 10. V | Oppgåve          |   |                              |
|-------|------------------|---|------------------------------|
| 9. H  | Oppgåve/<br>Val* | Oppgåve/<br>Semesteroppgåve<br>(15 SP)* | Oppgåve/<br>Val*             |
| 8. V  | MAR271           | MAR274                                  | MAR370 (5SP)<br>MAR371 (5SP) |
| 7. H  | MAR273           | MAR270                                  | BIO381                       |
| 6. V  | MAR272           | MAR251                                  | MAR252                       |
| 5. H  | BIO291           | MAR250                                  | MAR253                       |
| 4. V  | BIO280           | BIO201                                  | BIO202                       |
| 3. H  | STAT101/<br>Val  | BIO113                                  | BIO114                       |
| 2. V  | MOL100           | Val                                     | BIO111                       |
| 1. H  | Ex phil          | MAT101/MAT111                           | KJEM110                      |

\*Masteroppgåva er på 30 eller 60 SP. For 60 SP oppgåve, tar studentane ikkje valemne og semesteroppgåve. For 30 SP oppgåve, tar studentane semesteroppgåve, samt valfrie emne på 15 SP.

### Tilrådde valemne

Innføring i evolusjon og økologi (BIO110),  
Elementær statistikk (STAT101),  
Næringsmiddelmikrobiologi (MAR255),  
Eksperimentell molekylærbiologi (MOL202).  
Inntil 10 studiepoeng på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelorgraden.

### Tilrådd utanlandsopphald

Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtalar, både i og utenfor Europa. På masterprogram i fiskehelse vel vi i tillegg ut særskilde samarbeidsuniversitet for å finne det fagtilbudet som er best for våre studenter. På den måten får du tilbod om eit tilrettelagt utanlandsopphald som blir integrert i graden.

### Kontaktinformasjon

Studieveileder ved Institutt for biologi. E-post: studie@bio.uib.no

### Yrkesveggar

Gjennomført masterprogram i fiskehelse gir den lovbeskyttede tittelen Fiskehelsebiolog (Aquamedicine biologist), etter søknad til Statens dyrehelsetilsyn. Fiskehelsebiolog er sidestilt med tittelen veterinær i norsk lovverk og kandidater som har fått tildelt tittelen har samme rettigheter som veterinærer når det gjeld å behandle sykdom i havbruksnæringen.

Utdanningen kvalifiserer for arbeid i havbruksnæringen, fiskehelsetjenesten, forvaltning og institusjoner innen utdanning og forskning.

---

# Integrert lærarutdanning

---

## MAMN-4LÆRE INTEGRERT ADJUNKTUTDANNING I MATEMATIKK OG NATURFAG

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Studieprogram:</b> | Integrert adjunktutdanning i matematikk og naturfag (4-årig) |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 240 SP   |
| <b>Omfang:</b>        | 4 år   |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust  |

### Mål og innhald

Den integrerte lærarutdanninga utgjer eit profesjonsstudium som utdannar lærarar for mellomtrinnet og ungdomstrinnet i grunnskulen og for den vidaregåande skulen. Utdanninga kombinerer praktisk-pedagogisk opplæring med god fagkunnskap i minst to universitetsfag.

Studiet skal gi eit solid grunnlag i dei respektive vitskapsfaga med vekt på fagleg forståing, problemløysing og forståing for metodar og tenkjemåtar i faga. Vidare skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, gi kunnskap om skulefaga og fremje dugleikar for praktisk yrkesutøving. Studiet skal dessutan gi ei grunnleggjande forståing av vitskapsfaga og skulefaga i ein samfunnsmessig og kulturell samanheng.

Studiet skal gi vitskaplege funderte kunnskapar og evner i matematikk og naturvitskap. Undervisninga er forskningsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faga, så vel som faga sine metodar. Det vert lagt vekt på analytisk tenking, teoretisk og praktisk problemløysing, trening i skriftleg og munnleg presentasjon og tilrettelegging for læring. Studiet skal utdanne lærarar som er ansvarlege og kompetente til å ta medansvar for elevs læring og utvikling. I studiet vert det lagt vekt på å utvikle kompetanse til vidare fagleg og profesjonell utvikling. Såleis er det eit mål å fremje kritisk refleksjon og samtalekulturar kring fag, undervisning og læring.

Adjunktutdanninga med matematikk og naturfag har ei sterk matematikk- og naturfagsutdanning som basis og gjev grunnlag for undervisningskompetanse i matematikk og naturfag i ungdomsskulen. I tillegg gjev den moglegheit for å bygge vidare med ei fagleg spesialisering, eller eit tredje skulefag på topp.

### Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse.

Politiattest (jfr. forskrift ved opptak til høgare utdanning, § 2 og §§ 6-10).

I tillegg må studenten ha 2MX/2MY/3MZ + 3MX/3FY/3KJ/3BI/(2KJ+3BT)/(2BI+3BT).

### Tilrådde forkunnskapar

For å kunne gjennomføre utdanninga på normert tid bør studenten ha full fordjuping frå vidaregåande skule i dei faga ein ønskjer å spesialisere seg i. Viss ein ønskjer å skaffe seg grunnlag for undervisningskompetanse i matematikk i vidaregåande skule, bør ein ha 3MX.

### Læringsutbytte/resultat

#### A) Fagleg kunnskap

- Studenten skal ha tileigna seg den fagkunnskapen som gjeld for dei respektive universitetsfaga, og kunne arbeide med fagkunnskapen på ein sjølvstendig måte.
- Studenten skal kunne demonstrere faglig innsikt og kunne anvende fagkunnskapar i arbeid med faglige oppgåver.
- Studenten skal ha utvikla ei sjølvstendig og kritisk haldning til innhaldet i faga og til den rolla faga spelar i skulen og samfunnet.
- Studenten skal kunne setje sentrale styringsdokument for faga i ein historisk og ideologisk samanheng.
- Studenten skal kunne gjere greie for og drøfte grunnlagsspørsmål og teoriar i pedagogikk og fagdidaktikk, og bruke det som grunnlag for kritisk refleksjon over egen undervisningspraksis og tilrettelegging for elevs læring.

#### B) Tilrettelegging for elevs læring i faga

- Studenten skal kunne bruke faget og undervise i det, ut frå fagleg spesifikke tenkjemåtar, arbeidsmåtar og tekstformer.
- Studenten skal kunne bruke fagleg innsikt i samtale og samarbeid med elevs, kollegaer og foreldre.

- Studenten skal kunne demonstrere fenomen i naturen samt praktisk bruk av matematikk, og leggje til rette for elevers læring gjennom praktisk observasjon og eksperimentering.
- Studenten skal kunne fremme elevers kompetanse til å sjå korleis prinsipp og tenkjemåtar i faget kan nyttast i møte med fagrelaterte utfordringar i samfunnet og ved deltaking i demokratiske prosesser.
- Studenten skal kunne leggje til rette for tilpassa undervisning for den enkelte elev og ulike skuleslag gjennom eit breitt spekter av framgangsmåtar.
- Studenten skal kunne gjennomføre og leggje til rette for faglege dialogar med elevane, individuelt og i grupper, om observasjonar og fenomen i naturen og om fagets omgrep og teoriar gjennom bruk av konkretiseringar og ulike forenklingsnivå.
- Studenten skal kunne utvikle elevars innsikt i og evne til å ta hand om eiga læring.
- Studenten skal kunne møte utfordringar knytte til den fleirkulturelle og fleirspråklege skulen.
- Studenten skal kunne drøfte utfordringar knytt til vurdering for og av læring generelt og særskilt i eigne fag.
- Studenten skal kunne setje dei ulike delane innanfor fagemna saman, og sjå korleis emna heng saman med andre emne, samstundes som ein har auge for det mangfaldet som fagemna spenner over.

### C) Profesjonskompetanse

- Studenten skal ha forståing for den rolla faget og skulen spelar for samfunnet som heilskap.
- Studenten skal kunne vise etisk yrkesutøving overfor elevar og ulike samarbeidspartnarar, og ha medvit om lærarens og skulens rolle.
- Studenten skal kunne bidra til eit godt læringsmiljø gjennom demokratiske læringsfellesskap.
- Studenten skal kunne være ein tydelig leiar og i tillegg til kunnskapsformidling beherske dei ulike arbeidsoppgåver som elles ligg til lærarprofesjonen.
- Studenten skal ha kjennskap til og kunne vurdere organiseringsmåtar og styringsformer i skulen.

- Studenten skal ha utvikla kunnskap og innsikt som gjer ein i stand til å utvikle seg vidare som lærar.
- Studenten skal kunne vurdere samt gjennomføre undersøkingar knytt til elevars læring og utvikling og kommunisere resultat munnleg og skriftleg.
- Studenten skal kunne fremme miljømedvit, naturglede og respekt for naturens tålegrensar.

### Obligatoriske emne og spesialisering

I programmet inngår obligatoriske emne i fag, fagdidaktikk og pedagogikk. Desse emna er spesifiserte nedanfor.

Alle studentar må gjennomføre et obligatorisk lab-sikringskurs før første praksisperiode kor studenten skal stå for undervisning.

Når det gjeld praksis, er det obligatorisk med 15 dagars skuleerfaring fordelt på tre semester og undervisningspraksis samansett av om lag 120 timar undervisning fordelt på to semester. Både skuleerfaring og undervisningspraksis er knytt til emne som inngår i programmet. For nærmare informasjon, sjå emneplan for praksis.

Før avslutta studium skal studenten foreta ein munnleg presentasjon der studenten drøfter ei sjølvvalt problemstilling knytt til skole og læring i eit fag, inkludert studentens eiga grunngevnne ståstad.

Obligatoriske emne:

- MAT101 eller MAT111, MAT121, STAT110, BIO110, MOL100, PHYS101, PHYS102, KJEM110, og et av emna KJEM100/120/130 (NB. For studentar tatt opp H07 eller seinare vil det bli obligatorisk med to matematikkemner til)
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- RDID100, NATDID201, NATDID202, MATDID200
- Ex.phil, prosjektemne i vitskapsteori, teknologi og forskingslære

| År | Sem |               |         |                      |              | <b>Praksis</b>                                 |
|----|-----|---------------|---------|----------------------|--------------|--|
| 4V | 8   | NATDID<br>202 | PEDA114 | Val                  | Val          | 5 veker<br>tilpasset                           |
| 4H | 7   | MATDID200     |         | PEDA113              | Prosjektemne | 7 veker  |
| 3V | 6   | Val           |         | Val                  | Val          |  |
| 3H | 5   | NATDID<br>201 | PEDA112 | Val                  | STAT110      | 5 dagar (knytt<br>til NATDID201<br>og PEDA112) |
| 2V | 4   | PHYS102       |         | KJEM110*/<br>KJEM130 | MOL100       |  |
| 2H | 3   | RDID100       |         | PHYS101              | KJEM100*/110 | 5 dagar (knytt<br>til RDID100)                 |
| 1V | 2   | BIO110        |         | MAT121               | Val          |  |
| 1H | 1   | PEDA111       |         | Ex.phil              | MAT101/111   | 5 dagar(knytt<br>til PEDA111)                  |

\* forkunnskapar mindre enn 3KJ

For studentar på kull04 og kull05 gjelder krava til obligatoriske emne, oppbygging og rekkefølge som er omtalt i den førre studieplanen. Sjå informasjon på Mi side.

#### Tilrådde valemne

- Ved å velje emne i geologi, geofysikk, biologi, fysikk, kjemi, molekylærbiologi, geografi og liknande, i tillegg til dei obligatoriske 60 studiepoenga, aukar du kunnskapane dine for undervisning av naturfag i grunnskulen.
- Ved å velja 30 studiepoeng matematikk i tillegg, får du grunnlag for undervisningskompetanse i programfaget matematikk i den vidaregåande skulen.
- Ved å velja 40 studiepoeng i kjemi, biologi eller fysikk oppnår du grunnlag for undervisningskompetanse i programfaget kjemi samt skulefaget naturfag i den vidaregåande skulen. (For å oppnå grunnlag for undervisningskompetanse i biologi i vidaregåande skule, må studiet utvidast med eit semester.)
- Ved å velja 30 studiepoeng i tillegg i fysikk, kjemi og biologi til saman får du grunnlag for undervisningskompetanse i skulefaget naturfag (INA) i den vidaregåande skulen.
- Ved å velje fagkombinasjonar frå andre fakultet kan du oppnå grunnlag for undervisningskompetanse på ungdomstrinnet i eit tredje skulefag.

For kva emne som legg grunnlag for undervisningskompetanse i dei ulike faga, sjå fakultetets tilrådingar i starten av Studiehandboka.

#### Yrkesveggar

Fullført og greidd studium medfører sertifisering som lærar. Utdanninga kvalifiserer først og fremst for undervisningsarbeid med undervisningsstilling som adjunkt i skulen.

#### Delstudium i utlandet

Studentane vert oppmoda om å ta delar av studiet i utlandet. Utanlandsopphald vert avtalt og lagt til rette i samarbeid med dei fagleg ansvarlege institutta.

Kva semester som er egna for utanlandsopphald avhenger av studieretning. På alle syv studieretningar er det mogeleg å ha utanlandsopphald eit semester med emne i vitskapsfaga. Det er også mulig å gjennomføre praksisperioden i 7. semester utanlands. Universitetet i Bergen har ein avtale om slik utveksling med University of Western Cape, Sør-Afrika.

#### Kontaktinformasjon

Studiekonsulent Marianne Jensen, Matematisk Institutt.  
E-post: studieveileder.laerer@mnfa.uib.no

## MAMN-LÆRE INTEGRERT LEKTORUTDANNING MED MASTER I NATURVITSKAP ELLER MATEMATIKK

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Studieprogram:</b> | Integrert lektorutdanning med master i naturvitenskap eller matematikk          |
| <b>Grad:</b>          | Master i naturvitenskap og matematikk – integrert praktisk-pedagogisk utdanning |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 300 SP  |
| <b>Omfang:</b>        | 5 år  |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust   |

### Mål og innhald

Lektorutdanninga med master i naturvitenskap er ei femårig integrert lærarutdanning (300 studiepoeng). Utdanninga er ei lektorutdanning som fører fram til graden master i naturvitenskap og matematikk - integrert praktisk-pedagogisk utdanning. Den integrerte lektorutdanninga utgjer eit profesjonsstudium som utdannar lærarar for mellomtrinnet og ungdomstrinnet i grunnskulen og for den vidaregåande skulen. Utdanninga kombinerer praktisk-pedagogisk opplæring med solid fagkunnskap i minst to universitetsfag.

Studiet skal gi eit solid grunnlag i dei respektive vitenskapsfaga med vekt på fagleg forståing, problemløysing og forståing for metodar og tenkjemåtar i faga. Vidare skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, gi kunnskap om skulefaga og fremje dugleikar for praktisk yrkesutøving. Studiet skal dessutan gi ei grunnleggjande forståing av vitenskapsfaga og skulefaga i ein samfunnsmessig og kulturell samanheng. Studiet skal gi vitenskaplege funderte kunnskapar og evner i det faget studenten tek mastergrad i. Det skal gi ei god innføring i vitenskaplege arbeidsmåtar og forskingsmetodar, og trening i sjølvstendig arbeide med omfattande og krevjande faglege oppgåver. Undervisninga er forskingsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faga, så vel som faga sine metodar. Det vert lagt vekt på analytisk tenking, teoretisk og praktisk problemløysing, trening i skriftleg og munnleg presentasjon og tilrettelegging for læring.

Studiet skal utdanne lærarar som er ansvarlege og kompetente til å ta medansvar for elevs læring og utvikling. I studiet vert det lagt vekt på å utvikle kompetanse til vidare fagleg og profesjonell utvikling. Såleis er det eit mål å fremje kritisk refleksjon og samtalekulturar kring fag, undervisning og læring.

I lektorutdanninga med master i naturvitenskap vel studenten ei av syv studieretningar. Alle studieretningane gir studenten grunnlag for undervisningskompetanse i to programfag i vidaregåande skule. De fleste studieretningane gir

også grunnlag for undervisningskompetanse i fellesfaget naturfag i vidaregåande skole. Utdanninga avsluttes med ei masteroppgåve i matematikk, fysikk, kjemi eller biologi avhengig av studieretning.

### Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. Politiattest (jfr. forskrift ved opptak til høgare utdanning, § 2 og §§ 6-10).

I tillegg må studenten ha 2MX/2MY/3MZ + 3MX/3FY/3KJ/3BI/(2KJ+3BT)/(2BI+3BT).

### Tilrådde forkunnskapar

For å kunne gjennomføre utdanninga på normert tid bør studenten ha full fordjuping frå vidaregåande skule i dei to sentrale faga som inngår i studieretninga.

### Læringsutbytte/resultat

#### A) Fagleg kunnskap

- Studenten skal ha tileigna seg den fagkunnskapen som gjeld for dei respektive universitetsfaga, og kunne arbeide med fagkunnskapen på ein sjølvstendig måte.
- Studenten skal kunne arbeide sjølvstendig med relativt omfattande og krevjande faglege oppgåver.
- Studenten skal ha utvikla ei sjølvstendig og kritisk haldning til innhaldet i faga og til den rolla faga spelar i skulen og samfunnet.
- Studenten skal kunne setje sentrale styringsdokument for faga i ein historisk og ideologisk samanheng.
- Studenten skal kunne gjere greie for og drøfte grunnlagsspørsmål og teoriar i pedagogikk og fagdidaktikk, og bruke det som grunnlag for kritisk refleksjon over egen undervisningspraksis og tilrettelegging for elevs læring.

*B) Tilrettelegging for elevares læring i faga*

- Studenten skal kunne bruke faget og undervise i det, ut frå fagleg spesifikke tenkjemåtar, arbeidsmåtar og tekstformer.
- Studenten skal kunne bruke fagleg innsikt i samtale og samarbeid med elevar, kollegaer og foreldre.
- Studenten skal kunne demonstrere fenomen i naturen samt praktisk bruk av matematikk, og leggje til rette for elevares læring gjennom praktisk observasjon og eksperimentering.
- Studenten skal kunne fremme elevares kompetanse til å sjå korleis prinsipp og tenkjemåtar i faget kan nyttast i møte med fagrelaterte utfordringar i samfunnet og ved deltaking i demokratiske prosesser.
- Studenten skal kunne leggje til rette for tilpassa undervisning for den enkelte elev og ulike skuleslag gjennom eit breitt spekter av framgangsmåtar.
- Studenten skal kunne gjennomføre og leggje til rette for faglege dialogar med elevane, individuelt og i grupper, om observasjonar og fenomen i naturen og om fagets omgrep og teoriar gjennom bruk av konkretiseringar og ulike forenklingsnivå.
- Studenten skal kunne utvikle elevares innsikt i og evne til å ta hand om eiga læring.
- Studenten skal kunne møte utfordringar knytte til den fleirkulturelle og fleirspråklege skulen.
- Studenten skal kunne drøfte utfordringar knytt til vurdering for og av læring generelt og særskilt i egne fag.
- Studenten skal kunne setje dei ulike delane innanfor fagemna saman, og sjå korleis emna heng saman med andre emne, samstundes som ein har auge for det mangfaldet som fagemna spenner over.

*C) Profesjonskompetanse*

- Studenten skal ha forståing for den rolla faget og skulen spelar for samfunnet som heilskap.
- Studenten skal kunne vise etisk yrkesutøving overfor elevar og ulike samarbeidspartnarar, og ha medvit om lærarens og skulens rolle.
- Studenten skal kunne bidra til eit godt læringsmiljø gjennom demokratiske læringsfellesskap.

- Studenten skal kunne være ein tydelig leiar og i tillegg til kunnskapsformidling beherske dei ulike arbeidsoppgåver som elles ligg til lærarprofesjonen.
- Studenten skal ha kjennskap til og kunne vurdere organiseringsmåtar og styringsformer i skulen.
- Studenten skal ha utvikla kunnskap og innsikt som gjer ein i stand til å utvikle seg vidare som lærar.
- Studenten skal kunne vurdere samt gjennomføre undersøkingar knytt til elevares læring og utvikling og kommunisere resultat munnleg og skriftleg.
- Studenten skal kunne fremme miljømedvit, naturglede og respekt for naturens tålegrensar.

**Obligatoriske emne og spesialisering**

I programmet inngår obligatoriske emne i fag, fagdidaktikk og pedagogikk. Desse emna er spesifiserte nedanfor.

Studenten vel studieretning i starten av 2. semester. Kva emne i fag og fagdidaktikk som er obligatoriske avhenger av kva studieretning som er valt. Sjå nedanfor. Alle studentar må gjennomføre et obligatorisk lab-sikringskurs før første praksisperiode kor studenten skal stå for undervisning.

Når det gjeld praksis, er det obligatorisk med 15 dagars skuleerfaring fordelt på tre semester og undervisningspraksis samansett av om lag 120 timar undervisning fordelt på to semester. Både skuleerfaring og undervisningspraksis er knytt til emne som inngår i programmet. For nærmare informasjon, sjå emneplan for praksis.

Studiet avsluttes med ei 30 studiepoengs masteroppgåve. Dette kan vere ei oppgåve med skoleretta eller reint fagleg profil. I enkelte av studieretningane kan det også veljast ei fagdidaktisk oppgåve. Før avslutta studium skal studenten foreta ein munnleg presentasjon der studenten drøfter ei sjølvvalt problemstilling knytt til skole og læring i eit fag, inkludert studentens eiga grunngjevne ståstad. Presentasjonen kan vere knytt til studentens masteroppgåve.

## Studieretningar:

### 1. Fysikk og matematikk, med masteroppgåve i fysikk eller matematikk

Følgjande emne er obligatoriske:

- MAT111, MAT121, MAT112, MAT131, MAT160, MAT212, STAT110, PHYS110, PHYS111, PHYS112, PHYS113, PHYS114, PHYS115, GEOF120/130, INF100
- RDID100, NATDID201, MATDID200, PHYSDID200
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- Ex.phil, prosjektemne i Vitskapsteori, teknologi og forskingslære

I tillegg må det veljast to PHYS- eller MAT-emne avhengig av kva fag ein skal ta masteroppgåva i. Studenten kan velje ei masteroppgåve med skoleretta eller reint fagleg profil. Det kan også veljast ei fagdidaktisk masteroppgåve. I så tilfelle tilrådest det at studenten tar 10 studiepoeng emne/spesialpensum knytt til metodar eller forskingsfelt i fagdidaktikk.

| År | Sem | Masteroppgåve i fysikk eller matematikk |         |             |              | Praksis                                  |
|----|-----|---|---------|-------------|--------------|--|
| 5V | 10  | Masteroppgåve i fysikk eller matematikk |         |             |              |  |
| 5H | 9   | MAT160                                  |         | PHYS115     | PHYSXXX/Val  |  |
| 4V | 8   | PHYSDID200                              | PEDA114 | Val         | PHYS/MATXXX  | 5 veker tilpasset                        |
| 4H | 7   | MATDID200                               |         | PEDA113     | Prosjektemne | 7 veker                                  |
| 3V | 6   | PHYS/MATXXX                             |         | GEOF120/130 | INF100       |  |
| 3H | 5   | NATDID201                               | PEDA112 | PHYS110     | STAT110      | 5 dagar (knytt til NATDID201 og PEDA112) |
| 2V | 4   | PHYS112                                 |         | PHYS113     | PHYS114      |  |
| 2H | 3   | RDID100                                 |         | MAT212      | PHYS111      | 5 dagar (knytt til RDID100)              |
| 1V | 2   | MAT131                                  |         | MAT112      | MAT121       |  |
| 1H | 1   | PEDA111                                 |         | Ex.phil     | MAT111       | 5 dagar (knytt til PEDA111)              |

### 2. Fysikk, matematikk og naturfag, med masteroppgåve i fysikk

Følgjande emne er obligatoriske:

- MAT111, MAT121, MAT112, MAT131, MAT212, STAT110, PHYS101, PHYS102, PHYS114, PHYS115, BIO110, MOL100, KJEM110, KJEM100/130
- RDID100, NATDID201, MATDID200, PHYSDID200
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- Ex.phil, prosjektemne i Vitskapsteori, teknologi og forskingslære

I tillegg må det veljast fem PHYS-emne. Studenten kan velje ei masteroppgåve med skoleretta eller reint fagleg profil.

| År | Sem | Masteroppgåve i fysikk |         |              |              | Praksis                                  |
|----|-----|------------------------|---------|--------------|--------------|--|
| 5V | 10  | Masteroppgåve i fysikk |         |              |              |  |
| 5H | 9   | PHYSXXX                |         | PHYSXXX      | STAT110      |  |
| 4V | 8   | PHYSDID200             | PEDA114 | PHYSXXX      | PHYSXXX      | 5 veker tilpasset                        |
| 4H | 7   | MATDID200              |         | PEDA113      | Prosjektemne | 7 veker                                  |
| 3V | 6   | KJEM110*/130           |         | PHYS114      | PHYSXXX      |  |
| 3H | 5   | NATDID201              | PEDA112 | KJEM100*/110 | PHYS115      | 5 dagar (knytt til NATDID201 og PEDA112) |
| 2V | 4   | PHYS102                |         | MOL100       | MAT131       |  |
| 2H | 3   | RDID100                |         | MAT212       | PHYS101      | 5 dagar (knytt til RDID100)              |
| 1V | 2   | BIO110                 |         | MAT112       | MAT121       |  |
| 1H | 1   | PEDA111                |         | Ex.phil      | MAT111       | 5 dagar (knytt til PEDA111)              |

\* forkunnskapar i kjemi mindre enn 3KJ



### 3. Matematikk, naturfag og eitt realfag til, med masteroppgåve i matematikk

Følgjande emne er obligatoriske:

- MAT111, MAT121, MAT112, MAT131, MAT212, STAT110, PHYS101, PHYS102, BIO110, MOL100, KJEM110, KJEM100/130
- RDID100, NATDID201, MATDID200, og eit av emna PHYSDID200, KJEMDID200, BIODID200
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- Ex.phil, prosjektemne i Vitskapsteori, teknologi og forskingslære

I tillegg må det veljast tre MAT-emne. Det må også veljast fire emne i linjefaget. For kva emne som gir grunnlag for undervisningskompetanse i dei ulike faga, sjå fakultetets tilrådingar i starten av Studiehandboka.

Studenten kan velje ei masteroppgåve med skoleretta eller reint fagleg profil.

| År | Sem | Masteroppgåve i matematikk |         |          |              | Praksis  |
|----|-----|----------------------------|---------|----------|--------------|--|
| 5V | 10  | Masteroppgåve i matematikk |         |          |              |  |
| 5H | 9   | MATXXX                     |         | MATXXX   | Linjefag     |  |
| 4V | 8   | PHYS/KJEM/<br>BIODID200    | PEDA114 | MATXXX   | Linjefag     | 5 veker tilpasset                              |
| 4H | 7   | MATDID200                  |         | PEDA113  | Prosjektemne | 7 veker  |
| 3V | 6   | MAT131                     |         | Linjefag | Linjefag     |  |
| 3H | 5   | NATDID201                  | PEDA112 | MAT212   | STAT110      | 5 dagar (knytt til<br>NATDID201 og<br>PEDA112) |
| 2V | 4   | PHYS102                    |         | MOL100   | KJEM110*/130 |  |
| 2H | 3   | RDID100                    |         | PHYS101  | KJEM100*/110 | 5 dagar (knytt til<br>RDID100)                 |
| 1V | 2   | BIO110                     |         | MAT112   | MAT121       |  |
| 1H | 1   | PEDA111                    |         | Ex.phil  | MAT111       | 5 dagar (knytt til<br>PEDA111)                 |

\* forkunnskapar i kjemi mindre enn 3KJ

### 4. Kjemi, biologi og naturfag, med masteroppgåve i kjemi

Følgjande emne er obligatoriske:

- MAT101/111, KJEM110, KJEM120, KJEM122, KJEM130, KJEM131, KJEM210, KJEM212/250, PHYS101, PHYS102, BIO110, BIO111, BIO112/201, BIO113, BIO114, MOL100
- RDID100, NATDID201, NATDID202, BIODID200, KJEMDID200
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- Ex.phil, prosjektemne i Vitskapsteori, teknologi og forskingslære

I tillegg må det veljast to KJEM-emne. Studenten kan velje ei masteroppgåve med skoleretta eller reint fagleg profil. Det kan også veljast ei fagdidaktisk masteroppgåve. I så tilfelle tilrådest det at studenten tar 10 studiepoeng emne/spesialpensum knytt til metodar eller forskingsfelt i fagdidaktikk.

| År | Sem | Masteroppgåve i kjemi |           |             |                     | Praksis  |
|----|-----|-----------------------|-----------|-------------|---------------------|--|
| 5V | 10  | Masteroppgåve i kjemi |           |             |                     |  |
| 5H | 9   | KJEMXXX               |           | BIO113      | BIO114              |  |
| 4V | 8   | KJEMDID200            | PEDA114   | KJEM212/250 | BIO201*/Val         | 5 veker tilpasset                              |
| 4H | 7   | BIODID200             | NATDID202 | PEDA113     | Prosjektemne        | 7 veker  |
| 3V | 6   | KJEM122               |           | KJEMXXX     | KJEM131             |  |
| 3H | 5   | NATDID201             | PEDA112   | KJEM120     | KJEM210             | 5 dagar (knytt til<br>NATDID201 og<br>PEDA112) |
| 2V | 4   | KJEM110               |           | KJEM130     | PHYS102             |  |
| 2H | 3   | RDID100               |           | PHYS101     | KJEM100*/BIO11<br>2 | 5 dagar (knytt til<br>RDID100)                 |
| 1V | 2   | BIO110                |           | MOL100      | BIO111              |  |
| 1H | 1   | PEDA111               |           | Ex.phil     | MAT101/111          | 5 dagar (knytt til<br>PEDA111)                 |

\* forkunnskapar i kjemi mindre enn 3KJ



## 5. Biologi, kjemi og naturfag, med masteroppgåve i biologi

Følgjande emne er obligatoriske:

- MAT101/111, MOL100, KJEM110, KJEM120, KJEM130, KJEM131, KJEM100/MOL200, PHYS101, PHYS102, BIO110, BIO111, BIO112, BIO113, BIO114, BIO201, BIO202
- RDID100, NATDID201, NATDID202, BIODID200, KJEMDID200
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- Ex.phil, prosjektemne i Vitskapsteori, teknologi og forskingslære

I tillegg må det veljast eit BIO-emne. Studenten kan velje ei masteroppgåve med skoleretta eller reint fagleg profil. Det kan også veljast ei fagdidaktisk masteroppgåve. I så tilfelle tilrådest det at studenten tar 10 studiepoeng emne/spesialpensum knytt til metodar eller forskingsfelt i fagdidaktikk.

| År | Sem | Masteroppgåve i biologi |           |         |                 | Praksis                                  |
|----|-----|-------------------------|-----------|---------|-----------------|--|
| 5V | 10  | Masteroppgåve i biologi |           |         |                 |  |
| 5H | 9   | BIOXXX                  |           | KJEM120 | BIO114          |  |
| 4V | 8   | KJEMDID200              | PEDA114   | Val     | KJEM131         | 5 veker tilpasset                        |
| 4H | 7   | BIODID200               | NATDID202 | PEDA113 | Prosjektemne    | 7 veker                                  |
| 3V | 6   | BIO201                  |           | BIO202  | Val             |  |
| 3H | 5   | NATDID201               | PEDA112   | BIO113  | BIO112*/MOL200  | 5 dagar (knytt til NATDID201 og PEDA112) |
| 2V | 4   | KJEM110                 |           | KJEM130 | PHYS102         |  |
| 2H | 3   | RDID100                 |           | PHYS101 | KJEM100*/BIO112 | 5 dagar (knytt til RDID100)              |
| 1V | 2   | BIO110                  |           | MOL100  | BIO111          |  |
| 1H | 1   | PEDA111                 |           | Ex.phil | MAT101/111      | 5 dagar (knytt til PEDA111)              |

\* forkunnskapar i kjemi mindre enn 3KJ

## 6. Kjemi, matematikk og naturfag, med masteroppgåve i kjemi

Følgjande emne er obligatoriske:

- MAT111, MAT112, MAT121, STAT110, KJEM110, KJEM120, KJEM122, KJEM130, KJEM131, KJEM210, KJEM212/250, PHYS101, PHYS102, BIO110, MOL100
- RDID100, NATDID201, MATDID200, KJEMDID200
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- Ex.phil, prosjektemne i Vitskapsteori, teknologi og forskingslære

I tillegg må det veljast to KJEM-emne og to MAT/STAT-emne. Studenten kan velje ei masteroppgåve med skoleretta eller reint fagleg profil.

| År | Sem | Masteroppgåve i kjemi |         |         |                           | Praksis                                  |
|----|-----|-----------------------|---------|---------|---------------------------|--|
| 5V | 10  | Masteroppgåve i kjemi |         |         |                           |  |
| 5H | 9   | MAT/STATXXX           |         | KJEMXXX | KJEM210*/KJEMXXX          |  |
| 4V | 8   | KJEMDID200            | PEDA114 | PHYS102 | KJEM212 (ikkje *)/KJEM250 | 5 veker tilpasset                        |
| 4H | 7   | MATDID200             |         | PEDA113 | Prosjektemne              | 7 veker                                  |
| 3V | 6   | MAT/STATXXX           |         | KJEM122 | KJEM131                   |  |
| 3H | 5   | NATDID201             | PEDA112 | KJEM120 | STAT110*/KJEM210          | 5 dagar (knytt til NATDID201 og PEDA112) |
| 2V | 4   | KJEM110               |         | KJEM130 | MOL100                    |  |
| 2H | 3   | RDID100               |         | PHYS101 | KJEM100*/STAT110          | 5 dagar (knytt til RDID100)              |
| 1V | 2   | BIO110                |         | MAT112  | MAT121                    |  |
| 1H | 1   | PEDA111               |         | Ex.phil | MAT111                    | 5 dagar (knytt til PEDA111)              |

\* forkunnskapar i kjemi mindre enn 3KJ

## 7. Biologi, matematikk og naturfag, med masteroppgåve i biologi

Følgjande emne er obligatoriske:

- MAT111, MAT112, MAT121, STAT110, KJEM110, KJEM100/130, PHYS101, PHYS102, MOL100, BIO110, BIO111, BIO112, BIO113, BIO114, BIO201, BIO202
- RDID100, NATDID201, MATDID200, BIODID200
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- Ex.phil, prosjektemne i Vitskapsteori, teknologi og forskingslære

I tillegg må det veljast eit BIO-emne og to MAT/STAT-emne. Studenten kan velje ei masteroppgåve med skoleretta eller reint fagleg profil.

| År | Sem |                         |         |         | Praksis  |
|----|-----|-------------------------|---------|---------|--|
| 5V | 10  | Masteroppgåve i biologi |         |         |  |
| 5H | 9   | BIO114                  | STAT110 | BIOXXX  |  |
| 4V | 8   | BIODID200               | PEDA114 | BIO201  | BIO202   |
| 4H | 7   | MATDID200               |         | PEDA113 | Prosjektemne                                   |
| 3V | 6   | MATXXX                  |         | MATXXX  | KJEM110*/130                                   |
| 3H | 5   | NATDID201               | PEDA113 | BIO112  | BIO113   |
| 2V | 4   | PHYS102                 |         | BIO111  | MOL100   |
| 2H | 3   | RDID100                 |         | PHYS101 | KJEM100*/<br>KJEM110                           |
| 1V | 2   | BIO110                  |         | MAT121  | MAT112   |
| 1H | 1   | PEDA111                 |         | Ex.phil | MAT111   |
|    |     |                         |         |         | 5 veker tilpasset                              |
|    |     |                         |         |         | 7 veker  |
|    |     |                         |         |         | 5 dagar (knytt til<br>NATDID201 og<br>PEDA112) |
|    |     |                         |         |         | 5 dagar (knytt til<br>RDID100)                 |
|    |     |                         |         |         | 5 dagar (knytt til<br>PEDA111)                 |

\* forkunnskapar i kjemi mindre enn 3KJ

For studentar på kull04 og kull05 gjeld krava til obligatoriske emne, spesialisering, oppbygging og rekkjefølgje som er omtalt i den førre studieplanen. Sjå informasjon på Mi side.

### Yrkesveggar

Fullført og greidd studium medfører sertifisering som lærar. Utdanninga kvalifiserer først og fremst for undervisningsarbeid med undervisningsstilling som lektor i skulen.

### Delstudium i utlandet

Studentane vert oppmoda om å ta delar av studiet i utlandet. Utanlandsopphald vert avtalt og lagt til rette i samarbeid med dei fagleg ansvarlege institutta. Kva semester som er egna for utanlandsopphald avhenger av studieretning. På alle

syv studieretningar er det mogeleg å ha utanlandsopphald eit semester med emne i vitskapsfaga. Det er også mulig å gjennomføre praksisperioden i 7. semester utanlands. Universitetet i Bergen har ein avtale om slik utveksling med University of Western Cape, Sør-Afrika.

### Kontaktinformasjon

Studiekonsulent Marianne Jensen, Matematisk Institutt.  
E-post: studieveileder.laerer@mnfa.uib.no

---

# Masterprogram

---

## MASTERPROGRAM I BIOLOGI

---

### MAMN-AQFI Aquaculture and fisheries

---

|                         |  |
|-------------------------|--|
| <b>Masterprogramme:</b> | European masters in aquaculture and fisheries  |
| <b>Title:</b>           | Master of Science in Aquaculture and Fisheries |
| <b>Credits/ECTS:</b>    | 120 ECTS                                       |
| <b>Duration:</b>        | 2 years  |
| <b>Start:</b>           | Autumn and spring                              |

#### Contents/Objectives

A European Masters in Aquaculture and Fisheries programme starts in Autumn 2004.

The University College Cork (Ireland), University of Bergen (Norway), the Norwegian University of Science and Technology, Trondheim (Norway), Wageningen University (Netherlands), Universidade do Algarve (Portugal), Ghent University (Belgium) and the University of Warmia & Mazury in Olsztyn (Poland) are teaching and research institutions with international reputations in aquaculture and fisheries.

These universities share similar missions, academic interests and research foci. The consortium intends to start running a new European Master programme in Aquaculture and Fisheries in the academic year 2004-2005.

The new European Masters in Aquaculture and Fisheries programme will enable students to benefit from leading expertise in all fields of aquaculture and fisheries science due to the complementary expertise of the partner universities.

All partner universities carry out frontline research in extensive wet and dry laboratory facilities, thus training students in practical science with direct application to either the aquaculture industry or fundamental research. All partner universities have well-established cooperation with research institutes and the aquaculture industry (companies and farms).

**EU Masters in Aquaculture and Fisheries Degree**  
In order to obtain the European master degree documented by a diploma supplement the students have to study for a total of 120 ECTS (two periods of 60 ECTS). Students will follow a study programme of 90 ECTS at the home university (University of inscription) while 30 ECTS (recommended) must be obtained at one or more of the partner universities in order to qualify for the European Masters degree. The degree of Master is

already academically organised and recognised by all partner universities.

All participating universities offer complementary courses taught in English towards the European Masters in Aquaculture and Fisheries programme. Some topics include:

- Nutritional Biochemistry of Fish
- Fish reproduction: Physiology and cryopreservation of fish sperm
- Breeding in Salmonids, thymallids, and coregonids
- Cytogenetics in fish breeding
- Utilization of present and fossilized DNA materials in conservation of European fish fauna
- Larviculture and larval food production
- Management in the aquaculture industry
- Aquaculture Genetics
- Farm management training
- Molluscs and crustacean culture
- Aquaculture and the Environment
- Engineering in aquaculture
- Pathology and parasitology
- Modelling in Fisheries
- Conservation and management
- Ethics and welfare of aquatic organisms
- Animal behaviour modelling
- Fisheries management
- Population Genetic Methods in Aquatic Biology
- Ecology of resources and ecosystems

The aquaculture/fishery sector and research is turning multidisciplinary and is diversifying. It will become more and more difficult to train students efficiently and effectively in a single place. These partner universities are therefore also looking for a better collaboration with other research related universities and with aquaculture companies and farms having a specific research programme.

### **Degree Requirements**

In order to obtain the European Master degree documented by a diploma supplement the students have to study for a total of 120 ECTS (two periods of 60 ECTS). Students will follow a study programme of upto 90 ECTS at the home university (University of inscription) while a minimum of 30 ECTS must be obtained at one or more of the partner universities. The degree of Master is already academically organised and recognised by all partner universities.

### **Study programme**

The individual study program is developed in cooperation with the home supervisor.

### **Recommended study plan**

|            |               |               |               |
|------------|---------------|---------------|---------------|
| <b>4.S</b> | <b>Thesis</b> | <b>Thesis</b> | <b>Thesis</b> |
| <b>3.A</b> | <b>Course</b> | <b>Thesis</b> | <b>Thesis</b> |
| <b>2.S</b> | <b>Course</b> | <b>Course</b> | <b>Thesis</b> |
| <b>1.A</b> | <b>Course</b> | <b>Course</b> | <b>Course</b> |

### **Recommended external components**

The European Master in Aquaculture and Fisheries is a multilateral program and aimed under the ERASMUS WORLD program. Students must spend at least one semester with at least one participating partner university.

### **Admission requirements**

Prerequisites include a completed a Bachelor of Science (B Sciences) programme of minimum 3 years duration in aquaculture, biology, marine and

aquatic sciences, fishery sciences, agriculture, agronomy, veterinary medicine, or any related area from a recognized College or University, with a minimum grade point average of C (7/10). Each student will be screened on the eligibility by the responsible department of the home university. The candidate must be proficient in English and must prove their proficiency in English with a TOEFL certificate (575/232) or A IELTS certificate (6.5), or a certificate of a test equivalent to TOEFL, or the proof of having received education in English. The identity of two referees and their motivation to support the applicant, as described in their recommendation letters, will be important criteria. A short CV of the referees will be requested. The applicant is required to detail his/her reasons for pursuing the course in a separate document; in this letter he/she should describe his future plans, explaining the importance of the course programme in this regard. These motivation letters will be important criteria in the selection by the home university.

### **Link for further information**

<http://www.maqfish.com/publicpage/news.php>

### **Department responsible for the programme**

At Univ. of Bergen: Department of Biology

### **Job possibilities**

Doctoral studies, junior scientist, junior researcher at research institutions or large companies, resource management, production manager of fish farm, position in feed industry and feed development, teacher, etc.

## MAMN-BIOCE Celle- og utviklingsbiologi

---

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Biologi  |
| <b>Studieretning:</b> | Celle- og utviklingsbiologi                    |
| <b>Grad:</b>          | Master i biologi - celle- og utviklingsbiologi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år   |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår.                                  |

### Mål og innhald

Målet med programmet er å gi deg innsikt i og oversikt over fagområdet celle- og utviklingsbiologi ut frå ei fysiologisk og anatomisk tilnærming. I løpet av programmet vil du blant anna tileigne deg solid erfaring med bruk av generell cellebiologisk metodikk, som også kan brukast innan all annan eksperimentell biologi. Faggruppa disponerer godt utstyrte laboratorium og legg vekt på god oppfølging. Den sjølvstendige oppgåva vil vere knytt til pågåande forskingsprosjekt som spenner over eit breitt spekter frå grunnforskning til målretta praktiske prosjekt. Gjennom programmet vil du få opplæring i å gjennomføre ei sjølvstendig vitskapleg oppgåve.

### Fagleg profil

Moglege masteroppgåver kan omhandle zoologisk anatomi, celle- og utviklingsbiologi og zoologisk fysiologi. Problemstillingar innan anatomi ligg innanfor embryologi, komparativ og/eller funksjonell anatomi eller histopatologi. Oppgåver i celle- og utviklingsbiologi kan veljast innan morfologisk, zoofysiologisk eller biokjemisk/molekylærbiologisk retning. Oppgåver i fysiologi kan omhandle osmo- og ioneregulering, energimetabolisme, aminosyreomsetning og respiratorisk gassutveksling. Eit aktuelt forskingsfelt er fiskelarvefysiologi.

### Opptaksgrunnlag

Bachelor i Biologi, Akvakultur, Molekylærbiologi eller tilsvarande. studantar med bachelorgrad frå andre realfagsdisiplinar kan i særlege tilfeller vurderast dersom studentens biologisk bakgrunn vurderast som tilfredsstillende i forhold til den aktuelle masteroppgåve.

### Oppbygging av studiet

Mastergraden i biologi, studieretning celle- og utviklingsbiologi omfattar:

- Eit sjølvstendig vitskapelig arbeid (masteroppgåve) på normalt 60 SP, men det kan også gis oppgåve på 30 SP.
- Emne eller spesialpensum på til saman 60 SP med følgjande oppsett:
  - 40 SP obligatoriske emne som skal inngå i graden: BIO 300, BIO270, BIO305, BIO370
  - 10 SP skal velgast blant følgjande emne: BIO280, BIO291, BIO380, BIO381
  - 10 SP med emne valt i samarbeid med rettleiar.

Dersom ein vel ei masteroppgåve på 30 SP skal man ta totalt 90 SP med emne i mastergraden.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>BIO305</b>  | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>BIO370</b>  | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>BIO300</b>  | <b>BIO270</b>  | <b>Val</b>     |

### Kontaktinformasjon

Studieveileder ved Institutt for biologi  
E-post: studie@bio.uib.no

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor forskning, offentleg forvaltning, miljøvern, skoleverk, havbruk og legemiddelindustri.

## MAMN-BIODI Biodiversitet, evolusjon og økologi

---

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Biologi  |
| <b>Studieretning:</b> | Biodiversitet, evolusjon og økologi                    |
| <b>Grad:</b>          | Master i biologi - biodiversitet, evolusjon og økologi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år   |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår.  |

### Mål og innhald

Studieprogrammet skal gi studentane ei bred innføring i økologisk, evolusjonær eller systematisk forskning. Programmet gir undervisning i tema som omhandlar skalaen frå enkeltindivid til biogeografimønstre, og studentane kan fordjupe seg i både teoretiske og anvendte problemstillingar. Gjennom val av emne og det sjølvstendige arbeidet skal studentane opparbeide seg spesialkompetanse. I arbeidet med mastergradsoppgåva skal studentane få trening i vitenskapelig arbeidsmetodikk. Etter endt studie skal kandidatane ha fått innsikt i kunnskapsproduksjon og ha utviklet evna til kritisk tenking basert på faglig funderte kunnskapar.

### Fagleg profil

Moglege masteroppgåver kan bli gitt innan botanikk og zoologi med spesialiseringar og problemstillingar innan åtferdsøkologi, biodiversitet, biogeografi, evolusjonshistorie, kvantitativ økologi, landskapsøkologi, palaeoøkologi, parasittologi, populasjonsbiologi, systematikk, vegetasjonshistorie og pollenanalyse.

### Opptaksgrunnlag

Opptakskrav er bachelorgrad i biologi eller tilsvarende utdanning. Anna bakgrunn vil kunne bli vurdert som tilstrekkelig for opptak avhengig av spesialisering studenten vel.

### Oppbygging av studiet

Programmet organiserast og administrerast av Institutt for biologi, som i tillegg godkjenner rettleiar og mastergradsprosjekt. Studiet består av 60 SP med emne og ei mastergradsoppgåve tilsvarende 60 SP. Studentane skal velje rettleiar i løpet av det første semesteret. Opptak skjer normalt kvar haust.

### Tilrådd studieplan

|             |                    |                |                    |
|-------------|--------------------|----------------|--------------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b>     | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b>     |
| <b>3. H</b> | <b>Val/oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b>     |
| <b>2. V</b> | <b>BIO301</b>      | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve/val</b> |
| <b>1. H</b> | <b>BIO300</b>      | <b>Val</b>     | <b>Val</b>         |

### Kontaktinformasjon

Studieveileder ved Institutt for biologi  
E-post: studie@bio.uib.no

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid i offentlig forvaltning, næringsliv og skoleverk og for vidare doktorgradsstudium.

## MAMN-BIOFY Anvendt fysiologi

---

|                       |                                      |
|-----------------------|--------------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Biologi                              |
| <b>Studieretning:</b> | Anvendt fysiologi                    |
| <b>Grad:</b>          | Master i biologi – anvendt fysiologi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                               |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                 |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                         |

### Mål og innhald

Programmet skal gi innsikt i fagområdet fysiologi og vise praktisk bruk av kunnskapen i forskning og industri, samt undervisning og forvaltning. I løpet av programmet vil du blant anna skaffe deg solid erfaring med bruk av generell fysiologisk metodikk som og kan brukast innan anna eksperimentell biologi. Fagmiljøet disponerer velutstyrte laboratorium og legg vekt på god oppfølging av studentane. Fagmiljøet har høg kompetanse innan anvend fiskefysiologi, og du vil kunne arbeide opp mot medisinske miljø, havbruksmiljø eller andre miljø. Gjennom programmet vil du få opplæring i å gjennomføre ei sjølvstendig vitskapeleg oppgåve med fokus på praktisk bruk av fysiologi. Du vil få ei solid metodisk opplæring i basale fysiologiske teknikkar. Desse er mellom anna estimering av metabolisme, gasstransport, stoff og masseflow, energiallokering og omsetjing, integrativ kontroll, osv.

### Fagleg profil

Du kan skrive masteroppgåver innan metabolske studiar (respirometri, gasstransport, syre-base-regulering, energiallokering, fettmetabolisme og fettfordeling). Strukturelle og funksjonelle studiar av fisk ved bruk av CT og MR (viktig for utvikling av ny måleteknologi for blant anna biomassebestemming og akustisk simulering i samband med sonarutvikling). Ernæringsfysiologi og fiskekvalitet (med særleg vekt på fysiologiske mekanismar). Miljøstudiar av fisk og effekt av klimaendringar.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i biologi, havbruksbiologi, molekylærbiologi eller tilsvarande. Studentar med bachelorgrad frå andre realfagsdisiplinar må ta emnet BIO114 viss dei ikkje har tilsvarande kompetanse.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i anvendt fysiologi omfattar ei sjølvstendig vitskapeleg oppgåve på 60 SP og emne eller spesialpensum på 60 SP. Obligatoriske emne er BIO300 Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett (innføringsemne), BIO280 Fiskebiologi og BIO 291 Fiskefysiologi. I tillegg vel du i samråd med rettleiaren din 30 studiepoeng med andre emne (må innehalde minst 10 SP med fysiologiske emne). Du blir oppmoda til å velje tverrfaglege emne innan informatikk, fysikk, kjemi eller molekylærbiologi viss det kan styrkje arbeidet med den vitskapelege oppgåva.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>BIO280</b>  | <b>Val</b>     | <b>Val</b>     |
| <b>1. H</b> | <b>BIO300</b>  | <b>BIO291</b>  | <b>Val</b>     |

### Kontaktinformasjon

Studieveileder ved Institutt for biologi  
E-post: studie@bio.uib.no

### Yrkesveggar

Studiet skal gi eit godt grunnlag for vidare doktorgradsstudium innanfor anvend fysiologi og tilgrensande fagfelt med moglegheiter for forskarstillingar ved universitet, høgskolar og forskingsinstitutt og for arbeid i offentleg forvaltning, næringsliv og skoleverk.



## MAMN-BIOMI Mikrobiologi

---

|                       |                                 |
|-----------------------|---------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Biologi                         |
| <b>Studieretning:</b> | Mikrobiologi                    |
| <b>Grad:</b>          | Master i biologi - mikrobiologi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                          |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                            |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår.                   |

### Mål og innhald

Mikrobiologi er læra om de mikroskopiske organismeformene: virus, bakteriar, sopp, eincella algar og protozoar. Sentralt i faget er studiet av mikroorganismenes eigenskapar og deira funksjonar i ulike miljø. Faget spenner frå grunnforskning til nytting av mikroorganismene i praktisk og kommersiell samanheng. Det har stor samfunnsmessig betyding. Målet med mastergraden er å gi innsikt i faget gjennom teori, eksperimenter og annen relevant verksemd, slik at studenten får ei heilhetlig forståing av mikroorganismenes liv. Mastergraden med mikrobiologi skal gjøre studenten skikka til å gå inn i et bredt utval av stillingar der mikrobiologi er relevant.

### Fagleg profil

Masteroppgåva kan omhandle fysiologi, molekylærbiologi, økologi eller elektronmikroskopi av mikroorganismar, eller basere seg på ein kombinasjon av desse.

### Opptaksgrunnlag

Opptakskrav er bachelorgrad i biologi, molekylærbiologi, havbruksbiologi eller tilsvarende utdanning (f.eks. relevant treårig ingeniør- eller bioingeniørutdanning). Studenter med bachelorgrad frå andre realfagsdisipliner (f.eks. geologi og kjemi) må ta emnet BIO113 dersom de ikke har tilsvarende kompetanse.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i biologi - studieretning mikrobiologi, må emnene MIK200 og MIK201 eller tilsvarende være gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet. Andre obligatoriske emner som inngår i masterstudiet er MIK202 og MIK 203. Studenter som skal ta studieretning mikrobiologi kan i bachelorgraden kan også ta KJEM120, KJEM130 samt MOL200. Det er også en fordel med valg mellom emna MOL202, MOL204, MIK210, MAR210 og AB327 (UNIS) i løpet av bachelorgraden og/eller mastergraden.

### Oppbygging av studiet

Mastergraden i biologi, mikrobiologi består av:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng (eventuelt 30 SP).
- emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng satt saman slik:
  - BIO300, MIK202 eller tilsvarende , MIK203 eller tilsvarende, er obligatorisk.
  - 30 SP valfrie studiepoeng, helt eller delvis i samråd med mastergradsrettleiar.

For oppgåve på 30 studiepoeng blir spesialpensum utvida med 30 studiepoeng.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>Val</b>     | <b>MIK203</b>  | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>Val</b>     | <b>MIK202</b>  | <b>BIO300</b>  |

### Kontaktinformasjon

Studieveileder ved Institutt for biologi  
E-post: studie@bio.uib.no

### Yrkesvegar

Masterprogrammet skal gjere deg skikka til å gå inn i eit breitt utval av stillingar der mikrobiologi er relevant. Mikrobiologar arbeider i dag mellom anna innanfor forskning ved universitet og høgskolar innanfor akvakultur, bioteknologi, offentleg forvaltning, industri og skoleverket.



## MAMN-MOL MASTERPROGRAM I MOLEKYLÆRBIOLOGI

|                       |                           |
|-----------------------|---------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Molekylærbiologi          |
| <b>Grad:</b>          | Master i molekylærbiologi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                    |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                      |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår              |

### Mål og innhald

Molekylærbiologi handlar om dei biologiske makromolekyla og dei livsprosessane der desse inngår. Vi studerer den molekylære oppbygginga, kjemien og fysikken til DNA, RNA, protein, karbohydrat og lipid for å kunne forstå deira plass og funksjon i dei levande organismane. Forskinga er i stor grad retta mot basale problemstillingar som; genorganisering og uttrykking, proteinstruktur og funksjon, kromatinstruktur, utviklingsbiologi, toksikologi, strukturelle og funksjonelle aspekt ved bakteriar og virus, kreftforskning, proteom- og genomforskning. Genteknologi og bioinformatikk er viktige verktøy i vår forskning. Masterprogrammet i molekylærbiologi skal gje deg eit breitt grunnlag og god forståing innan aktuelle problemstillingar i faget. I arbeidet med masteroppgåva skal du planleggje og gjennomføre biokjemiske og molekylærbiologiske eksperiment og vurdere resultat i lys av dei hypotesane som blir testa. Studiet gir deg erfaring med munnleg og skriftleg framstilling av resultat og teoriar, og trening i å kunne lese og kritisk vurdere relevant faglitteratur.

### Fagleg profil

I masterprogrammet kan du spesialisere deg innanfor bioinformatikk, bioteknologi, cellebiologi, enzymologi, genetikk, immunologi, proteomikk, strukturbiologi, toksikologi, tumorbiologi, utviklingsgenetikk og virologi. Etter avtale kan du spesialisere deg i kombinasjon med andre fag.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i molekylærbiologi eller tilsvarende utdanning. Tilsvarende utdanning kan vera til døme treårig relevant ingeniørutdanning eller bioingeniørutdanning, bachelor i biologi, kjemi, fysikk og informatikk.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet er sett saman av eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne på til saman 60 SP. Emna MOL300 Praktisk molekylærbiologi 20 SP (haust) og MOL310

Strukturell molekylærbiologi 10 SP (vår) er obligatoriske i mastergraden. I tillegg kan Programstyret kreve at du tek emne i molekylærbiologi eller kjemi for å styrke din kunnskap innan desse fagområda. Minst eitt emne i bioinformatikk, virologi, immunologi, utviklingsgenetikk, tumorbiologi eller toksikologi er tilrådd blant dei valfrie emna. Emne i t.d. molekylærbiologi, kjemi eller biologi kan inngå som valemne, avhenging av din bakgrunn. MOL301 Biomolekyl må inngå i det første semesteret for studentar i bioinformatikk som ikkje har fagleg bakgrunn i molekylærbiologi (ved oppstart om våren startar masterprogrammet med MOL310).

### Tilrådd studieplan

|      |         |         |         |
|------|---------|---------|---------|
| 4. V | oppgåve | oppgåve | Oppgåve |
| 3. H | Val     | oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | MOL310  | Val     | Oppgåve |
| 1. H | MOL300  |         | Val     |

### Kontaktinformasjon

Molekylærbiologisk institutt v/studiekonsulent.  
E-postadresse: studierettleiar@mbi.uib.no

### Yrkesvegar

Molekylærbiologar arbeider innanfor forskning og undervisning ved universitet, høgskeolar og private forskingsinstitusjonar. Universitetssjukehusa og dei andre større sjukehusa engasjerer også molekylærbiologar. Farmasøytisk og bioteknologisk industri og forskning er ein viktig arbeidsmarknad både nasjonalt og internasjonalt. Molekylærbiologar arbeider også innanfor administrasjon og undervisning i den vidaregåande skolen, i landbruks-, fiskeri- og havbruksnæringane og i offentleg forvaltning. Studiet skal gi godt grunnlag for vidare doktorgradsstudium innanfor molekylærbiologi eller nærliggjande fagfelt.

# MASTERPROGRAM I MARINBIOLOGI

## MAMN-MARAK Akvatisk økologi

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Marinbiologi                             |
| <b>Studieretning:</b> | Akvatisk økologi                         |
| <b>Grad:</b>          | Master i marinbiologi – akvatisk økologi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                                   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                     |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                             |

### Mål og innhald

Målet med programmet er å gi deg djup innsikt i og oversikt over fagområdet akvatisk økologi med vekt på individ og bestandar. Du som har gjennomgått programmet skal ha god kjennskap til akvatiske økologiske prosessar og mønster, innsikt i og erfaring med bruk av marinbiologisk metodikk i felt og i lab samt generelle metodar for å studere økologi. Du skal også ha fått opplæring i å gjennomføre ein sjølvstendig vitenskapleg studie.

### Fagleg profil

Moglege masteroppgåver kan omhandle mikrobiell økologi, dyre- og planteplanktonøkologi, fiskeøkologi, ferskvassøkologi og modellering.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad eller tilsvarende i for eksempel biologi, molekylærbiologi, havbruk, kystsoneforvaltning, matematikk eller kjemi. Det er ein fordel om du har tatt MAR211 Marin floristikk og faunistikk, MAR210 Akvatisk økologi eller MIK202 Mikrobiell økologi som ein del av bachelorgraden.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i akvatisk økologi, omfattar emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng.

Dei obligatoriske emna er: MAR211 Marin floristikk og faunistikk, BIO300 Biologisk

dataanalyse og forsøksoppsett, MAR310 Marine metodar og MAR210 Akvatisk økologi eller MIK202 Mikrobiell økologi.

Dei resterande emna vel du i samråd med rettleiaren.

### Tilrådd studieplan

|      |         |         |                   |
|------|---------|---------|-------------------|
| 4. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve           |
| 3. H | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve           |
| 2. V | MAR211  | Val     | Val               |
| 1. H | BIO300  | MAR310  | Val               |
|      |         |         | MAR210/<br>MIK202 |

### Kontaktinformasjon

Studieveileder ved Institutt for biologi  
E-post: studie@bio.uib.no

### Yrkesvegar

Mange biologar arbeider innanfor natur-, miljø- og ressursforvaltning, forskning, havbruk, skoleverk, industri, miljøorganisasjonar og medie- og konsulentverksemdar. I dei fleste tilfella opnar det seg langt fleire moglegheiter for dei som har fullført masterprogrammet. Studiet skal gi eit godt grunnlag for arbeid i offentleg forvaltning, næringsliv og skoleverk og for vidare doktorgradsstudium innanfor akvatisk økologi og tilgrensande fagfelt.

## MAMN-MARBI Marin biodiversitet

---

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Masterprogram:</b> | Marinbiologi                                |
| <b>Studieretning:</b> | Marin biodiversitet                         |
| <b>Grad:</b>          | Master i marinbiologi – marin biodiversitet |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                                      |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år  |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                                |

### Mål og innhald

Formålet med masterstudiet i marin biodiversitet er å gi deg ei djup innsikt i og oversikt over fagområdet marin biodiversitet og samfunnsøkologi. Du som har gjennomgått programmet, skal ha god kjennskap til flora og fauna i norske og nordiske havområde, innsikt i og erfaring med bruk av marinbiologisk metodikk i felt og i lab samt generelle metodar for å studere biodiversitet. Du skal også ha fått opplæring i å gjennomføre ein sjølvstendig vitskapleg studie.

### Fagleg profil

Moglege masteroppgåver kan omhandle økologi, biogeografi og taksonomi.

### Opptaksgrunnlag

3-årig bachelorgrad eller tilsvarande, helst i biologi. Dersom bachelorgraden er i andre fag, må han innehalde BIO110 Innføring i evolusjon og økologi, BIO112 Botanikk og BIO202 Marine økosystem eller tilsvarande emne. Det er ein fordel om du tek MAR212 Marin samfunnsøkologi - Organismar og habitat og MAR211 Marin floristikk og faunistikk eller tilsvarande emne som ein del av bachelorgraden.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i marin biodiversitet, omfattar emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng.

Dei obligatoriske emna er: MAR211 Marin floristikk og faunistikk, BIO300 Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett, MAR310 Marine metodar og MAR210 Akvatisk økologi eller MIK202 Mikrobiell økologi.

Dei resterande emna vel du i samråd med rettleiaren din.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                          |
|-------------|----------------|----------------|--------------------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b>           |
| <b>3. H</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b>           |
| <b>2. V</b> | <b>MAR211</b>  | <b>Val</b>     | <b>Val</b>               |
| <b>1. H</b> | <b>BIO300</b>  | <b>MAR310</b>  | <b>Val</b> <b>MAR212</b> |

### Kontaktinformasjon

Studieveileder ved Institutt for biologi  
E-post: studie@bio.uib.no

### Yrkesveggar

Mange biologar arbeider innanfor natur-, miljø- og ressursforvaltning, forskning, havbruk, skoleverk, industri, miljøorganisasjonar og medie- og konsulentverksemdar. I dei fleste tilfella opnar det seg langt fleire moglegheiter for dei som har fullført masterprogrammet. Studiet skal gi eit godt grunnlag for arbeid i offentleg forvaltning, næringsliv og skoleverk og for vidare doktorgradsstudium innanfor akvatisk økologi og tilgrensande fagfelt.

## MAMN-MARFI Fiskebiologi

---

|                       |                                      |
|-----------------------|--------------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Marinbiologi                         |
| <b>Studieretning:</b> | Fiskebiologi                         |
| <b>Grad:</b>          | Master i marinbiologi – fiskebiologi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                               |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                 |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                         |

### Mål og innhald

Målet med programmet er å gi deg innsikt i og oversikt over fagområdet fiskebiologi. Du som gjennomgår programmet skal få god kjennskap til marinbiologi og i tillegg spesialisere deg innan fysiologi og anatomi, fiskeåtferd, genetikk og systematikk eller larveøkologi. Du skal også få opplæring i å gjennomføre ein sjølvstendig vitskapleg studie.

### Fagleg profil

Moglege masteroppgåver kan omhandle fysiologi og anatomi, fiskeåtferd, genetikk og systematikk eller larveøkologi.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad eller tilsvarande i biologi, havbruk eller molekylærbiologi.

### Oppbygging av studiet

Innan masterprogrammet i fiskebiologi kan du velje mellom tre spesialiseringar.

For alle spesialiseringane er følgjande emne obligatoriske: MAR211 Marin floristikk og faunistikk, BIO300 Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett, MAR310 Marine metodar og BIO280 Fiskebiologi I - Systematikk og anatomi. I tillegg kjem følgjande obligatoriske emnepakkar for dei enkelte spesialiseringane:

#### Fysiologi og anatomi:

- BIO305 Metodar i celle- og utviklingsbiologi
- BIO291 Fiskebiologi II - Fysiologi

#### Fiskeåtferd:

- MAR210 Akvatisk økologi
- MAR337 Fiskeåtferd

#### Larveøkologi:

- MAR210 Akvatisk økologi
- MAR351 Marin yngelproduksjon
- MAR338 Fiskelarveøkologi

### Tilrådd studieplan

#### *Spesialisering i fysiologi og anatomi*

|             |                |                |                |            |
|-------------|----------------|----------------|----------------|------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |            |
| <b>3. H</b> | <b>BIO305</b>  | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |            |
| <b>2. V</b> | <b>MAR211</b>  | <b>BIO280</b>  | <b>Oppgåve</b> |            |
| <b>1. H</b> | <b>BIO300</b>  | <b>BIO291</b>  | <b>MAR310</b>  | <b>Val</b> |

#### *Spesialisering i fiskeåtferd*

|             |                |                |                |            |
|-------------|----------------|----------------|----------------|------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |            |
| <b>3. H</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>MAR337</b>  | <b>Oppgåve</b> |            |
| <b>2. V</b> | <b>MAR211</b>  | <b>BIO280</b>  | <b>Oppgåve</b> |            |
| <b>1. H</b> | <b>BIO300</b>  | <b>MAR210</b>  | <b>MAR310</b>  | <b>Val</b> |

#### *Spesialisering i larveøkologi*

|             |                |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |                |
| <b>3. H</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>MAR351</b>  | <b>MAR338</b>  | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>MAR211</b>  | <b>BIO280</b>  | <b>Oppgåve</b> |                |
| <b>1. H</b> | <b>BIO300</b>  | <b>MAR210</b>  | <b>MAR310</b>  | <b>Oppgåve</b> |

### Kontaktinformasjon

Studieveileder ved Institutt for biologi  
E-post: studie@bio.uib.no

### Yrkesvegar

Mange biologar arbeider innanfor natur-, miljø- og ressursforvaltning, forskning, havbruk, skoleverk, industri, miljøorganisasjonar og medie- og konsulentverksemder. I dei fleste tilfella opnar det seg langt fleire moglegheiter for dei som har fullført masterprogrammet. Studiet skal gi eit godt grunnlag for arbeid i offentleg forvaltning, næringsliv og skoleverk og for vidare doktorgradsstudium innanfor akvatisk økologi og tilgrensande fagfelt.

# MAMN-FIFO MASTERPROGRAM I FISKERIBIOLOGI OG FORVALTING

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Biologi  |
| <b>Grad:</b>          | Master i biologi - fiskeribiologi og forvaltning |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år   |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår.                                    |

## Mål og innhald

Målet med programmet er å gi deg ei innsikt i og oversikt over fagområdet fiskeribiologi, med vekt på korleis utnytting og andre ytre faktorar verker på dei levande ressursane i havet. Når du har gjennomgått programmet skal du ha fått grunnleggande kunnskapar om systematikk, anatomi, fysiologi, åtferd, utvikling, livshistorie og økologi hos fiskar samt oseanografi og marine økosystem. Du vil også ha ei basal forståing av fiskestammer sin populasjonsstruktur, fiskereiskapar sine funksjonar og seleksjonsmønster, utnyttingsstrategiar av fiskestammer frå utvalde økosystem og enklare populasjonsdynamiske modellar samt kunnskap om korleis økologiske faktorar saman med fiskeri påverkar utviklinga av fiskestammene. Du vil også få praktisk erfaring frå fiskeribiologisk arbeid i laboratoriet, i felt og på forskingsfartøy. I tillegg vil du ha erfaring frå gjennomføring av eit forskingsarbeid basert på eit materiale innsamla i laboratorium eller felt, alternativt på tidsseriar av biologiske data. Masteroppgåva kan også vere basert på utvida litteraturstudiar.

## Fagleg profil

Moglege masteroppgåver kan omhandle populasjonsdynamikk, fiskeriforvaltning, populasjonsgenetikk, larveøkologi, fiskeåtferd og ansvarleg fangst.

## Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad eller tilsvarande, helst i biologi eller havbruksbiologi.

## Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i fiskeribiologi og forvaltning omfattar emne på til saman 60 studiepoeng. Dei obligatoriske emna er BIO280 Fiskebiologi I - Systematikk og anatomi, MAR230 Fiskeriøkologi, MAR330 Ansvarleg fangst, BIO300 Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett og MAR331 Fiskeriforvaltning.

Viss du har teke nokre av disse emna tidlegare, vel du andre emne i samråd med rettleiaren din.

## Tilrådd studieplan

|      |        |         |             |         |
|------|--------|---------|-------------|---------|
| 4. V | MAR330 | Oppgåve | Oppgåve     | Oppgåve |
| 3. H |        | Oppgåve | Oppgåve     | Oppgåve |
| 2. V | MAR331 | MAR280  | Oppgåve/val |         |
| 1. H | BIO300 | MAR230  | Val         |         |

## Kontaktinformasjon

Studieveileder ved Institutt for biologi  
E-post: studie@bio.uib.no

## Yrkesveggar

Studiet skal gjere deg godt skikka for arbeid i offentleg forvaltning, næringsliv og i skoleverket (dersom du i tillegg har praktisk-pedagogisk utdanning) - samt gi eit godt grunnlag for vidare doktorgradsstudium innanfor fiskeribiologi og tilgrensande fag.

# MASTERPROGRAM I ERNÆRING

## MAMN-NUERN Ernæring hos akvatiske organismer i oppdrett

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Masterprogram:</b> | Ernæring  |
| <b>Studieretning:</b> | Ernæring hos akvatisk organismer i oppdrett                     |
| <b>Grad:</b>          | Master i ernæring - ernæring hos akvatisk organismer i oppdrett |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP  |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år  |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår  |

### Mål og innhald

Målet med programmet er å gi ei djup og omfattande innsikt innan ernæring av fisk og andre akvatiske dyr i oppdrett (skjel, krepsdyr etc.). Problemstillingane definerast innan ernæring av stamfisk (fôr og fôringsregime, vitellogenese, eggkvalitet) og yngel (embryonalutvikling, endogen fôring, levande fôr, startfôr), fôrressursar, vekst og kvalitet av matfisk, samt innan ernæring og fiskehelse (ernæringsmangel, interaksjonar med miljøtilhøve, ernæringsimmunologi, produksjonslidningar) som og omfattar ernæringstoksikologi. Studiet er knytt til NIFES Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning.

### Fagleg profil

Problemstillingane finst innanfor ernæring av stamfisk (fôr og fôringsregime, vitellogenese, eggkvalitet) og yngel (embryonalutvikling, endogen fôring, levande fôr, startfôr), fôrressursar, vekst og kvalitet av matfisk, og innanfor ernæring og fiskehelse (ernæringsmangel, interaksjonar med miljøvilkår, ernæringsimmunologi, produksjonslidningar) og ernæringstoksikologi.

### Opptaksgrunnlag

Du bør ha bachelorgrad eller tilsvarende innan havbruksbiologi, biologi, biokjemi, kjemi eller molekylærbiologi, men studiet er ope for alle som har ein bachelorgrad innan naturvitskap frå eit norsk universitet eller ei tilsvarende utdanning. Det er ein fordel dersom studentane tar MAR250 og MAR253 eller tilsvarende emne som ei del av sin bachelorgrad.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i ernæring hos akvatiske organismer i oppdrett omfattar ei sjølvstendig vitenskapleg oppgåve på 60 studiepoeng og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng. Obligatoriske emne er: BIO300 Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett (10 SP), MAR250 Innføring i havbruk (10 SP), MAR352 Næringsmiddelkjemi og analyse (15 SP) eller MOL202 Eksperimentell molekylærbiologi (10 SP) og MAR253 Ernæring hos fisk (10 SP). Resterande emne må veljast i samråd med rettleiaren og programstyret.

### Tilrådd studieplan

|      |               |         |         |
|------|---------------|---------|---------|
| 4. V | Oppgåve       | Oppgåve | Oppgåve |
| 3. H | Oppgåve       | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | MAR352/MOL202 |         | Val     |
| 1. H | MAR253        | BIO300  | MAR250  |

### Kontaktinformasjon

Studieveileder ved Institutt for biologi  
E-post: studie@bio.uib.no

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid som stipendiat, juniorforskar ved forskingsinstitutt eller større selskap, produktutviklar innanfor oppdretts-, fiskeforedlings- og næringsmiddelindustri, saksbehandlar innanfor offentleg forvaltning, konsulent, lektor (under føresetnad av pedagogiske fag) eller rådgivar i ernæringsrelaterte spørsmål.

## MAMN-NUKVA Kvalitet og foredling av sjømat

---

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Masterprogram:</b> | Ernæring  |
| <b>Studieretning:</b> | Kvalitet og foredling av sjømat                     |
| <b>Grad:</b>          | Master i ernæring - kvalitet og foredling av sjømat |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP  |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år  |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår  |

### Mål og innhald

Målet med masterprogrammet er å gi ei djup og omfattande innsikt innan kvalitet og foredling av sjømat. Problemstillingane blir definerte anten innan kvalitetsvurdering av fangst eller oppdretta matfisk, skjel eller skaldyr, i samband med ulike behandling og ulike avlivingsmetodar, innan produktutvikling av sjømat, innan ulike prosessering eller konservering av produkt, eller innan utvikling av analysemetodar, f.eks. innan bileteanalyse eller innan nærinfraraud spektroskopi. Ein kan også jobbe med problemstillingar relatert til forbrukartestar eller med teoretisk modellering av historiske data. Studiet blir gjennomført ved Institutt for biologi eller etter avtale ved NIFES, Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning.

### Fagleg profil

Masteroppgåver omhandlar kvalitetsvurdering, avlivingsmetodar, produktutvikling, prosessering eller konservering av produkt, forbrukartestar eller teoretisk modellering.

### Opptaksgrunnlag

Du bør ha bachelorgrad eller tilsvarande innan havbruksbiologi, biologi, biokjemi, kjemi eller molekylærbiologi, men studiet er ope for alle som har ein bachelorgrad innan naturvitskap frå et norsk universitet eller ei tilsvarande utdanning. Det er ein fordel dersom studentane tar MAR254 og MAR253 eller tilsvarande emne som del av sin bachelorgrad.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i kvalitet og foredling av sjømat omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng
- emne på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:
  - MAR254 Sjømat og produktutvikling (10 SP)

- MAR253 Ernæring hos fisk (10 SP)
- BIO300 Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett (10 SP)
- MAR352 Næringsmiddelkjemi og analyse (15 SP) og/eller MAR255 Næringsmiddelmikrobiologi med spesiell relevans til sjømat (10 SP)
- MAR354 Kvalitet av sjømat (10 SP).
- Viss du har teke nokre av desse emna eller tilsvarande i bachelorgraden, kan du velje andre emne i samråd med rettleiaren og instituttet.

### Tilrådd studieplan

|      |                   |         |             |
|------|-------------------|---------|-------------|
| 4. V | Oppgåve           | Oppgåve | Oppgåve     |
| 3. H | MAR354            | Oppgåve | Oppgåve     |
| 2. V | MAR352/<br>MOL202 | MAR254  | Oppgåve/Val |
| 1. H | BIO 300           | MAR253  | Oppgåve/Val |

### Kontaktinformasjon

Studieveileder ved Institutt for biologi  
E-post: studie@bio.uib.no

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid som stipendiat, juniorforskar ved forskingsinstitutt eller større selskap, produktutviklar innanfor oppdretts-, fiskeforedlings- og næringsmiddelindustri, saksbehandlar innanfor offentlig forvaltning, konsulent, lektor (under føresetnad av pedagogiske fag) eller rådgivar i ernæringsrelaterte spørsmål.



# MASTERPROGRAM I FYSIKK

## MAMN-FYHYD Hydroakustikk

|                       |                                 |
|-----------------------|---------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Fysikk                          |
| <b>Studieretning:</b> | Hydroakustikk                   |
| <b>Grad:</b>          | Master i fysikk - hydroakustikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                          |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                            |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                    |

### Mål og innhald

Akustikk er læra om lyd - både høyrleg og ikkje høyrleg. Faget har mange spesialitetar og bruksområde og inngår som ein del av ei rekkje andre fagdisiplinar, som f.eks. musikk, vibrasjon- og støyforebygging, arkitektur, medisin, psykologi, seismologi, elektronikk, materialprøvning, olje- og reservoarteknologi, fiskeri og fiskeressursovervaking, miljø og klimaovervaking. Ved Hydroakustikkgruppen i Bergen er interessa særleg retta mot bruk av ultralyd i teknologi, havforskning og oseanografi, forutan grunnforskning. Sistnemnde område omfattar "ikkje-lineær akustikk", som er fenomen som opptre i svært intens lyd; sjokkdanning, akustiske straumar og kavitasjon, og studium av vibrasjonar i piezoelektriske materiale. Masteroppgåver i akustikk omfattar som oftast både teori, eksperiment og numerisk simulering og blir til ein viss grad utført i samarbeid med verksemder og institusjonar som Havforskningsinstituttet, Simrad, Christian Michelsen Research AS og Nansensenteret.

### Fagleg profil

Studiet legg vekt på eksperiment og teori i ultralyd og undervassakustikk, akustisk instrumentering, modellering og simulering og transdusarteknologi.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i fysikk eller tilsvarende utdanning. Studenter med bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag, kan bli vurdert dersom fysikkbakgrunnen kvalifiserer for mastergraden. Tilrådde valemne i bachelorgraden: PHYS271 Akustikk og INF100 Grunnkurs i programmering.

### Andre krav

Bachelorgrad i fysikk eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag, kan bli vurdert dersom fysikkbakgrunnen din kvalifiserer for mastergraden. Tilrådde valemne i bachelorgraden: PHYS271 Akustikk og INF100 Grunnkurs i programmering.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i hydroakustikk omfattar:

- eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP.
- emne og eventuelt spesialpensum på til saman 60 studiepoeng valt i samråd med rettleiaren.  
PHYS271 og PHYS272 bør inngå i bachelor- eller mastergraden.

### Tilrådd studieplan

|       |         |         |         |
|-------|---------|---------|---------|
| 10. V | oppgåve | oppgåve | oppgåve |
| 9. H  | pensum  | oppgåve | oppgåve |
| 8. V  | pensum  | Pensum  | oppgåve |
| 7. H  | PHYS272 | Pensum  | pensum  |

|      |         |             |     |
|------|---------|-------------|-----|
| 6. V | PHYS271 | Val         | val |
| 5. H | PHYS117 | PHYS115/116 | val |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Institutt for fysikk og teknologi  
E-post: studierettleiar@ift.uib.no

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor forskning og utvikling, undervisning, industri og privat og offentleg forvaltning.



## MAMN-FYIND Målvitskap og instrumentering

---

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Masterprogram:</b> | Fysikk  |
| <b>Studieretning:</b> | Målvitskap og instrumentering                   |
| <b>Grad:</b>          | Master i fysikk – målvitskap og instrumentering |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP  |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år  |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                                    |

### Mål og innhald

Instrumentering er ein viktig del av kvardagen vår. Grensene for kva som kan målast blir stadig strekte ved å utnytte ulike kjemiske og fysiske eigenskapar hos materiale til utvikling av sensorar og instrument til ei rekkje bruksområde. Spesialisering i instrumentering legg stor vekt på måleteknologi. Dette krev innsikt i prosessen som skal målast, men det er også spesielt viktig med god kunnskap om fysikken bak dei ulike måleprinsippa. Nye metodar og materiale gjer det mogleg å utvikle sensorar der ein kan trekkje meir informasjon ut frå ei enkelt måling. Det blir fokusert på elektromagnetiske og nukleære måleprinsipp, samt industriell tomografi, og da spesielt brukt på fleirfasesystem. Arbeidsmetodane, som er ein viktig del av utdanninga, spenner frå teori og modellering til eksperiment og utvikling av prototypar. Dette blir gjerne utført i nært samarbeid med industri og andre institutt som Christian Michelsen Research AS, ofte i form av eksterne master- og doktorgradsprosjekt.

### Fagleg profil

I masterprogrammet kan du spesialisere deg innan

- Måling av fleirfasesystem som transport og separasjon av vatn, olje og gass.
- Sensor- og detektorutvikling inkludert modellering av desse.
- Industriell tomografi og tomometri.
- Signalbehandling og kommunikasjon.
- Reguleringsteknikk

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i fysikk, ingeniørfag (linje elektro/automasjon) eller tilsvarende utdanning. Det er også mogleg å ta spesialisering i instrumentering i program for prosess teknologi. INF100, INF109 eller tilsvarende er tilrådd i bachelorgraden. IKT og bruk av datamaskin spelar ei stadig større rolle i instrumentering, og generell kunnskap om dette er gunstig.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i industriell instrumentering omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng samansett slik:

- Emna PHYS225 Instrumentering, PHYS327 Laboratoriekurs i instrumentering og prosessregulering og PHYS328 Utvalde emne innan måleteknologi.
- 30 studiepoeng blant emna PHYS220 Analog elektronikk, PHYS221 Digital elektronikk, PHYS325 Signal- og kommunikasjonsteori eller spesialpensum valt i samråd med rettleiaren din.

### Tilrådd studieplan

|       |         |         |         |
|-------|---------|---------|---------|
| 10. V | oppgåve | oppgåve | Oppgåve |
| 9. H  | Val     | oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | PHYS328 | Val     | Oppgåve |
| 7. H  | PHYS225 | PHYS325 | Val     |

|      |         |         |        |
|------|---------|---------|--------|
| 6. V | TOE002  | Val     | Val    |
| 5. H | PHYS117 | PHYS116 | TOE001 |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Institutt for fysikk og teknologi  
E-post: studierettleiar@ift.uib.no

### Yrkesveggar

Instrumentering er tverrfagleg og blir brukt i eit breitt spekter av disiplinær frå prosessindustri som olje- og gassindustri til akvakultur, miljø, medisin og forskning på ulike felt. Ofte får studentane tilbod om jobb allereie før dei er ferdige med studia.

## MAMN-FYKJR Kjernefysikk

---

|                       |                                |
|-----------------------|--------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Fysikk                         |
| <b>Studieretning:</b> | Kjernefysikk                   |
| <b>Grad:</b>          | Master i fysikk - kjernefysikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                         |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                           |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                   |

### Mål og innhald

Kvarkar er dei fundamentale partiklane som byggjer opp materie, og den sterke krafta verkar mellom dei. Teorien som skildrar den sterke vekselverknaden kallar ein QCD (Quantum Chromo Dynamics). Kjernematerie er berre ei form av QCD-materie, men fleire ulike fasar av QCD-materie kan, i følge QCD, eksistere. Når tunge atomkjerner kolliderer med fart opp mot lysfarten blir tettleiken av kjernematerie så høg at protona og nøytrona "smeltar". Ein reknar med at ein slik tilstand av materie under slike ekstreme trykk- og temperaturforhold svarar til ein ny QCD-fase. Denne fasen omfattar eit plasma av frie kvarkar og gluon, "Quark Gluon Plasma" (QGP), som liknar forholda i universet kort tid, nokre mikrosekund, etter "The Big Bang". Kjernefysikkgruppa ved UiB er med på å eksperimentere ved CERNs LHC-akselerator og ved RHIC-akseleratoren i Brookhaven, USA, for å studere QGP. Vi har engasjert oss for å få bygd eit fotonpektrometer og gassdetektorar for ladde partiklar. Vi utviklar både lågstøys analog og høgfarts digital elektronikk for desse detektorane (i samarbeid med Mikroelektronikkgruppa) og sanntidsprogram for å utlese elektronikk, og vi analyserer målingane.

### Fagleg profil

I masterprogrammet kan du spesialisere deg innanfor kjernefysikk, mikroelektronikk, instrumentering, sanntids- og parallellprogrammering eller modellering.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i fysikk eller tilsvarende utdanning. Studenter med bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag kan bli vurdert dersom fysikkbakgrunnen kvalifiserer for mastergraden. Følgjande emne er tilrådd i bachelorgraden: PHYS201 Kvantemekanikk, PHYS241 Kjerne- og partikkelfysikk og eitt eller fleire av emna PHYS231 Strålingsfysikk, PHYS291 Databehandling i fysikk og INF100 Grunnkurs i programmering.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i kjernefysikk omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng.
- emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng valt i samråd med rettleiaren. PHYS 201, PHYS 241 og PHYS 232 bør inngå i bachelor- eller mastergraden.

### Tilrådd studieplan

|       |         |         |         |
|-------|---------|---------|---------|
| 10. V | oppgåve | oppgåve | Oppgåve |
| 9. H  | pensum  | oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | pensum  | pensum  | Oppgåve |
| 7. H  | PHYS232 | Val     | val     |

|      |         |         |     |
|------|---------|---------|-----|
| 6. V | PHYS201 | PHYS241 | Val |
| 5. H | PHYS117 | PHYS115 | Val |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Institutt for fysikk og teknologi  
E-post: studierettleiar@ift.uib.no

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor forskning og utvikling, undervisning, IT, industri og medisinsk teknologi.

## MAMN-FYMIK Mikroelektronikk

---

|                       |                                    |
|-----------------------|------------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Fysikk                             |
| <b>Studieretning:</b> | Mikroelektronikk                   |
| <b>Grad:</b>          | Master i fysikk - mikroelektronikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                             |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                               |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                       |

### Mål og innhald

Mikroelektronikk er ein viktig føresetnad for teknologiutviklinga i samfunnet vårt der produkt som mobiltelefon og stadig kraftigare PC-ar er blitt ein del av dagleglivet vårt. Den fundamentale byggjesteinen i mikroelektronikken er transistoren. Til å byrje med (ca. 1970) var gjerne ein transistor nokre tidels millimeter i utstrekning eller større. Etter kvart byrja ein å kople dei saman i elektroniske krinsar på ei silisiumskive, og chipen var eit faktum. I dag er det aktive området på ein transistor om lag. 0,1 x 0,1 mikrometer, og ein har høve til å integrere millionar av transistorar på ei brikke. Mikroelektronikk er av avgjerande verdi for forskning og utvikling innan eksperimentell fysikk og teknologi. Ved Institutt for fysikk og teknologi er arbeidet med mikroelektronikk knytt til design, simulering, layout, programmering, produksjon og testing av analoge og digitale, integrerte krinsar. Integrasjon med detektorar og sensorar er også eit sentralt felt. Mikroelektronikkgruppa arbeider tett saman med gruppene: målevitskap og instrumentering, romfysikk og kjerne- og partikkelfysikk. Fellesinteressene er innan utvikling av hurtig, kompakt, låg-effekt- og strålingsherdig elektronikk for satellittinstrumentering og innan utvikling av fleirkanalselektronikk for industriell instrumentering og høgenergifyssikk.

### Fagleg profil

I masterprogrammet kan du spesialisere deg innanfor analog elektronikk, digital elektronikk, høg nivå-beskriving/programmering av elektronikk.

### Opptaksgrunnlag

Bachelor i fysikk, ingeniørutdanning (linje elektro/automasjon eller data) eller tilsvarende utdanning. Du med bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag kan bli vurderte dersom fysikkbakgrunnen din kvalifiserer for mastergraden. Det er ein føremon om du har grunnleggande elektronikkkompetanse tilsvarande TOE001 - Grunnleggande elektrofag I og TOE002 - Grunnleggande elektrofag II (Høgskulen i Bergen).

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i mikroelektronikk omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng og emne og spesialpensum på til saman 60 studiepoeng gjerne samansett slik: Emna PHYS222 Analog integrert kretsteknologi, PHYS223 Digital integrert kretsteknologi og PHYS321 Datamaskinassistert konstruksjon og produksjon av elektronikk. I tillegg kjem 30 studiepoeng valt i samråd med rettleiaren (for eksempel PHYS325 Signal- og kommunikasjonsteori eller spesialpensum).

### Tilrådd studieplan

|       |         |         |         |
|-------|---------|---------|---------|
| 10. V | oppgåve | oppgåve | Oppgåve |
| 9. H  | PHYS322 | oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | PHYS321 | Val     | Oppgåve |
| 7. H  | PHYS222 | PHYS223 | Val     |

|      |         |         |        |
|------|---------|---------|--------|
| 6. V | TOE002  | Val     | Val    |
| 5. H | PHYS117 | PHYS116 | TOE001 |

Emnene TOE001 Grunnleggande elektrofag 1 og TOE002 Grunnleggande elektrofag 2 er gitt ved Høgskolen i Bergen.

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Institutt for fysikk og teknologi  
E-post: studierettleiar@ift.uib.no

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan forskning og utvikling, undervisning, IKT og industri. Elektronikk-, instrumenterings- og IKT-kompetanse er etterspurd i industrien, og ofte blir studentane tilbode jobb allereie før dei er ferdige med studia.

## MAMN-FYMIL Optikk og atomfysikk

---

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Fysikk                                 |
| <b>Studieretning:</b> | Optikk og atomfysikk                   |
| <b>Grad:</b>          | Master i fysikk – optikk og atomfysikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                                 |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                   |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                           |

### Mål og innhald

Studieretninga kombinerer fundamentale optiske prosessar på atom- og molekylnivå med bruk innan fjernmåling og miljøovervaking, samt optiske grunnforskningsstudiar. Innan mikrofysikk kan ein studere fundamentale atomære og kvanteoptiske fenomen der vekselverknaden mellom lys og materie er hovudtema. I dei fleste høve nyttar ein vekselverknaden mellom lys og materie til å bestemme eigenskapar av gassar eller væsker, ofte for biologiske system med eksistens av organismar. Masterprogrammet i miljøoptikk og kvanteoptikk byggjer på forskning som strekkjer seg frå atomære kollisjonar og resulterande lysfenomen, til studiar med relevans for marinbiologi og miljøfysikk. Fellesnemnaren på den teoretiske sida er metodar innan spreingsteori for lys og partiklar. Dei eksperimentelle metodane som blir brukt lokalt i Bergen, er baserte på måling av lysspreiing og strålingstransport i ulike media. I tillegg kjem fleire teknikkar som blir nytta ved større eksperimentelle anlegg hos forskingspartnarar i utlandet.

### Fagleg profil

I masterprogrammet kan du spesialisere deg innanfor optisk måleteknikk, miljøoptikk, kvanteoptikk, atomlære og molekylære prosessar eller modellering.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i fysikk eller tilsvarende utdanning. Studenter med bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag kan bli vurdert dersom fysikkbakgrunnen din kvalifiserer for mastergraden. Valemne i matematikk og/eller PHYS291 Databehandling i fysikk er tilrådd i bachelorgraden.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i miljø- og kvanteoptikk omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng.
- emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng som du sett saman med rettleiaren din. Nokon aktuelle emne kan være: PHYS261 Atomfysikk og fysikalsk optikk, PHYS263 Laboratoriekurs i optikk og atomfysikk, PHYS264 Miljøoptikk og transport av lys og partiklar, PHYS208 Faststoff-fysikk, PHYS205 Elektromagnetisme, PHYS362 Utvalde emne i fysikalsk optikk, PHYS363 Utvalde emne i atomfysikk og kvanteoptikk og PHYS365 Kvanteoptikk.

### Tilrådd studieplan

|       |                     |         |         |
|-------|---------------------|---------|---------|
| 10. V | Oppgåve             | Oppgåve | Oppgåve |
| 9. H  | Oppgåve             | Oppgåve | Val     |
| 8. V  | Oppgåve             | Val     | Val     |
| 7. H  | PHYS261/<br>PHYS264 | PHYS263 | PHYS365 |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Institutt for fysikk og teknologi  
E-post: studierettleiar@ift.uib.no

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor forskning og utvikling i fundamentale kvanteprosessar og optikk, optisk måleteknikk, miljøfysikk, datamodellering og dataanalyse.

## MAMN-FYPAR Partikkelfysikk

---

|                       |                                   |
|-----------------------|-----------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Fysikk                            |
| <b>Studieretning:</b> | Partikkelfysikk                   |
| <b>Grad:</b>          | Master i fysikk - partikkelfysikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                            |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                              |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                      |

### Mål og innhald

Forskningsaktiviteten spenner over eit vidt felt av aktivitetar innan partikkelfysikk. Vi arbeider nært saman med CERN (European Organization for Nuclear Research) og andre utanlandske senter for partikkelfysikk, der vi deltek både med utvikling og installasjon av apparatur for framtidige eksperiment, så vel som med studiar av data frå pågåande og avslutta eksperiment.

### Fagleg profil

I masterprogrammet kan du spesialisere deg innanfor partikkelfysikk eller instrumentering, teoretisk partikkelfysikk, analyse av målingar og detektorfysikk.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i fysikk eller tilsvarende utdanning. Studenter med bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag kan bli vurdert dersom fysikkbakgrunnen din kvalifiserer for mastergraden.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i partikkelfysikk omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng
- emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:
  - emna PHYS232 Eksperimentelle metodar i kjerne- og partikkelfysikk og PHYS241 Kjerne- og partikkelfysikk bør inngå
  - For teori og dataanalyse: PHYS303 Relativistisk kvantemekanikk og feltteori, PHYS341 Utvalde emne i eksperimentell partikkelfysikk, PHYS342 Kvantefeltteori og PHYS343 Kvarke- og leptonfysikk
  - For instrumentering: PHYS220 Analog elektronikk, PHYS221 Digital elektronikk og PHYS225 Instrumentering. Du vel 10 studiepoeng sjølv.

### Tilrådd studieplan

|              |                |                |                |
|--------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>10. V</b> | <b>oppgåve</b> | <b>oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>9. H</b>  | <b>Val</b>     | <b>oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>8. V</b>  | <b>Val</b>     | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> |
| <b>7. H</b>  | <b>PHYS232</b> | <b>Val</b>     | <b>Val</b>     |

|             |                |                |            |
|-------------|----------------|----------------|------------|
| <b>6. V</b> | <b>PHYS201</b> | <b>PHYS241</b> | <b>Val</b> |
| <b>5. H</b> | <b>PHYS117</b> | <b>PHYS115</b> | <b>Val</b> |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Institutt for fysikk og teknologi  
E-post: studierettleiar@ift.uib.no

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor forskingsinstitusjonar, universitet og høgskolar, elektronikk- og instrumenteringsverksemdar og skoleverk. Mange har også fått arbeid i informatikksektoren.

## MAMN-FYROM Masterprogram i fysikk - Romfysikk

---

|                       |                             |
|-----------------------|-----------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Fysikk                      |
| <b>Studieretning:</b> | Romfysikk                   |
| <b>Grad:</b>          | Master i fysikk - romfysikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                      |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                        |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                |

### Mål og innhald

Energi i form av elektromagnetisk stråling og ladde partiklar strøymar kontinuerleg ut frå den næraste stjerna vår, sola. Denne energistraumen påverkar miljøet på og rundt kloden vår. Det berømte nordlyset skuldast vekselverknaden mellom det jordmagnetiske feltet, atmosfæren og ladde partiklar frå sola. Romfysikk handlar nettopp om det å forstå dei fysiske prosessane som finn stad i det nære verdsrommet mellom sola og jorda. I slike samanhengar nyttar ein målingar av fysiske parameter frå instrument ståande på bakken, om bord på satellittar eller på raketar. Nokre av dei mange uløyste spørsmåla innan romforskning:

- Kva for mekanismar styrer energitransporten frå sola til jorda?
- Korleis kan dei ladde partiklane trengje seg inn i det magnetiske hylsteret som jorda er omgitt av? Korleis akselererer partiklar i det jordmagnetiske systemet?
- Korleis blir atmosfæren si samansetjing påverka av energitransport frå sola?
- Kva for elektriske straumssystem gjer seg gjeldande i det jordmagnetiske systemet?
- Korleis påverkar romvêret vår teknologiske kvardag?

### Fagleg profil

I masterprogrammet kan du spesialisere deg innanfor plasmafysikk, analyse og tolking av målingar, programmering, modellering, instrumentering og elektronikk for ekstreme omgivnader.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i fysikk eller tilsvarende utdanning. Studenter med bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag, kan bli vurdert dersom fysikkbakgrunnen kvalifiserer for mastergraden.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i romfysikk omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng
- emne og eventuelt spesialpensum på til saman 60 studiepoeng valt i samråd med rettleiar  
Emna PHYS251 Det nære verdsrommet og PHYS252 Eksperimentelle metodar i romfysikk bør inngå i bachelor- eller mastergraden.  
Andre emne som inngår i mastergraden blir valt i samråd med rettleiaren ettersom den optimale fagsamansetjinga vil vere avhengig av forskingsoppgåva.

### Tilrådd studieplan

|       |         |         |         |
|-------|---------|---------|---------|
| 10. V | oppgåve | oppgåve | Oppgåve |
| 9. H  | Val     | oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | Val     | Val     | Oppgåve |
| 7. H  | PHYS252 | Val     | Val     |

|      |         |             |     |
|------|---------|-------------|-----|
| 6. V | PHYS251 | val         | Val |
| 5. H | PHYS117 | PHYS115/116 | Val |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Institutt for fysikk og teknologi  
E-post: studierettleiar@ift.uib.no

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan forskning og utvikling, undervisning, industri, privat og offentleg forvaltning.



## MAMN-FYTEO Teoretisk fysikk og energifysikk

---

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Fysikk   |
| <b>Studieretning:</b> | Teoretisk fysikk og energifysikk                   |
| <b>Grad:</b>          | Master i fysikk – teoretisk fysikk og energifysikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år   |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                                       |

### Mål og innhald

Masterprogrammet i teoretisk fysikk omfattar danning av teori og teoretisk modellering av strukturar, reaksjonar og prosessar innanfor eit breitt spekter av fenomen. Desse fell innanfor partikkelfysikk, kjernefysikk og atomfysikk, samt enkelte aspekt ved faste stoff sin fysikk, hydrodynamikk, energifysikk og generelle dynamiske system. Innanfor den karakteristiske skalaen for det fysiske fenomenet eller den konkrete prosessen utviklar ein matematiske modellar som i nokre tilfelle har analytiske løysingar, men i dei fleste tilfelle krev ein numeriske utrekningar eller annan simulering. I moderne akseleratorlaboratorium prøver ein å etterlikne trekk ved hendingar i det tidlege universet og vidare skaping av grunnstoffa, ein prosess som framleis finn stad i stjernene gjennom voldsam utvikling. Grensene for kjernestoffet sin eksistens blir kartlagde. Innan atomfysikk arbeider ein med modellering av oppførsel av atom under ytre påverknad, for eksempel ekstremt korte og intense laserpulsar. Vidare studerer ein samlingar av atom og molekyl og deira dynamikk og struktur og moglegheit for å utnytte kvantemekanikken til informasjonslagring og tilarbeiding.

### Fagleg profil

I masterprogrammet kan du spesialisere deg innanfor kvantekromodynamikk, kvantefeltteori, nøytrinofysikk og nøytrinofluksen frå sola, kjernestoffet under ekstreme forhold (tettleik og temperaturar), dynamikk og struktur til atom og molekyl, kvantemekanikk

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i fysikk eller tilsvarende utdanning. Studenter med bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag, kan bli vurdert dersom fysikkbakgrunnen kvalifiserer for mastergraden.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i teoretisk fysikk og modellering omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng.
- emne og eventuelt spesialpensum på til saman 60 studiepoeng valt i samråd med rettleiaren din.  
PHYS201 Kvantemekanikk og PHYS206 Statistisk fysikk og termodynamikk bør inngå i bachelor- eller mastergraden.

### Tilrådd studieplan

|       |         |         |         |
|-------|---------|---------|---------|
| 10. V | oppgåve | oppgåve | oppgåve |
| 9. H  | Val     | oppgåve | oppgåve |
| 8. V  | Val     | val     | oppgåve |
| 7. H  | PHYS206 | val     | val     |

|      |         |         |     |
|------|---------|---------|-----|
| 6. V | PHYS201 | val     | val |
| 5. H | PHYS117 | PHYS115 | val |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Institutt for fysikk og teknologi  
E-post: studierettleiar@ift.uib.no

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor forskning og utvikling, undervisning, datamodellering og analyse, industri og privat og offentleg forvaltning.



# MASTERPROGRAM I GEOFYSIKK

## MAMN-GFFYS Fysisk oseanografi

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Masterprogram:</b> | Geofysikk                               |
| <b>Studieretning:</b> | Fysisk oseanografi                      |
| <b>Grad:</b>          | Master i geofysikk – fysisk oseanografi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                                  |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                    |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                            |

### Mål og innhald

Fysisk oseanografi omfattar studiet av havstraumar, havet sine fysiske eigenskapar og termodynamikk, bølger, frontar, virvlar samt energi- og massebalanse. Spesielt er det fokus på kystområde og polare strøk. Studiet gir moglegheiter for datainnsamling til havs med avansert instrumentering, og kombinasjon av slike observasjonar med informasjon frå satellittar og numerisk modellering. Studiet gir eit godt grunnlag for seinare arbeid med operasjonell oseanografi, kystsoneforvaltning, marin økologi og klimastudier i tillegg til vidare forskning innan fysiske prosessar i havet, og undervisning.

### Fagleg profil

Masterprogrammet i fysisk oseanografi er eit studium som nyttar fysikk, hydrodynamikk, matematikk og arbeid med data. Nord-Atlanteren, Norskehavet og polarområda er viktige fokusregionar.

### Opptaksgrunnlag

Bachelor i meteorologi og oseanografi, fysikk, matematiske fag, informatikk eller tilsvarande.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i fysisk oseanografi må emna GEOF110, GEOF120 og GEOF130 el. tilsvarande vere gjennomført og bestått i løpet av bachelorstudiet.

### Oppbygging av studiet

Mastergraden i fysisk oseanografi omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, men det kan også bli gitt oppgåver med eit omfang på 30 studiepoeng. Spesialpensumet aukar da med 30 studiepoeng.
- emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:
  - emna GEOF310, GEOF330 og GEOF331 er obligatoriske
  - 30 studiepoeng vel du i samråd med rettleiaren. Emna GEOF210, GEOF211, GEOF230, GEOF332 og GEOF335 er blant dei mest aktuelle samt AGF-311 ved UNIS.

### Tilrådd studieplan

|             |                 |                 |                 |
|-------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| <b>4. V</b> | <b>oppgåve</b>  | <b>Oppgåve</b>  | <b>Oppgåve</b>  |
| <b>3. H</b> | <b>Val</b>      | <b>Oppgåve</b>  | <b>Oppgåve</b>  |
| <b>2. V</b> | <b>Val</b>      | <b>Val</b>      | <b>Oppgåve</b>  |
| <b>1. H</b> | <b>GEOF310*</b> | <b>GEOF330*</b> | <b>GEOF331*</b> |

### Kontaktinformasjon

studierettleiar@gfi.uib.no / 55 58 26 04

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid som fagoseanograf innanfor offentlege og private verksemdar, mellom anna forskning, oljeindustri og miljøforvaltning, eller som lektor i grunnskole eller vidaregåande skole (dersom du i tillegg har praktisk-pedagogisk utdanning).

## MAMN-GFKJ Kjemisk oseanografi

---

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Geofysikk                                |
| <b>Studieretning:</b> | Kjemisk oseanografi                      |
| <b>Grad:</b>          | Master i geofysikk – kjemisk oseanografi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                                   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                     |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                             |

### Mål og innhald

I kjemisk oseanografi lærer du om kjemiske stoff i havet og kva rolle dei spelar for havet som eit drivhusgassregulerande medium. Fagretninga tek føre seg karbonkrinslaupet si rolle som pådrivar til fysiske endringar og endringar i dei fysiske vilkåra som havsirkulasjon, blanding og transport. Dette er viktig for å forstå dagens pådriv i klima og dei endringane som ein forventar framover i tid. Faget tek også føre seg kjemiske sporstoff som ein brukar for å oppnå betre kunnskap om klimasensitivitet, blandingsprosessar (isopyknal og diapyknal blanding), sirkulasjon og opphaldstid i havet (termohalin sirkulasjon). Det er stor uvisse knytt til overføringshastigheit av klimagassar mellom luft og hav, og grenseflatedynamikk blir studert med tanke på å forbetre kunnskapen på dette feltet. Det er sterke koplingar mellom karbonkretsløp og økosystem, og eit viktig tema er å vurdere konsekvensar av endringar i desse systema.

### Fagleg profil

Kjemisk oseanografi måler, analyserer og bereknar luft- og havgassutveksling, utbreiing av geokjemiske stoff i havet, budsjett av kjemiske element (mellom anna karbonisyklus) og tilknytte klimarelevante prosessar under fysisk eller biologisk kontroll.

### Opptaksgrunnlag

Bachelor i meteorologi og oseanografi, kjemi, fysikk, matematikk, biologi eller tilsvarande.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i kjemisk oseanografi må emna MNF140, GEOF110, GEOF120 og GEOF130 vere gjennomført og bestått i løpet av bachelorstudiet, BIO202 i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Oppbygging av studiet

Mastergraden i kjemisk oseanografi omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapeleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, men det kan også bli gitt oppgåver med eit omfang på 30 studiepoeng. Spesialpensumet aukar da med 30 studiepoeng.
- emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:
  - emna GEOF230, GEOF335 og GEOF336 er obligatoriske
  - 20 studiepoeng vel du i samråd med rettleiar. Emna GEOF310 og GEOF212 er blant dei mest aktuelle.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>GEOF336</b> | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>GEOF230</b> | <b>GEOF335</b> | <b>Val</b>     |

### Kontaktinformasjon

studierettleiar@gf.uib.no / 55 58 26 04

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid som fageoseanograf innanfor offentlege og private verksemdar, mellom anna forskning, oljeindustri og miljøforvaltning, eller som lektor i grunnskole eller vidaregåande skole (dersom du i tillegg har praktisk-pedagogisk utdanning).

## MAMN-GFKLI Klima

---

|                       |                            |
|-----------------------|----------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Geofysikk                  |
| <b>Studieretning:</b> | Klima                      |
| <b>Grad:</b>          | Master i geofysikk - klima |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                     |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                       |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår               |

### Mål og innhald

Klimaet er ei statistisk skildring av korleis vêret varierer over tid og er typisk skildra av middelværdiar (normalar), ekstremverdiar (maksimum og minimum), og langtidsvariasjonar (trendar) av temperatur, nedbør, vind, skydekke og så vidare. Det globale klimasystemet omfattar dei fem komponentane atmosfære, hav, kryosfære (is og snø), landjord, og biosfære (plante- og dyreliv). I klimastudiet ved Geofysisk institutt blir det lagt vekt på dei fysiske prosessane som styrer klimaet, der atmosfæren og havet sine roller samt sjøisen er i fokus. Studiet vil gi deg ei brei innføring i meteorologi, oseanografi og statistikk, og du vil få god kjennskap til klimavariabilitet og moglege klimaendringar, bl.a. på grunn av endra drivhuseffekt, både globalt og regionalt. Dei uteksaminerte kandidatane frå klimastudiet skal ha brei kjennskap til klimasystemet og vere i stand til å ta aktivt del i samfunnsdebatten om klimaendringar.

### Fagleg profil

Du som tek masterprogrammet i klima får verdifull kjennskap til samspelet mellom lufta og havet, korleis menneska i dag påverkar den naturlege balansen, og korleis påverknader kan verte forsterka gjennom ulike prosessar i luft og hav. Fokusområde er Nord-Atlanteren, Norskehavet og Arktis.

### Opptaksgrunnlag

Bachelor i meteorologi og oseanografi, fysikk, matematikk, matematikk og statistikk, eller informatikk.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i klima må emna GEOF110, GEOF120 og GEOF130 el. tilsvarande vere gjennomført og bestått i løpet av bachelorstudiet.

### Oppbygging av studiet

Mastergraden i klima omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapeleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, men det kan også bli gitt oppgåver med eit omfang på 30 studiepoeng. Spesialpensumet aukar da med 30 studiepoeng.
- emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:
  - emna GEOF310, GEOF320, GEOF330 er obligatoriske
  - 20 studiepoeng vel du i samråd med rettleiaren. Emna GEOF210, GEOF211, GEOF212, GEOF324, GEOF325, GEOF344 og GEOF345 er dei mest aktuelle.

### Tilrådd studieplan

|             |                 |                 |                |
|-------------|-----------------|-----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>oppgåve</b>  | <b>Oppgåve</b>  | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>GEOF310*</b> | <b>Oppgåve</b>  | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>Val</b>      | <b>Val</b>      | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>GEOF320*</b> | <b>GEOF330*</b> |                |

### Kontaktinformasjon

studierettleiar@gfi.uib.no / 55 58 26 04

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid som fagmeteorolog eller oseanograf innanfor offentlege og private verksemder, mellom anna forskning, oljeindustri og miljøforvaltning, eller som lektor i grunnskole eller vidaregåande skole (dersom du i tillegg har praktisk-pedagogisk utdanning).

## MAMN-GFMET Meteorologi

---

|                       |                                  |
|-----------------------|----------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Geofysikk                        |
| <b>Studieretning:</b> | Meteorologi                      |
| <b>Grad:</b>          | Master i geofysikk - meteorologi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                           |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                             |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                     |

### Mål og innhald

Meteorologi er læra om rørslar og prosessar som føregår i atmosfæren. Vi nyttar dei fysiske lovene formulerte i matematiske likningar for å skildre ulike fenomen. Gode kunnskapar i matematikk og fysikk er derfor ein føresetnad for å studere meteorologi. Ved Universitetet i Bergen kan du ta mastergrad i meteorologi innan følgjande område: Studium av vêrsystem og bruk av numeriske modellar for å varsle utviklinga av vêrsystema, studium av lokale vêr- og klimatilhøve, studium av klima på større skala, og studium av strålingsprosessar i atmosfæren. Målsetjinga er primært å gi kandidatar med mastergrad i meteorologi fagleg kompetanse til å jobbe innan vêrvarsling eller forskning i meteorologi. Slike kandidatar vil også ha kompetanse til ei rekkje andre typar jobbar, for eksempel som lærarar i grunnskolen eller vidaregåande skole.

### Fagleg profil

I masterprogrammet i meteorologi blir fysikk og matematikk nytta til å studere fysiske prosessar i atmosfæren og vêrfenomen på ulike skalaer.

### Opptaksgrunnlag

Bachelor i meteorologi og oseanografi, bachelor i (anvendt) matematikk, bachelor i fysikk, bachelor i geofysikk eller liknande.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i meteorologi må emna GEOF110, GEOF120 og GEOF130 el. tilsvarande vere gjennomført og bestått i løpet av bachelorstudiet.

### Oppbygging av studiet

Mastergraden i meteorologi omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapeleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, men det kan også bli gitt oppgåver med eit omfang på 30 studiepoeng. Spesialpensumet aukar da med 30 studiepoeng.
- emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng satt saman slik:
  - emna GEOF220, GEOF310, GEOF320 og GEOF321 er obligatoriske
  - 15 studiepoeng som du vel i samråd med rettleiar. Emna GEOF211, GEOF212, GEOF322, GEOF323, GEOF324 og GEOF325 er blant dei mest aktuelle.

### Tilrådd studieplan

|             |                 |                 |                |
|-------------|-----------------|-----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>oppgåve</b>  | <b>Oppgåve</b>  | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>GEOF321</b>  | <b>Oppgåve</b>  | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>GEOF220</b>  | <b>Val</b>      | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>GEOF310*</b> | <b>GEOF320*</b> | <b>Val</b>     |

### Kontaktinformasjon

studierettleiar@gfi.uib.no / 55 58 26 04

### Yrkesveggar

Studiet gir deg godt grunnlag for arbeid som fagmeteorolog innanfor offentlege og private verksemdar, mellom anna forskning, vêrvarsling og miljøforvalting, eller som lektor i grunnskole eller vidaregåande skole (dersom du i tillegg har praktisk-pedagogisk utdanning).

# MASTERPROGRAM I GEOVITENSKAP

## MAMN-GVDYN Geodynamikk

---

|                       |                                     |
|-----------------------|-------------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Geovitenskap                        |
| <b>Studieretning:</b> | Geodynamikk                         |
| <b>Grad:</b>          | Master i geovitenskap - geodynamikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                              |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                        |

### Mål og innhald

Geodynamiske prosessar kan studerast i tre ulike skalaer: globale, regionale og lokale. Globale dynamiske prosessar som føregår i jorda sitt indre, heng tett saman med geologiske prosessar på jordoverflata, der platetektonikk står sentralt. Bruk av faga geologi og geofysikk er nødvendig for å kunne forstå geodynamiske prosessar. Geofysiske metodar blir nytta til å kartleggje jorda sitt indre, medan geologiske metodar blir brukte til å forstå geologiske prosessar på overflata. I regional skala er geodynamikk viktig for bl.a. å skildre oppbygging og deformasjon av litosfæreplater. Nær aktive plategrenser er både vulkanar og jordskjelv integrerte delar av deformasjonen. Samanhengen mellom kontinental- og havbotnsskorpe er spesielt viktig for oppbygging av norsk kontinentalsokkel, særleg med tanke på petroleumsførekomstar. Aktiv deformasjon gjennom einskilde jordskjelv langs geologiske strukturar (forkastingar) blir sett på som ein del av geodynamiske prosessar i lokal skala. Seismologi, tektonikk, paleomagnetisme og magmatisk petrologi er viktige disiplinar som inngår i fagområdet, og informatikk og matematikk er viktige støttefag innan delar av studiet. Instituttet har eit omfattande samarbeid med oljeindustrien og deltek i ei rekkje internasjonale forskingsprogram innan geodynamikk.

### Fagleg profil

Geodynamiske problemstillingar kan mellom anna studerast gjennom disiplinane seismologi, tektonikk, paleomagnetisme, strukturgeologi, magmatisk petrologi, uorganisk geokjemi og anvendt geofysikk og fastjordsfysikk.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i geologi, geofysikk eller tilsvarende, avhengig av disiplin og spesialisering.

### Oppbygging av studiet

Mastergraden i geodynamikk omfattar eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:

- 20-30 studiepoeng spesifisert ut frå spesialisering
- 30-40 studiepoeng valt fritt i samråd med rettleiar

### Kontaktinformasjon

studierettleiar@geo.uib.no / 55 58 35 19

### Yrkesveggar

Dei fleste med ein mastergrad i geovitenskap får for tida arbeid i oljerelatert verksemd. Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor petroleumsindustri, statlege og offentlege forvaltingsorgan, universitet og høgskolesektor og private konsulent- og forskingsinstitusjonar – eller for eit doktorgradsstudium.

## MAMN-GVKVA Kwartærgeologi og paleoklima

---

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Geovitenskap   |
| <b>Studieretning:</b> | Kwartærgeologi og paleoklima                         |
| <b>Grad:</b>          | Master i geovitenskap - kwartærgeologi og paleoklima |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år   |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår   |

### Mål og innhald

Studiet presenterer jorda si geologiske og klimatiske historie dei siste 3 millionar åra gjennom ei innføring i bl.a. paleoklimatologi, sedimentologi, stratigrafi, kjemi, brelære (glasiologi), oseanografi og geofysikk. Gjennom felt- og laboratoriekurs vil ein lære å rekonstruere og tolke endringar i prosessar og klima bakover i tid, både med låg og høg tidsoppløysing. Kwartærgeologi og paleoklimatologi ved UiB har ein sterk posisjon i internasjonal forskning og er mellom dei leiande innan fleire fagområde. Dette betyr at studentane blir ein del av eit fagmiljø med høg kompetanse innan eit fag som utviklar seg raskt. Mastergraden i kwartærgeologi - paleoklimatologi kvalifiserar til opptak på doktorgradsnivå.

### Fagleg profil

Kwartærgeologiske og paleoklimatiske problemstillingar kan ein mellom anna studere gjennom disiplinane karstgeologi, kwartærgeologi, paleoklimatologi, paleomagnetisme og maringeologi.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i geologi, geofysikk eller tilsvarende, avhengig av disiplin/spesialisering. For enkelte disiplinlar kan også bachelorgrad i naturgeografi danne opptaksgrunnlag, dersom spesifikke krav til geovitskaplege emne i graden er oppfylt.

### Oppbygging av studiet

Mastergraden i kwartærgeologi og paleoklima omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:

- 20-30 studiepoeng spesifisert ut frå spesialisering
- 30-40 studiepoeng valt fritt i samråd med rettleiar

### Kontaktinformasjon

studierettleiar@geo.uib.no / 55 58 35 19

### Yrkesveggar

Dei fleste med ein mastergrad i geovitenskap får for tida arbeid i oljerelatert verksemd. Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor statlege og offentlege forvaltingsorgan, universitet og høgskolesektor og private konsulent- og forskingsinstitusjonar – eller for eit doktorgradsstudium.

## MAMN-GVMAR Marin geologi og geofysikk

---

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Geovitenskap                                       |
| <b>Studieretning:</b> | Marin geologi og geofysikk                         |
| <b>Grad:</b>          | Master i geovitenskap – marin geologi og geofysikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år   |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                                       |

### Mål og innhald

Masterstudiet kan omfatte eit vidt spekter av klassiske underdisiplinar som paleo-oseanografi, sedimentologi, tektonikk, seismikk, topografi, geokjemi og magnetisme. Moderne feltutstyr og avanserte laboratorium står til disposisjon og gir studentane høve til å få ei utdanning i toppklasse innan faget. Mastergradsstudiet gir kompetanse til arbeid innan nasjonale og internasjonale marine aktivitetar, eller til eit doktorgradsstudium.

### Fagleg profil

Marine problemstillingar kan ein mellom anna studere gjennom disiplinane maringeologi, maringeofysikk, paleoklimatologi og paleomagnetisme.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i geologi, geofysikk eller tilsvarande, avhengig av disiplin og spesialisering.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i marin geologi og geofysikk omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:

- 20-30 studiepoeng spesifisert ut frå spesialisering
- 30-40 studiepoeng valt fritt i samråd med rettleiar

### Kontaktinformasjon

studierettleiar@geo.uib.no / 55 58 35 19

### Yrkesveggar

Dei fleste med ein mastergrad i geovitenskap får for tida arbeid i oljerelatert verksemd. Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor oljerelatert verksemd, statlege og offentlege forvaltingsorgan, universitet og høgskolesektor og private konsulent- og forskingsinstitusjonar. Masterstudiet gir også kompetanse til arbeid innanfor nasjonale og internasjonale marine aktivitetar eller til eit doktorgradsstudium.



## MAMN-GVPET Petroleumsgeofag

---

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Geovitenskap                             |
| <b>Studieretning:</b> | Petroleumsgeofag                         |
| <b>Grad:</b>          | Master i geovitenskap - petroleumsgeofag |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                                   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                     |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                             |

### Mål og innhald

Faga geologi og geofysikk er svært nyttige i arbeidet med å finne olje og gass, og for utvinning av slike ressursar på ein sikker og inntektsbringande måte. Geofysiske metodar blir nytta til å kartleggje strukturar i ein bergart, til dømes ved å studere korleis seismiske bølger, genererte i vasslaget av luftkanonar, blir reflekterte frå geologiske grenseflater i undergrunnen. I geologiske disiplinar studerer ein bergartar ved direkte observasjonar, tildømes ved å analysere kjernar frå borehol. Instituttet har tilgang til to forskingsfartøy som blir nytta i utstrekt toktverksemd. Fagområdet spanner frå matematisk beskriving av fysiske lover for bølgeutbreiing, via innsamling av ulike typar data, til tolking og modellering av desse. Strukturgeologi og sedimentologi er viktige disiplinar som inngår i fagområdet, og informatikk og kjemi er viktige støttefag innan delar av studiet. Innan petroleumsgeofag kan du og velja ein europeisk fellesgrad: Basinmaster - hvor utveksling i 3. semester er obligatorisk. Instituttet har eit utstrekt samarbeid med oljeindustrien, og deltek i ei rekke internasjonale forskingsprogram innan petroleum.

### Fagleg profil

Petroleumsrelaterte problemstillingar kan mellom anna studerast gjennom disiplinane petroleumsgeologi, anvend geofysikk, fastjordsfysikk, organisk geokjemi, sedimentologi og strukturgeologi.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i geologi, geofysikk eller tilsvarende, avhengig av disiplin og spesialisering. For enkelte disiplinar kan og bachelorgrad i kjemi eller petroleumsteknologi danne opptaksgrunnlag, dersom spesifikke krav til geovitskaplege emne i graden er oppfylt.

### Oppbygging av studiet

Mastergraden i petroleumsgeofag omfattar eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:

- 20-30 studiepoeng spesifisert ut frå spesialisering
- 30-40 studiepoeng valt fritt i samråd med rettleiar

Basinmaster har ei oppgåve på 30 studiepoeng og ein emnedel på 90 studiepoeng.

### Kontaktinformasjon

studierettleiar@geo.uib.no / 55 58 35 19

### Yrkesveggar

Dei fleste med ein mastergrad i geovitenskap får for tida arbeid i oljerelatert verksemd. Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor oljerelatert verksemd, statlege og offentlege forvaltingsorgan, universitet og høgskolesektor og private konsulent- og forskingsinstitusjonar. Masterstudiet gir også kompetanse til arbeid innanfor nasjonale og internasjonale marine aktivitetar eller til eit doktorgradsstudium.

## MAMN-HAV MASTERPROGRAM I HAVBRUKS BIOLOGI

|                       |                          |
|-----------------------|--------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Havbruksbiologi          |
| <b>Grad:</b>          | master i havbruksbiologi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                     |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår             |

### Mål og innhald

Målet med programmet er å gi deg omfattande vitenskapleg og praktisk kompetanse innan samspel mellom miljø og utvikling, vekst og reproduksjon hos sentrale artar i oppdrett. Problemstillingane blir normalt definerte innan yngelproduksjon og "juvenil" fase av laksefisk og marine artar i oppdrett. Ein fokuserer også på livshistoriestrategiar, spesielt på reproduksjonsfysiologi og ontogeni (smoltifisering og metamorfose). Du får innsikt i og erfaring med arbeid med bl.a. fysiologi, endokrinologi, histologi og molekylære metodar. Du får også praktisk kunnskap om intensive og ekstensive oppdrettssystem, norske lover og forskrifter som er relatert til oppdrettsnæringa og ei oversikt over internasjonal akvakultur.

### Fagleg profil

Studiet legg vekt på yngelproduksjon av laksefisk og marine artar og forståing av fiskefysiologi i oppdrettssystem og miljøverknader av slike system på ulike utviklingsstadium i livssyklusen hos fisk. Det blir også fokusert på livshistoriestrategiar, særleg på reproduksjonsfysiologi og ontogeni (smoltifisering og metamorfose).

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad eller tilsvarande i biologi, havbruk eller molekylærbiologi.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i havbruksbiologi omfattar eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) på 30 eller 60 studiepoeng og emne eller spesialpensum på til saman 60 eller 90 studiepoeng sett saman av følgjande obligatoriske emne: MAR250 Innføring i havbruksbiologi, MAR251 Praksisperiode, lovverk og forvaltning i akvakultur og MAR251 Etikk og velferd hos akvatiske organismar, MAR350 Spesialisering i havbruksbiologi (10 studiepoeng), BIO300 Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett. Dersom du har tatt desse emna eller tilsvarande emne tidlegare, vel du andre emne i samråd med rettleiaren og instituttet. Dersom du vel ei kort oppgåve, må du setje av 15 studiepoeng til å skrive ei semesteroppgåve, ein litteraturstudie eller ein populærvitenskapleg artikkel.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>MAR350</b>  | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>MAR251</b>  | <b>MAR252</b>  | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>BIO300</b>  | <b>MAR250</b>  | <b>BIO291</b>  |

### Kontaktinformasjon

Studieveileder ved Institutt for biologi  
E-post: studie@bio.uib.no

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid som stipendiat eller juniorforskar ved forskingsinstitutt eller større selskap, produksjonsansvarleg ved oppdrettsanlegg, saksbehandlar innanfor offentlig forvaltning, konsulent, lektor (dersom du i tillegg har pedagogiske fag) eller rådgivar i havbruksrelaterte spørsmål.

# MASTERPROGRAM I INFORMATIKK

## MAMN-INFAG Algoritmer

|                       |                                   |
|-----------------------|-----------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Informatikk                       |
| <b>Studieretning:</b> | Algoritmer                        |
| <b>Grad:</b>          | Master i informatikk - algoritmer |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                            |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                              |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust (hovudopptak) og vår        |

### Mål og innhald

Masterretninga algoritmar tar for seg utvikling av framgangsmåtar (algoritmar) for å løyse problem raskast mogleg på ei datamaskin. Målsettinga er å finne ein mest mogleg effektiv løysingsmetode enten gjennom analyse eller gjennom praktiske testar. Studiet omfattar også ulike fundamentale aspekt ved algoritmar, som å identifisere problem som vanskeleg lar seg løyse effektivt på ei datamaskin. For desse vil ein stor del av arbeidet dreie seg om utvikling av alternative løysingsmetodar. Dette kan vere algoritmar som fungerer raskt på spesielle typar inndata eller som finn ei tilnærma løysing framfor ei eksakt.

### Fagleg profil

Gruppa for algoritmar forskar på utvikling av framgangsmåtar (algoritmar) som løyser problem raskast mogleg på ei datamaskin. Fundamentale aspekt ved algoritmar blir studert, blant anna det viktige samspelet mellom datastruktur og algoritmar. Ein stor del av arbeidet består i å analysere og samanlikne ulike algoritmar for å kunne føreseie kven som vil løyse eit gitt problem raskast. Det er også i gang forskning med å lage tilnæringsløyningar for problem som er så vanskelege at dei sannsynlegvis ikkje lar seg løyse innanfor rimelig tid.

### Opptaksgrunnlag

Enten bachelorgrad i informatikk frå Institutt for informatikk, UiB, eller ein vilkårlig bachelorgrad med minst 20 studiepoeng matematikk og 60 studiepoeng informatikk. Merk at det er egne krav til informatikk, matematikk og fagsamansetjing i bachelorgraden i informatikk ved UiB. Studiet har eit avgrensa tal på studieplassar, og opptaket blir regulert på basis av karakterar. Studentar som tar bachelorgrad ved ein høgskule, bør vere særskild merksame på matematikkkrava for opptak, matematikk er ikkje obligatorisk i alle informatikkgradar ved høgskulene.

### Andre krav

Ein bachelorgrad med minst 20 studiepoeng matematikk og 60 studiepoeng informatikk. Studiet har eit avgrensa tal på studieplassar, og opptaket blir regulert på basis av karakterar.

### Oppbygging av studiet

Studiet har to komponentar: Kursdel og mastergradsoppgåve. Den samla arbeidsmengda skal vere 120 studiepoeng. Det er mogleg å skrive masteroppgåve på 30 studiepoeng.

Kursdelen:

- Tre emne er obligatoriske i masterstudiet:
  - INF234 Algoritmar
  - INF235 Kompleksitetsteori
  - INF334 Vidaregåande algoritmeteknikkar

- Dei andre emna skal vere på 200- eller 300-talsnivå.

Etter avtale med rettleiar, kan ein ha inntil 10 studiepoeng på 100-nivå. Emne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samarbeid med rettleiar for å gi eit godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                      |                    |
|-------------|----------------|----------------------|--------------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b>       | <b>Oppgåve</b>     |
| <b>3. H</b> | <b>INF334</b>  | <b>Oppgåve/val</b>   | <b>Oppgåve/val</b> |
| <b>2. V</b> | <b>INF235</b>  | <b>INF236/INF237</b> | <b>Oppgåve/val</b> |
| <b>1. H</b> | <b>INF234</b>  | <b>val</b>           | <b>MAT221/val</b>  |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiaren ved Institutt for informatikk.

E-postadresse: studieveileder@ii.uib.no

### Yrkesveggar

IKT-teknologi blir i stadig aukande grad ein basisteknologi i all næringsverksemd og forvaltning, og våre kandidatar er svært etterspurde når det gjeld å halde ved like og utvikle IT-system. Mange får seg også jobb innanfor IT-industrien eller innanfor forskning og høgare utdanning.

## MAMN-INFBI Bioinformatikk

---

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Informatikk  |
| <b>Studieretning:</b> | Bioinformatikk   |
| <b>Grad:</b>          | Master i informatikk - bioinformatikk  |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år   |
| <b>Oppstart:</b>      | Hovudopptaket er om hausten, men dersom søkjarane har spesiell bakgrunn eller ønsker kort masteroppgåve, kan opptak også skje i vårsemesteret. |

### Mål og innhald

Bioinformatikk er eit fagområde i skjæringspunktet mellom informatikk og biologi. Teknikkar og metodar frå informatikk blir brukt for å løyse problem relatert til molekylærbiologisk forskning, spesielt analyse av den store datamengda som blir produsert. I tillegg til at generelle informatiske metodar blir brukt, må nye metodar utviklast for å løyse dei nye problemstillingane som dukkar opp. Masterstudiet i bioinformatikk har som mål å setje studentane i stand til å vera med i denne utviklinga, samtidig som det gir ei generell informatisk utdanning.

### Fagleg profil

Bioinformatikkgruppa ved UIB var den første som blei etablert nasjonalt, og ei av dei første internasjonalt. Dei har utstrakt internasjonalt samarbeid. Det er oppretta eit eige senter i bioinformatikk (CBU, Computational Biology Unit), som er nært tilknytt gruppa, mellom anna gjennom samlokalisering. Masterstudentane kan få rettleiing frå forskarar på CBU. Meir informasjon på heimesidene til gruppa og på [www.cbu.uib.no](http://www.cbu.uib.no)

### Opptaksgrunnlag

Enten bachelorgrad i informatikk frå Institutt for informatikk, UiB, eller ein vilkårlig bachelorgrad med minst 20 studiepoeng matematikk og 60 studiepoeng informatikk. Merk at det er egne krav til informatikk, matematikk og fagsamansetjing i bachelorgraden i informatikk ved UiB. Studiet har eit avgrensa tal på studieplassar, og opptaket blir regulert på basis av karakterar. Studentar som tar bachelorgrad ved ein høgskule, bør vere særskild merksame på matematikkkrava for opptak, matematikk er ikkje obligatorisk i alle informatikkgradar ved høgskulene.

### Oppbygging av studiet

Studiet har to komponentar: Kursdel og mastergradsoppgåve. Den samla arbeidsmengda skal vere 120 studiepoeng. Det er mogleg å skrive masteroppgåve på 30 studiepoeng.

Kursdelen:

- 4 emne er obligatoriske i masterstudiet:
  - INF234 Algoritmar
  - INF280 Søkning og maskinlæring
  - INF380 Biologisk sekvens- og strukturanalyse
  - MOL301 Biomolekyl

- Dei andre emna i kursdelen skal vere på 200- og 300-talsnivå. Etter avtale med rettleiar, kan ein ha inntil 10 studiepoeng på 100-nivå. Emne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samarbeid med rettleiar for å gi eit godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva.

### Tilrådd studieplan

|             |                    |                |                    |
|-------------|--------------------|----------------|--------------------|
| <b>4. V</b> | <b>oppgåve</b>     | <b>oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b>     |
| <b>3. H</b> | <b>Oppgåve/val</b> | <b>oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b>     |
| <b>2. V</b> | <b>INF380</b>      | <b>val</b>     | <b>Oppgåve/val</b> |
| <b>1. H</b> | <b>INF234</b>      | <b>INF280</b>  | <b>MOL301</b>      |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiaren ved Institutt for informatikk.  
E-postadresse: [studieveileder@ii.uib.no](mailto:studieveileder@ii.uib.no)

### Yrkesvegar

Arbeidsmarknaden i bioinformatikk i Noreg er førebels mest knytt til academia. Feltet er under oppbygging ved dei fleste norske universiteta, og i tillegg vil større biologiske/medisinske senter ha behov for bioinformatikarar. Internasjonalt er etterspørselen stor, både i academia og i legemiddelindustrien / bioteknologisk industri. Kandidatar vil også vere kvalifiserte for informatikkjobbar generelt.

## MAMN-INFOP Optimering

---

|                       |                                   |
|-----------------------|-----------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Informatikk                       |
| <b>Studieretning:</b> | Optimering                        |
| <b>Grad:</b>          | Master i informatikk - optimering |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                            |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                              |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust (hovudopptak) og vår        |

### Mål og innhald

I studieretninga optimering studerer ein framgangsmåtar for å formulere og løyse optimeringsproblem på ei datamaskin. Modellering er å formulere praktiske problem, som eit optimeringsproblem som kan løysast på ei datamaskin. Ferdige kandidatar skal ha fått solide vitenskapleg funderte kunnskapar og kompetanse i informatikk generelt og i optimering spesielt. Ein skal ha fått ei god innføring i vitenskaplege arbeidsmåtar og trening i sjølvstendig arbeid med omfattande og krevjande faglege oppgåver. Ein vil ha utvikla spisskompetanse innan ei spesialisering i optimering, og ein vil ha kompetanse i praktisk modellering, samt godt oversyn over andre fagområde.

Innanfor masterprogrammet i informatikk med studieretning optimering kan du velje mellom følgjande spesialiseringar:

- Diskret/kombinatorisk optimering
- Kontinuerleg optimering

I begge spesialiseringane vil det vere stort innslag av praktisk optimeringsarbeid med optimeringsproblem henta frå industri og næringslivet elles.

### Fagleg profil

Gruppa for optimering forskar på effektive løysingsmetodar for optimeringsproblem. Det er enkelte felles faglege problemstillingar mellom optimering og sikker og påliteleg kommunikasjon, og mellom optimering og algoritmar.

### Opptaksgrunnlag

Enten bachelorgrad i informatikk frå Institutt for informatikk, UiB, eller ein vilkårlig bachelorgrad med minst 20 studiepoeng matematikk og 60 studiepoeng informatikk. Merk at det er egne krav til informatikk, matematikk og fagsamansetjing i bachelorgraden i informatikk ved UiB. Studiet har eit avgrensa tal på studieplassar, og opptaket blir regulert på basis av karakterar. Studentar som tar bachelorgrad ved ein høgskule, bør vere særskild merksame på matematikkkrava for opptak, matematikk er ikkje obligatorisk i alle informatikkgradar ved høgskulene.

### Oppbygging av studiet

Studiet har to komponentar: Kursdel og mastergradsoppgåve. Den samla arbeidsmengda skal vere 120 studiepoeng. Det er mogleg å skrive masteroppgåve på 30 studiepoeng.

Kursdelen:

- To emne er obligatoriske:
  - INF234 Algoritmar
  - INF 270 Optimeringsmetodar
- Dei andre emna skal vere på 200- eller 300-talsnivå.

Etter avtale med rettleiar, kan ein ha inntil 10 studiepoeng på 100-nivå. Emne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samarbeid med rettleiar for å gi eit godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva.

### Tilrådd studieplan

|             |                    |                   |                       |
|-------------|--------------------|-------------------|-----------------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b>     | <b>Oppgåve</b>    | <b>Oppgåve</b>        |
| <b>3. H</b> | <b>Oppgåve/val</b> | <b>Oppgåve</b>    | <b>Oppgåve</b>        |
| <b>2. V</b> | <b>INF371/val</b>  | <b>INF372/val</b> | <b>INF237/oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>INF234</b>      | <b>INF270</b>     | <b>MAT261/val</b>     |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiaren ved Institutt for informatikk.  
E-postadresse: studieveileder@ii.uib.no

### Yrkesvegar

IKT-teknologi blir i stadig aukande grad ein basisteknologi i all næringsverksemd og forvaltning, og kandidatar med ein mastergrad i informatikk er svært etterspurde når det gjeld å halde ved like og utvikle IT-system. Mange får seg også jobb innanfor IT-industrien eller innanfor forskning og høgare utdanning. Dei som spesialiserer seg innanfor optimering, arbeider ofte med modellering, metodeutvikling og implementering innanfor produksjonsplanlegging, transport og andre former for industriell planlegging. Den vidaregåande skolen har eit stort udekt behov for lærarar med god bakgrunn i matematikk og informatikk.

## MAMN-INFPR Programutvikling

---

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Masterprogram:</b> | Informatikk                             |
| <b>Studieretning:</b> | Programutvikling                        |
| <b>Grad:</b>          | Master i informatikk - programutvikling |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                                  |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                    |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust (hovudopptak), vår                |

### Mål og innhald

Spesialiseringa innan programvareutvikling legg vekt på opplæring i og bruk av moderne systemutviklingsmetodar og teknologi. Målet er å utdanne kandidatar med spisskompetanse innanfor avansert datateknologi med fokus på praktiske problemstillingar. Spesialiseringa innan programutviklingsteori legg vekt på dei teoretiske grunnprinsippa og metodane som ligg under konstruksjonen og analysen av komplekse datasystem. Målet er å utdanne kandidatar med spisskompetanse innanfor avansert programmeringsteori, der hovudvekta ligg på fleksible løysingar med omsyn på teknologiske endringar og utvikling.

### Fagleg profil

#### Programutviklingsteori

Gruppa for programutviklingsteori forskar på omgrepsapparatet som er grunnlaget for programmering og korleis dette omgrepsapparatet påverkar programmeringsprosessen. I denne forskinga ser gruppa på programsemantikk, programmeringsteknologiar, og eksperimenterer med språk og ulike verkty som støttar oppunder programmering. Ein vesentleg del gjer bruk av algebraiske metodar, men logikk og typeteori blir også nytta. Noe av aktiviteten er retta mot parallellprogrammering (fleirkjerneprosessorar, trådprogrammering, superdatamaskiner, mm).

#### Programvareutvikling

Studiet er et samarbeid mellom Universitetet i Bergen og Høgskulen i Bergen og gir spesialisering innanfor programvareutvikling. Det vert lagt vekt på opplæring og bruk av moderne system- og programutviklingsmetodar og teknologi. Målet er å utdanne kandidatar med spisskompetanse innanfor avansert datateknologi med fokus på praktiske problemstillingar. Studentane skal etter gjennomført studium stå godt rusta til å arbeide med utvikling av alle typar datasystem og programvare innanfor både tekniske og administrative bruksområde.

### Opptaksgrunnlag

Enten bachelorgrad i informatikk frå Institutt for informatikk, UiB, eller ein vilkårlig bachelorgrad med minst 20 studiepoeng matematikk og 60 studiepoeng informatikk. Merk at det er eigne krav

til informatikk, matematikk og fagsamansetjing i bachelorgraden i informatikk ved UiB. Studiet har eit avgrensa tal på studieplassar, og opptaket blir regulert på basis av karakterar. Studentar som tar bachelorgrad ved ein høgskule, bør vere særskild merksame på matematikkkrava for opptak, matematikk er ikkje obligatorisk i alle informatikkgradar ved høgskulene.

### Oppbygging av studiet

Studiet har to komponentar: Kursdel og mastergradsoppgåve. Den samla arbeidsmengda skal vere 120 studiepoeng.

Kursdelen:

- I spesialiseringa programutviklingsteori er følgjande emne obligatoriske:
  - INF234 Algoritmar
  - INF220 Programspesifikasjon
  - INF227 Innføring i logikk
  - I tillegg er det til eit krav om minst eitt av kursa INF210 Datamaskinteori og INF225 Innføring i programomsetjing inngår i studiet.
- I spesialiseringa programvareutvikling er følgjande emne obligatoriske:
  - INF234 Algoritmar
  - MOD250 Avansert programvareteknologi (HiB)
  - MOD251 Moderne systemutviklingsmetodar (HiB)
- Emna i kursdelen skal vere på 200- og 300-talsnivå. Emne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samarbeid med rettleiar for å gi eit godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva. Etter avtale med rettleiar, kan ein ha inntil 10 studiepoeng på 100-nivå.



## Tilrådd studieplan

### *Spesialisering i programutviklingsteori*

|             |                   |                   |                           |
|-------------|-------------------|-------------------|---------------------------|
| <b>4. V</b> | <b>oppgåve</b>    | <b>oppgåve</b>    | <b>Oppgåve</b>            |
| <b>3. H</b> | <b>INF329/val</b> | <b>oppgåve</b>    | <b>Oppgåve</b>            |
| <b>2. V</b> | <b>INF227</b>     | <b>INF223/val</b> | <b>Oppgåve</b>            |
| <b>1. H</b> | <b>INF234</b>     | <b>INF220</b>     | <b>INF210/<br/>INF225</b> |

### *Spesialisering i programvareutvikling*

|             |                    |                |                    |
|-------------|--------------------|----------------|--------------------|
| <b>4. V</b> | <b>oppgåve</b>     | <b>oppgåve</b> | <b>oppgåve</b>     |
| <b>3. H</b> | <b>Oppgåve/val</b> | <b>oppgåve</b> | <b>oppgåve</b>     |
| <b>2. V</b> | <b>MOD252/val</b>  | <b>MOD251</b>  | <b>Oppgåve/val</b> |
| <b>1. H</b> | <b>INF234</b>      | <b>MOD250</b>  | <b>Val</b>         |

## Kontaktinformasjon

Studierettleiaren ved Institutt for informatikk.  
E-postadresse: studieveileder@ii.uib.no

## Yrkesveggar

IKT-teknologi blir i stadig aukande grad ein basisteknologi i all næringsverksemd og forvaltning, og våre kandidatar er svært etterspurde når det gjeld å halde ved like og utvikle IT-system. Mange får seg også jobb innanfor IT-industrien eller innanfor forskning og høgare utdanning. Andre moglege yrkesveggar finst i bank, forsikring, TV (for eksempel Vizrt: [www.vizrt.no](http://www.vizrt.no)), i konsulentverksemd og i industri (for eksempel Hydro og Statoil).



## MAMN-INFSI Sikker og trådløs kommunikasjon

---

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Informatikk  |
| <b>Studieretning:</b> | Sikker og trådløs kommunikasjon                        |
| <b>Grad:</b>          | Master i informatikk – sikker og trådløs kommunikasjon |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år   |
| <b>Oppstart:</b>      | Hovudopptak haust, vår.                                |

### Mål og innhald

Masterstudiet i sikker og robust kommunikasjon omhandlar kodeteori, kryptografi og datatryggleik i faste og trådlause kommunikasjonssystem.

*Kodeteori* handlar om metodar for å sikre data mot feil som oppstår under kommunikasjon eller lagring av data. Dette fagområdet er fundamentalt for å gjere kommunikasjonssystem dugande og pålitelige. *Kryptografi* omfattar metodar for å sikre data mot uautorisert innsyn, endring og forfalsking, og til å lage digitale signaturar. *Datatryggleik* omfattar studie av svakheiter overfor vondsinna angrep mot kommunikasjons- og informasjonssystema. Fagområda kodeteori, kryptografi og datatryggleik er nært knytt til kvarandre, og utgjer fokusområda til Selmersenteret.

Problem som er aktuelle for oppgåver spenner over eit spekter frå reine teorioppgåver som er matematiske av natur, til oppgåver med hovudvekt på utvikling og implementering av forskjellige algoritmar i kodeteori og kryptologi eller i sikker og effektiv trådlaus bruk. Masterstudentar innan sikker kommunikasjon vil kvalifisere til jobbar som ekspertar innan kommunikasjons- og datatryggleik.

### Fagleg profil

Masterprogrammet opnar for både teoretiske oppgåver og oppgåver av meir praktisk karakter. Oppgåvene blir valde med sikte på å gjere kandidatane fortrulege med problemstillingar i den internasjonale forskingsfronten.

### Opptaksgrunnlag

Enten bachelorgrad i informatikk frå Institutt for informatikk, UiB, eller ein vilkårlig bachelorgrad med minst 20 studiepoeng matematikk og 60 studiepoeng informatikk. Merk at det er egne krav til informatikk, matematikk og fagsamansetjing i bachelorgraden i informatikk ved UiB. Studiet har eit avgrensa tal på studieplassar, og opptaket blir regulert på basis av karakterar. Studentar som tar bachelorgrad ved ein høyskule, bør vere særskild merksame på matematikkra for opptak, matematikk er ikkje obligatorisk i alle informatikkgradar ved høyskulene.

### Tilrådde forkunnskapar

Vi tilrår studentane å ha generelle kunnskapar svarande til INF142 Datanett og INF143 Tryggleik i distribuerte system. Studentar som planlegg spesialisering innan kodeteori eller kryptografi blir tilrådd å ha MNF130 Diskrete strukturar og MAT121 Lineær algebra. Andre emne kan vere tilrådde avhengig av oppgåve.

### Oppbygging av studiet

Studiet har to komponentar: Kursdel og mastergradsoppgåve. Den samla arbeidsmengda skal vere 120 studiepoeng. Masteroppgåva er eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid som utgjer (30 eller) 60 studiepoeng. Kursdelen:

- Obligatoriske emne i mastergraden i sikker og trådlaus kommunikasjon er:
  - INF234 Algoritmar
  - INF240 Grunnleggjande kodar
- I spesialiseringa kodeteori er i tillegg følgjande emne obligatoriske:
  - INF244 Grafbasert kodeteori
- I spesialiseringa kryptografi er i tillegg følgjande emne obligatorisk:
  - INF247 Kryptografi
- I spesialiseringa datatryggleik er i tillegg følgjande emne obligatorisk:
  - INF245 Sikker og trådlaus kommunikasjon
- Dei andre emna skal være på 200- eller 300- tals nivå.

Emne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samarbeid med rettleiar for å gi eit godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva. Etter avtale med rettleiar, kan ein ha inntil 10 studiepoeng på 100-nivå.

## Tilrådd studieplan

### *Spesialisering i kodeteori*

|             |                      |                |                      |
|-------------|----------------------|----------------|----------------------|
| <b>4. V</b> | <b>oppgåve</b>       | <b>oppgåve</b> | <b>oppgåve</b>       |
| <b>3. H</b> | <b>INF243/INF244</b> | <b>oppgåve</b> | <b>oppgåve</b>       |
| <b>2. V</b> | <b>Val</b>           | <b>Val</b>     | <b>oppgåve</b>       |
| <b>1. H</b> | <b>INF234</b>        | <b>INF240</b>  | <b>INF243/INF244</b> |

### *Spesialisering i kryptografi*

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>oppgåve</b> | <b>oppgåve</b> | <b>oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>val</b>     | <b>oppgåve</b> | <b>oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>INF247</b>  | <b>Val</b>     | <b>oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>INF234</b>  | <b>INF240</b>  | <b>val</b>     |

### *Spesialisering i datatryggleik*

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>oppgåve</b> | <b>oppgåve</b> | <b>oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Val</b>     | <b>oppgåve</b> | <b>oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>INF245</b>  | <b>Val</b>     | <b>oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>INF234</b>  | <b>INF240</b>  | <b>val</b>     |

## Kontaktinformasjon

Studierettleiaren ved Institutt for informatikk.

E-postadresse: studieveileder@ii.uib.no

## Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor forskning og utvikling, undervisning, IT og industri med spesiell kompetanse innanfor kommunikasjons- og datatryggleik.

## MAMN-INFVI Visualisering

---

|                       |                                      |
|-----------------------|--------------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Informatikk                          |
| <b>Studieretning:</b> | Visualisering                        |
| <b>Grad:</b>          | Master i informatikk - visualisering |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                               |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                 |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust (hovudopptak) og vår           |

### Mål og innhald

Visualisering er eit område med stadig aukande relevans i informatikk. Avansert datagrafikk blir brukt til å gje innsikt i stor og komplekse datasett som kjem frå storskala målingar (medisinske 3D skannarar, sonar, seismiske målingar, etc), datasimuleringar (veskedynamikk, deforming av strukturar, etc.) eller kompleks modellering (dynamiske system, etc). Visualisering gjeld både utnytting og analyse av slike datasett og presentasjon av resultat. Viktige døme er volumrendering (attgjeving) av medisinske 3D bilete, visualisering av luftstraumen rundt bilar og fly, og visualisering av hierarkiske datastrukturar som t.d. filsystem.

### Fagleg profil

Utdanninga vil fokusere på innsikt i grunnleggjande visualiseringsmetodar med vekt på bruk av desse metodane i ulike fag som t.d. medisin, marine fag, oljerelaterte fag.

### Opptaksgrunnlag

Enten bachelorgrad i informatikk frå Institutt for informatikk, UiB, eller ein vilkårleg bachelorgrad med minst 20 studiepoeng matematikk og 60 studiepoeng informatikk. Merk at det er egne krav til informatikk, matematikk og fagsamansetjing i bachelorgraden i informatikk ved UiB. Studiet har eit avgrensa tal på studieplassar, og opptaket blir regulert på basis av karakterar. Studentar som tar bachelorgrad ved ein høgskule, bør vere særskild merksame på matematikkkrava for opptak, matematikk er ikkje obligatorisk i alle informatikkgradar ved høgskulene.

### Tilrådde forkunnskapar

Søkjarar må ha omfattande programmeringserfaring i minst eit programmeringsspråk. Det er sterkt tilrådd at emnet INF251 Grafisk databehandling inngår i bachelorgraden Interesse for andre realfag eller tekniske fag er svært nyttig.

### Oppbygging av studiet

Studiet har to komponentar: kursdel og mastergradsoppgåve. Den samla arbeidsmengda skal vere 120 studiepoeng.

Kursdelen er organisert som ei rekkje kurs i ei logisk rekkjefølgje. Det betyr at vidaregåande kurs byggjer på grunnleggjande kurs og at ein kan spesialisere seg i ulike retningar etter interesse. 5 emne er obligatoriske i mastergraden, mens det 6. kan veljast i samråd med rettleiar.

- Følgjande emne er ein obligatorisk del av bachelor- eller masterstudiet:
  - INF251 Grafisk databehandling
  - INF234 Algoritmar
  - INF252 Visualisering
  - INF219 Individuelt prosjekt
  - INF358 Seminar i visualisering
  - INF359 Utvalde emne i visualisering

INF251 (tidligere INF211) Grafisk databehandling er ein føresetnad (det er mogleg for dei som ikkje har tatt dette kurset eller tilsvarende i bachelorstudiet, å ta det under masterstudiet, men dette gir eit suboptimalt opplegg). Kurset gir ein tekniske basis for studiet av visualisering. Studentane vil bli kjende med 3D datagrafikk, representasjon av grafiske data og grafikkmaskinvare.

INF252 (tidligere INF212) Visualisering er kjernekurset i studieretninga. Kurset dekkjer persepsjonsaspekta av humant syn og prinsippa for omforming av digitale data til kunnskap ved bruk av datagrafikk og interaksjon. Kurset dekkjer eit breitt spekter av visualiseringsteknikkar basert på forma av digital informasjon som skal omformast. Normalt bør kurset takast i fyrste semester i masterstudiet.

For å få grunnleggjande praksis i utvikling av visualiseringsløyisingar under nøye rettleiing er INF219 Individuelt prosjekt er viktig del av masterstudiet. Eit anna viktig kurs er INF358 Seminar i visualisering. Studentane vil få nær kontakt med stilen i vitenskaplege arbeid. I kurset vil ein både studere vitenskapleg litteratur, utføre og dokumentere eige arbeid skriftleg og presentera det munnleg. Kurset INF359 Utvalde emne i visualisering byggjer på INF252 og vil presentere

vidaregåande emne innan visualisering, spesielt emne opp mot forskinga på instituttet. Emne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samarbeid med rettleiar for å gje eit godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva.

#### Tilrådd studieplan

|            |                |                             |                            |
|------------|----------------|-----------------------------|----------------------------|
| <b>4.V</b> | <b>oppgåve</b> | <b>oppgåve</b>              | <b>oppgåve</b>             |
| <b>3.H</b> | <b>Val</b>     | <b>oppgåve</b>              | <b>oppgåve</b>             |
| <b>2.V</b> | <b>INF219</b>  | <b>INF359<br/>(VISUAL2)</b> | <b>oppgåve</b>             |
| <b>1.H</b> | <b>INF234</b>  | <b>INF252</b>               | <b>INF358<br/>(VISUAL)</b> |

Studentar som har tatt INF252 i bachelorstudiet, bør ta INF219 i første haustsemester. Studentar som ikkje har tatt INF219 tidlegare, må ta det andre haustsemester.

#### Kontaktinformasjon

Studierettleiaren ved Institutt for informatikk.  
E-postadresse: studieveileder@ii.uib.no

#### Yrkesveggar

Etter fullført mastergrad i visualisering har studentane mange moglegheiter. Dei er vel budde for alt IT-relatert arbeid. Dei vil vere særleg vel skikka for FoU i visualisering og 3D-grafikk. Typiske jobbar er utvikling av system for CAD og GIS, utvikling av medisinske arbeidsstasjonar, design og utvikling av programvare for visuell analyse og utnytting av data frå industrien (for eksempel olje- og gassindustrien, fiskeri, bildesign). Kandidatane vil også ha kunnskap om utvikling av spel, 3D-modellering og forretningsgrafikk, programmering av grafikkmaskinvare og brukargrensesnitt for alt frå mobiltelefonar til VR (virtual reality)-omgivnader.

# MASTERPROGRAM I KJEMI

## MAMN-KJBIO Biofysikalsk kjemi

|                       |                                     |
|-----------------------|-------------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Kjemi                               |
| <b>Studieretning:</b> | Biofysikalsk kjemi                  |
| <b>Grad:</b>          | Master i kjemi – biofysikalsk kjemi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                              |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                        |

### Mål og innhald

Biofysikalsk kjemi omfattar struktur- og dynamikkstudiar av biomolekyl (protein, DNA-nukleotidar, karbohydrat, lipidar). Forskningsoppgåver vil liggje i grenseområdet mellom kjemi, biokjemi, molekylær biologi og farmasi. Aktuelle problemstillingar dekkjer eit vidt spekter av tema frå medisin til miljøkjemi, for eksempel utvikling av antikreftmedikament, psykofarmaka og studiar av tungmetall i biologiske system. Mange av oppgåvene inngår i internasjonale forskingsprosjekt. Ei rekkje eksperimentelle metodar blir nytta, mellom anna høgfelt NMR-spektroskopi og kromatografi (HPLC). I dei fleste oppgåvene inngår bruk av IT-basert dataanalyse og molekylgrafikk.

### Fagleg profil

Forskningsgruppene innanfor biofysikalsk kjemi har særskild kompetanse på problemstillingar knytte til antikreft, antiviral og antitykoseaktivitet.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i kjemi, molekylærbiologi, biokjemi eller tilsvarande utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar, kan bli teken opp viss bakgrunnen din blir vurdert som tilfredsstillande i forhold til masteroppgåva.

### Andre krav

Emnet KJEM 250 Analytisk kjemi skal vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller mastergrada.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i biofysikalsk kjemi omfattar eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:

- KJEM217 Biofysikalsk kjemi, KJEM220 Molekylmodellering og KJEM251 NMR-spektroskopi I (på til saman 30 studiepoeng)
- Minst eitt av emna KJEM230 Analytisk organisk kjemi og KJEM232 Eksperimentell syntetisk kjemi.
- Resten av emna vel du i samråd med rettleiaren din.

Ver oppmerksom på at KJEM217 berre blir undervist kvar andre haust, neste gong 2008. Det er derfor viktig at du så tidleg som mogleg tek kontakt med rettleiaren din for å planleggje plasseringa av emna.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>KJEM251</b> | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>KJEM217</b> | <b>KJEM220</b> | <b>Val</b>     |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Kjemisk institutt (55 58 34 45, studierettleiar@kj.uib.no).  
<http://www.kj.uib.no>

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor industri, forvaltning og tilsyn, undervisning, forskning, farmasøytisk industri og miljørelaterte yrke.

## MAMN-KJFY S Fysikalsk kjemi

---

|                       |                                  |
|-----------------------|----------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Kjemi                            |
| <b>Studieretning:</b> | Fysikalsk kjemi                  |
| <b>Grad:</b>          | Master i kjemi – fysikalsk kjemi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                           |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                             |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                     |

### Mål og innhald

I fysikalsk kjemi bruker vi avanserte målemetodar i kombinasjon med termodynamiske eller molekylære modellar for å studere kjemiske prosessar. Studiet er hovudsakleg eksperimentelt, men det blir også brukt moderne dataverktøy for å modellere prosessane. Systema du skal studere varierer frå frie molekyl og molekyl på grenseflater til mikrodråpar, emulsjonar og aggregat av molekyl. Det eksperimentelle arbeidet blir utført på universitetet, ved samarbeidande industriverksemder eller internasjonale forskingsinstitusjonar. Målsetjinga for denne forskinga er å studere grunnleggjande kjemiske eigenskapar og korleis desse påverkar naturlege prosessar. Ein stor del av aktiviteten er retta inn mot industrielle problemstillingar, for eksempel innan petroleumsindustrien.

### Fagleg profil

Forskningsgruppene innanfor fysikalsk kjemi har særskild kompetanse på undersøkingar av frie molekyl, molekyl på grenseflater, emulsjonar og aggregat av molekyl.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i kjemi eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar kan bli teken opp viss bakgrunnen din blir vurdert som tilfredsstillande i forhold til masteroppgåva.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i fysikalsk kjemi må emna KJEM 212 og KJEM 250 eller tilsvarende vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i fysikalsk kjemi omfattar eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng og eit emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:

- Emna KJEM214 Overflate- og kolloidkjemi, og KJEM319 Eksperimentelle teknikkar i fysikalsk kjemi (på til saman 20 studiepoeng).
- 10 studiepoeng valt blant PTEK213 Reservoarteknikk II, KJEM220 Molekylmodellering og KJEM225 Forsøksplanlegging og analyse av fleirvariable data.
- 30 studiepoeng blir valt i samråd med rettleiaren din.

### Tilrådd studieplan

|      |         |         |         |
|------|---------|---------|---------|
| 4. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
| 3. H | Val     | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | KJEM319 | Val     | Oppgåve |
| 1. H | KJEM214 | Val     | Val     |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Kjemisk institutt (5558 3445, studierettleiar@kj.uib.no).  
<http://www.kj.uib.no>

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor oljerelatert verksemd (oljeutvinning og foredling, serviceselskap både off- og onshore, forskarstillingar) og industri (mellom anna farmasøytisk industri) og forskings- og utviklingsstillingar i universitets- og instituttsektoren og i undervisningssektoren.

## MAMN-KJMET Kjemometri

---

|                       |                             |
|-----------------------|-----------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Kjemi                       |
| <b>Studieretning:</b> | Kjemometri                  |
| <b>Grad:</b>          | Master i kjemi - kjemometri |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                      |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                        |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                |

### Mål og innhald

Data og informasjon er to ulike omgrep. Store datasett kan innehalde liten eller ingen informasjon, og samtidig kan det vere vanskeleg å hente fram informasjon frå store datasett. Eit av hovudmåla med studiet i kjemometri er derfor å lære korleis ein ved hjelp av så få forsøk som mogleg, kan generere så mykje informasjon som mogleg. Det andre hovudmålet er å lære korleis informasjon kan hentast fram frå store, kompliserte datasett. Kjemometrien bruker metodar frå statistikk, matematikk og informatikk for å oppnå dette. Kjemiske problem i for eksempel prosessindustrien er gjerne komplekse og fleirvariable, og kjemometri blir derfor kalla multivariat dataanalyse.

### Fagleg profil

Forskningsgruppene innanfor kjemometri har særskild kompetanse på kjemometriske problemstillingar knytte til analytisk instrumentering.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i kjemi eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar, kan bli teken opp viss bakgrunnen din blir vurdert som tilfredsstillande i forhold til masteroppgåva.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i kjemometri må emnet MAT 121 Lineær algebra vere bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i kjemometri omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng. Dei er sett saman slik:

- Emna KJEM225 Forsøksplanlegging og analyse av fleirvariable data, KJEM250 Analytisk kjemi og KJEM325 Multikomponentanalyse (på til saman 30 studiepoeng).
- 20 studiepoeng valt blant emna PTEK226 Proses- og miljøkjemometri, KJEM212 Molekylære drivkrefter, MAT260 Reknealgoritmar 2, MAT261 Numerisk lineær algebra, MAT264 Laboratoriekurs i reknevitskap og STAT200 Anvend statistikk.
- Du vel 10 studiepoeng etter avtale med rettleiaren din.

Ver merksam på at KJEM325 berre blir undervist kvar andre vår, neste gong 2009. Det er derfor viktig at du så tidleg som mogleg tek kontakt med rettleiar for å planleggje plasseringa av emna.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>KJEM325</b> | <b>KJEM250</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>KJEM225</b> | <b>Val</b>     | <b>Val</b>     |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Kjemisk institutt (5558 3445, studierettleiar@kj.uib.no).  
<http://www.kj.uib.no>

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor industri (for eksempel farmasøytisk og oljeretta industri eller ernærings- og prosessindustri), forvaltning og tilsyn, forskning, undervisning og kjemiske analyselaboratorium.



## MAMN-KJMIL Miljøkjemi

---

|                       |                             |
|-----------------------|-----------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Kjemi                       |
| <b>Studieretning:</b> | Miljøkjemi                  |
| <b>Grad:</b>          | Master i kjemi - miljøkjemi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                      |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                        |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                |

### Mål og innhald

Forståing av kjemiske prosessar i naturen er grunnleggjande for å skjønne korleis dei naturlege syklusane verkar, og korleis menneskeleg aktivitet påverkar dei naturlege systema. Masterprogrammet i kjemi/miljø skal gi grunnleggjande forståing for slike prosessar og leie fram til ei forskingsoppgåve der kjemiske metodar blir brukte til å utforske ei problemstilling med miljørelevans. Dette vil ofte bety at forskinga legg vekt på uorganiske og/eller organiske, analytiske teknikkar og systemforståing, men også utvikling av miljøvenlege prosessar ("grøn kjemi", fornybare energikjelder).

### Fagleg profil

Forskningsgruppene innanfor miljøkjemi har særskild kompetanse på miljøkjemiske problemstillingar knytte til analytiske teknikkar, systemforståing og marin kjemi.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i kjemi, bachelorgrad i miljø og ressursfag eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar kan bli teken opp viss bakgrunnen din blir vurdert som tilfredsstillande i forhold til masteroppgåva.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i miljøkjemi må emnet KJEM 250 Analytisk kjemi vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller mastergrada.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i miljøkjemi omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:

- KJEM202 Miljøkjemi og KJEM230 Analytisk organisk kjemi (til saman 20 studiepoeng).
- Minst 10 studiepoeng valt mellom KJEM203 Petroleumskjemi, KJEM225 Forsøksplanlegging og analyse av fleirvariable data og KJEM231 Vidaregåande organisk kjemi.
- Ytterlegare emne blir valt i samråd med rettleiaren din.

### Tilrådd studieplan

| 4. s | Val     | Oppgåve | Oppgåve |
|------|---------|---------|---------|
| 3. s | Val     | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. s | KJEM230 | Oppgåve | Oppgåve |
| 1. s | KJEM202 | Val     | Val     |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Kjemisk institutt (5558 3445, studierettleiar@kj.uib.no).  
<http://www.kj.uib.no>

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor industri, forvaltning og tilsyn, undervisning, forskning, miljøovervaking og andre miljøvernrelaterte yrke.

## MAMN-KJMOD Molekylær modellering

---

|                       |                                       |
|-----------------------|---------------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Kjemi                                 |
| <b>Studieretning:</b> | Molekylærmodellering                  |
| <b>Grad:</b>          | Master i kjemi - molekylærmodellering |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                                |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                  |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                          |

### Mål og innhald

Molekylær modellering skjer i eit møte mellom moderne kjemi, fysikk, matematikk og informatikk. Mens målet er å løyse kjemiske problem med utgangspunkt i fundamentale fysiske lover, så er metodane matematiske og verktøyet vårt er datamaskinar. Du som vel dette studieprogrammet vil ofte arbeide innan eitt av to område: 1) modellering av katalyse, eller 2) metodeutvikling. Innan katalyse er siktemålet å forstå viktige industrielle eller biologiske katalysereaksjonar, gjerne som ledd i utvikling av meir effektive katalysatorar. Arbeidet vil typisk omfatte simulering av katalysereaksjonar med eksisterande dataprogram. Metodeutvikling vil vere retta mot verktøy for å tolke ulike typar spektra og bruk av desse til å studere molekyl eller nanocluster. Prosjekta er typisk tett integrert med eksperimentelle studiar.

### Fagleg profil

Forskningsgruppene innanfor molekylær modellering har særskild kompetanse på teoretisk analyse av katalytiske reaksjonar og elektronspektroskopi.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i kjemi eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad frå andre realfagsdisiplinar kan bli teken opp viss bakgrunnen din blir vurdert som tilfredstillande i forhold til masteroppgåva.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i molekylær modellering må emnet MAT 121 vere bestått i løpet av bachelorstudiet (eller masterstudiet).

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i molekylær modellering omfattar eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:

- KJEM220 Molekylmodellering og KJEM221 Grunnleggjande kvantemekanikk eller PHYS201 Kvantemekanikk (til saman 20 studiepoeng)
- Dei siste 40 studiepoenga blir valt i samsvar med rettleiaren din på masterprosjektet og vil vanlegvis inkludere KJEM212 Molekylære drivkrefter og KJEM321 Kvantekjemiske metodar.
- Det er viktig at du så tidleg som mogleg tek kontakt med rettleiaren din for å planleggje plasseringa av emna.

### Tilrådd studieplan

|      |                     |         |         |
|------|---------------------|---------|---------|
| 4. V | Val                 | Oppgåve | Oppgåve |
| 3. H | Val                 | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | PHYS201/<br>KJEM221 | Oppgåve | Oppgåve |
| 1. H | KJEM220             | Val     | Val     |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Kjemisk institutt (5558 3445, studierettleiar@kj.uib.no).  
<http://www.kj.uib.no>

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor industri, forvaltning og tilsyn, forskning, undervisning, IT-relaterte yrke og yrke som har med matematisk modellering og simulering å gjere.

## MAMN-KJORG Organisk kjemi

---

|                       |                                 |
|-----------------------|---------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Kjemi                           |
| <b>Studieretning:</b> | Organisk kjemi                  |
| <b>Grad:</b>          | Master i kjemi – organisk kjemi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                          |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                            |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår.                   |

### Mål og innhald

Du skal opparbeide ein solid kompetanse innan organisk kjemi med eit godt grunnlag i analyse og syntese av organiske sambindingar. Dei obligatoriske kursa dekkjer sentrale teknikkar for alle forskingsretningar innan området og gjer deg kvalifisert til eit breitt spekter av yrke. Dei valfrie emna gir høve til fordjuping i temaområdet for masteroppgåva. Sjølve masteroppgåva vil normalt ha tyngdepunktet i praktisk laboratoriearbeid, men krev også teoretisk fordjuping. Oppgåva blir gjennomført innanfor kompetanseområda marin kjemi, naturstoffkjemi, NMR-spektroskopi, organisk analyse, organisk syntese og petroleumskjemi. Forskingstema kan også bli definerte i skjeringspunktet mellom fleire av instituttet sine forskingsfelt eller inn mot fag som biokjemi, mikrobiologi, geologi eller liknande.

### Fagleg profil

Forskningsgruppene innanfor organisk kjemi har særskild kompetanse på problemstillingar knytte til syntese, analyse, naturstoffkjemi, marin kjemi og petroleumskjemi.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i kjemi eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar kan bli teken opp viss bakgrunnen din blir vurdert som tilfredsstillande i forhold til masteroppgåva.

### Andre krav

Emnet KJEM 250 Analytisk kjemi må vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller mastergrad.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i organisk kjemi omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:

- KJEM230 Analytisk organisk kjemi og KJEM231 Vidaregåande organisk kjemi.
- 10 studiepoeng valt mellom KJEM232 Eksperimentell syntetisk kjemi, KJEM251 NMR-spektroskopi I og KJEM233 Organisk massespektrometri
- 30 studiepoeng som du vel i samråd med rettleiaren din.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>KJEM230</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>KJEM231</b> | <b>Val</b>     | <b>Val</b>     |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Kjemisk institutt (5558 3445, studierettleiar@kj.uib.no).  
<http://www.kj.uib.no>

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor industri (for eksempel farmasøytisk og oljeretta industri eller næringsmiddelindustri), forvaltning og tilsyn, forskning, undervisning og kjemiske analyselaboratorium.

## MAMN-KJUOR Uorganisk kjemi

---

|                       |                                  |
|-----------------------|----------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Kjemi                            |
| <b>Studieretning:</b> | Uorganisk kjemi                  |
| <b>Grad:</b>          | Master i kjemi – uorganisk kjemi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                           |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                             |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                     |

### Mål og innhald

Masterprogrammet i uorganisk kjemi omfattar studiar av sambindingar med eit ikkje-karbon-atom som det sentrale elementet. Forskingsoppgåver vil omfatte framstilling og karakterisering av reine uorganiske sambindingar og metallorganiske sambindingar. Dei sistnemnde inkluderer sambindingar med elektrofile metall som lanthanider, titan og aluminium. Syntese av nanostrukturerte porøse uorganisk-organisk hybridsambindingar til bruk i homogen og heterogen katalyse er også blant forskingsoppgåvene. Det same gjeld kinetiske undersøkingar, syntese av potensielle legemiddel og studiar av løysemiddel. Ein legg særleg vekt på praktisk laboratoriearbeid, og ved karakteriseringa av dei syntetiserte sambindingane bruker ein eksperimentelle metodar som IR, UV, NMR og røntgenkrystallografi.

### Fagleg profil

Forskningsgruppene innanfor uorganisk kjemi har særskild kompetanse på problemstillingar knytta til uorganisk og metallorganiske sambindingar, katalytisk kjemi og magnetokjemi.

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i kjemi, medisinsk kjemi (farmasi) eller tilsvarende utdanning.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i uorganisk kjemi må emnet KJEM 250 Analytisk kjemi vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller mastergrada.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i uorganisk kjemi omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:

- Emna KJEM231 Vidaregåande organisk kjemi, KJEM232 Eksperimentell syntetisk kjemi og KJEM243 Metallorganisk katalyse (på til saman 30 studiepoeng).
- 10 studiepoeng valt mellom emna KJEM220 Molekylærmodellering, KJEM230 Analytisk organisk kjemi, KJEM244 Nanokjemi, KJEM251 NMR-spektroskopi I og KJEM345 Strukturfastlegging ved røntgendiffraksjon.
- Du må velje 20 studiepoeng i samråd med rettleiaren din.

### Tilrådd studieplan

|      |          |          |         |
|------|----------|----------|---------|
| 4. V | Oppgåve  | Oppgåve  | Oppgåve |
| 3. H | Val      | Oppgåve  | Oppgåve |
| 2. V | KJEM 243 | Val      | Oppgåve |
| 1. H | KJEM 232 | KJEM 231 | KJEM243 |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved Kjemisk institutt (5558 3445, studierettleiar@kj.uib.no).  
<http://www.kj.uib.no>

### Yrkesveggar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor industri, undervisning, forvaltning/tilsyn og forskning.

# MAMN-MAB MASTER I ANVEND OG UTREKNINGSORIENTERT MATEMATIKK

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Masterprogram:</b> | Anvend og utrekningsorientert matematikk          |
| <b>Grad:</b>          | Master i anvend og utrekningsorientert matematikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP  |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år  |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår.                                     |

## Mål og innhald

Målet med masterprogrammet er å:

1. Gi ei opplæring i matematisk modellering av prosessar henta frå naturvitskap, industri, ressursforvaltning og andre område.
2. Gi ei opplæring i metodar for analyse og kvantitativ løysing av slike modellar. Utrekningsmetodar og anvend analyse kan vere henta frå matematikk, numerisk matematikk og informatikk.
3. Gi ei opplæring i vurdering av modell og utrekningsverktøy, i tillegg til kunnskap om bruk innan andre fagområde.

Spesialisering innan følgjande område er mogeleg innafor denne mastergraden:

- Anvend analyse
- Reknevitenskap
- Bildebehandling
- Hydrodynamikk og havmodellering
- Mekanikk og dynamiske system
- Miljømatematikk
- Numerisk matematikk
- Reservoarstatistikk
- Inverse problem

## Opptaksgrunnlag

Alle bachelorgrader med følgjande minimumskrav av matematiske forkunnskapar vil kvalifisere for opptak: MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, MAT131 Differensiallikningar I, MAT212 Funksjonar av fleire variablar, INF100 Grunnkurs i programmering + eit av kursa MAT160 Reknealgoritmar I, MAT213 Funksjonsteori, MAT230 Differensiallikningar II, MAT251 Klassisk mekanikk, MAT252 Kontinuumsmekanikk eller STAT110 Grunnkurs i statistikk.

(OBS: Karaktersnittet på desse kursa må minst vere C. Vi vil fråråde oppstart på dette programmet dersom karakteren i det sentrale matematikkurset MAT212 er dårlegare enn C.)

Dette kan eksempelvis vere bachelorgrad i matematiske fag, informatikk, petroleumsteknologi, fysikk, geofysikk eller bachelorgrad i informatikk,

matematikk og økonomi (IMØ). Ut over dette kan du også bli teken opp på grunnlag av ei individuell vurdering.

Tilrådde forkunnskapar er MAT213 Funksjonsteori og MAT230 Differensiallikningar II.

## Andre krav

For å oppnå ein mastergrad under anvend og utrekningsorientert matematikk må emna MAT252 Kontinuumsmekanikk og MAT260 Reknealgoritmar II eller tilsvarande basisfag/modelleringsfag vere tekne i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

## Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i anvend analyse omfattar:

- Eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, men ein kan også gi oppgåver med eit omfang på 30 studiepoeng. Spesialpensumet blir da auka med 30 studiepoeng
- Emne eller spesialpensum på til saman 60 sp (90 sp ved kort oppgåve), som vert utarbeida i samråd med rettleiar med tanke på spesialisering. Ein må velje og få godkjent relevante emne i spesialpensum på 200- eller 300-tals nivå blant MAT eller INF emna eller andre relevante emne på same nivå.

## Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  |

### Omtale av spesialiseringane:

Merk at i omtala er det for kvar spesialisering oppgitt både ei liste med tilrådde forkunnskapar og ei liste med emne som er sentrale for spesialiseringa. Det er særskild viktig å rådføre seg med ein faglærer i god tid før ein byrjar på ein mastergrad slik at ein får sett saman eit godt og relevant utval av emne som byggjer opp under arbeidet med masteroppgåva. Merk vidare at dei gitte råda for dei ulike spesialiseringane ikkje er absolutte og i samråd med faglærer kan ein lage ein plan for emne i mastergraden som avvik frå desse listene.

- **Anvend analyse** er retta mot utvikling av analytiske og konstruktive metodar for løysing av differensial- og integrallikningar frå ulike bruksområde. Tilrådde forkunnskapar: MAT213, MAT230. Sentrale emne: MAT232, MAT233, MAT234.
- **Bildebehandling** rettar seg mot utvikling og analyse av numeriske metodar for handsaming av bilde frå medisinsk forskning, datateknologi og andre større simuleringsoppgåver. Tilrådde forkunnskapar: STAT110, MAT213, MAT230, MAT261. Sentrale emne: MAT234, MAT262, MAT263, INF270.
- **Hydrodynamikk og havmodellering** rettar seg mot analytiske og numeriske studium av bølger og strøymingar på industriell og geofysisk skala. Bakgrunn i fysisk oseanografi er nyttig for dei som vil studere havstraumar. Tilrådde forkunnskapar: MAT213, MAT230, MAT252, MAT263. Sentrale fag: MAT233, MAT234, MAT253, MAT258.
- **Inverse problem** involverer typisk estimering av storleikar basert på indirekte målingar. Døme er dynamisk reservoar karakterisering og monitorering. Tilrådde forkunnskapar: STAT110, MAT230. Sentrale fag: MAT234, MAT254, MAT265.
- **Mekanikk og dynamiske system** rettar seg mot modellering av fysiske og biologiske system med vekt på samanhengar mellom prosessar på det mikroskopiske og det makroskopiske nivå. Tilrådde forkunnskapar: MAT213, MAT230, MAT251, MAT263. Sentrale fag: MAT233, MAT252, MAT256.

- **Miljømatematikk** rettar seg mot problem knytt til inngrep i og forvaltning av miljøet. Modellering og differensiallikningar er sentrale emne. Tilrådde forkunnskapar: MAT213, MAT230, MAT260, MAT261, MAT264. Sentrale fag: MAT234, MAT254.
- **Numerisk matematikk** ser på utvikling og drøfting av numeriske metodar som vert brukt i utrekningsoppgåver. Tilrådde forkunnskapar: MAT213, MAT230, MAT260, MAT264. Sentrale fag: MAT261, MAT360.
- **Reknevitenskap** bruker utrekningar til å søke innsikt i kompliserte fenomen som vanskeleg kan finnast bare ved teoretiske vurderingar og laboratorieeksperiment. Modellering, simulering og visualisering vert brukt i problemløysinga. Tilrådde forkunnskapar: MAT230, MAT260, MAT261. Sentrale fag: MAT263, MAT264, MAT360.
- **Reservoarmatematikk** rettar seg mot analytiske og numeriske studiar av strøyming i oljereservoar. Dette er oppgåver som ein møter i samband med utvinning av olje og gass. Tilrådde forkunnskapar: MAT213, MAT230, MAT260, MAT261, MAT264. Sentrale emne: MAT234, MAT254.

### Yrkesveggar

Masterprogrammet i anvend og utrekningsorientert matematikk utdannar kandidatar som er svært etterspurde både innanfor industri, forskning, skoleverket og forvaltning. Innsikt i matematiske og numeriske metodar er blitt stadig viktigare og er ein føresetnad for grunnforskning i ei rekkje fag som er sentrale for vår forståing av naturen og samfunnet rundt oss. Utviklinga av kraftige datamaskiner med stor reknekraft har ført til at stadig fleire fag er blitt storbrukarar av avanserte matematiske modellar og numeriske og matematiske verktøy. Denne utviklinga tilseier at dyktige kandidatar vil bli ettertrakta arbeidskraft på stadig fleire område av arbeidsmarknaden.

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved matematisk institutt.  
E-post: studieveileder@math.uib.no



# MASTERPROGRAM I MATEMATIKK

## MAMN-MATAL Algebra/algebraisk geometri

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Masterprogram:</b> | Matematikk  |
| <b>Studieretning:</b> | Algebra/algebraisk geometri                       |
| <b>Grad:</b>          | Master i matematikk – algebra/algebraisk geometri |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP  |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år  |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                                      |

### Mål og innhald

Algebra er eit klassisk felt som er knytt til studiet av polynom i fleire variablar. Feltet har oppstått for å løyse abstrakte problem som stammar frå nærliggjande fagfelt som fysikk, kjemi, og etter kvart informatikk, samt andre deler av matematikken, som talteori. Algebraisk geometri er eit område der ein nyttar algebra for å studere visse geometriske objekt. Nokre av problemstillingane går fleire hundreår tilbake, men det finst også bruk av algebraisk geometri for å forklare og løyse problem som oppstår innan kodeteori og fysikk.

### Fagleg profil

Masteroppgåver kan for eksempel bli gitt innanfor representasjonsteori for grupper, algebraisk-geometriske kodar, algebraisk kombinatorikk, varietetar av låg kodimensjon i projektive rom og vektorbuntar på algebraiske variasjonar. Målsetjinga er å oppnå ei solid grunnlagsforståing av feltet som kan danne utgangspunkt for pedagogisk verksemd eller arbeid innanfor industri og næringsliv som krev stor teoretisk tyngd. For andre vil det vere aktuelt å starte på eit doktorgradsstudium innanfor feltet.

### Opptaksgrunnlag

MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, MAT211 Reell analyse, MAT212 Funksjonar av fleire variable, MAT220 Algebra, MAT242 Topologi eller MAT243 Mangfaldigheit. (OBS: Karaktarsnittet på desse kursa må minst vere C. Vi vil fråråde oppstart på denne mastergraden dersom karakterane i dei sentrale matematikkursene MAT211, MAT212, MAT220 og MAT242/MAT243 er dårlegare enn C.)  
Tilrådde forkunnskapar: MAT213 Funksjonsteori, MAT221 Diskret matematikk, MAT224 Kommutativ algebra.

### Andre krav

For å oppnå ein mastergrad i algebra/algebraisk geometri må kurset MAT224 Kommutativ algebra

eller tilsvarende vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i algebra/algebraisk geometri omfattar:

- Eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, men det kan bli gitt oppgåver med eit omfang på 30 studiepoeng. Spesialpensumet blir da auka med 30 studiepoeng.
- Emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng, valt i samråd med rettleiareren din, blant emna:  
MAT214 Kompleks funksjonsteori, MAT225 Talteori, MAT242 Topologi, MAT321 Algebraisk geometri I, MAT322 Algebraisk geometri II, MAT341 Algebraisk topologi og/eller andre relevante kurs.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved matematisk institutt.  
E-post: studieveileder@math.uib.no

### Yrkesveggar

Masterprogrammet i rein matematikk gir ei teoretisk tyngd som er etterspurd i mange yrke, for eksempel innanfor tele- og informatikk, oljerelatert verksemd, forvaltning, finans og forsikring og undervisning. Du kan for eksempel arbeide som lektor dersom du også tek praktisk-pedagogisk utdanning. Går du vidare med doktorgrad, er forskarstillingar innanfor universitet og høøgskolar aktuelle.



## MAMN-MATAN Matematisk analyse

---

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Matematikk                               |
| <b>Studieretning:</b> | Matematisk analyse                       |
| <b>Grad:</b>          | Master i matematikk – matematisk analyse |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                                   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                     |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                             |

### Mål og innhald

Den opphavlege tydinga av omgrepet "matematisk analyse" er nært knytt til funksjonar av ein eller fleire reelle variablar, men moderne analyse inneheld fleire andre emne, delvis av ein noko meir abstrakt natur, så som generell topologi, mål- og integralteori og funksjonalanalyse. I staden for å studere individuelle funksjoner, er såkalla funksjonsrom eit sentralt tema. Vektorane i rommet er funksjonar definert over eit gitt område. Spørsmål knytte til konvergens, integrasjon, derivasjon og approksimasjon blir studert innanfor ramma av slike rom. Sentrale idear frå endeleg dimensjonal lineær algebra spelar også ei viktig rolle.

### Fagleg profil

Moglege mastergradsoppgåver kan bli gitt innanfor ulike delar av matematisk analyse. Det omfattar samspelet med matematisk fysikk. Sentrale tema er mellom anna geometrisk funksjonsteori, approksimasjon og studiet av ulike funksjonsrom.

### Opptaksgrunnlag

MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, MAT211 Reell analyse, MAT212 Funksjonar av fleire variable, MAT213 Funksjonsteori og MAT220 algebra. (OBS: Karaktersnittet på desse kursa må minst vere C. Vi vil fråråde oppstart på denne mastergraden dersom karakterane i dei sentrale matematikkursa MAT211, MAT212 og MAT213 er dårlegare enn C.)  
Tilrådde forkunnskapar: MAT215 Mål- og integralteori, MAT243 Mangfaldigheit.

### Andre krav

For å oppnå ein mastergrad i algebra/algebraisk geometri må kurset MAT224 Kommutativ algebra eller tilsvarande vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Oppbygging av studiet

Mastergrad i matematisk analyse omfattar:

- Eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, men ein kan også gi oppgåver med eit omfang på 30 studiepoeng. Spesialpensumet blir da auka med 30 studiepoeng
- Emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng valt i samråd med rettleiar din blant emna: MAT214 Kompleks funksjonsteori, MAT215 Mål- og integralteori, MAT311 Generell funksjonalanalyse og/eller andre relevante kurs.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved matematisk institutt.  
E-post: studieveileder@math.uib.no

### Yrkesveggar

Masterprogrammet i rein matematikk gir ei teoretisk tyngd som er etterspurd i mange yrke, for eksempel innanfor tele- og informatikk, oljerelatert verksemd, forvaltning, finans og forsikring og undervisning. Du kan for eksempel arbeide som lektor dersom du også tek praktisk-pedagogisk utdanning. Går du vidare med doktorgrad, er forskarstillingar innanfor universitet og høgskolar aktuelle.

## MAMN-MATTO Topologi

---

|                       |                                |
|-----------------------|--------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Matematikk                     |
| <b>Studieretning:</b> | Topologi                       |
| <b>Grad:</b>          | Master i matematikk – topologi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                         |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                           |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                   |

### Mål og innhald

Topologi er ei grein av matematikken der ein studerar geometriske former som kurver, flater og høgare dimensjonale rom. Slike objekt førekjem naturleg innan nærliggjande fagfelt, til dømes fysikk. Ein topologisk analyse kan då til dømes gje informasjon om utviklinga av eit fysisk system. Eit av dei sentrale topologiske problema er å klassifisera geometriske former. Dette vert ofte gjort ved å introdusere såkalla algebraiske invariantar, som måler kvalitative geometriske fenomen. Det er dermed ein nær samanheng mellom fagfelta topologi og algebra.

### Fagleg profil

Moglege masteroppgåver kan bli gitt innanfor algebraisk topologi og algebraisk K-teori. Det kan også vere aktuelt med oppgåver i stabil homotopiteori, spesielt i teorien for ringspektra og høgare strukturar som er assosierte med desse.

### Opptaksgrunnlag

MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, MAT211 Reell analyse, MAT212 Funksjonar av fleire variable, MAT220 Algebra, MAT242 Topologi eller MAT243 Mangfaldigheit.  
(OBS: Karaktarsnittet på desse kursa må minst vere C. Vi vil fråråde oppstart på denne mastergraden dersom karakterane i dei sentrale matematikkursa MAT211, MAT212, MAT220 og MAT242/MAT243 er dårlegare enn C.)  
Tilrådde forkunnskapar: MAT213 Funksjonsteori, INF223 Kategoriteori.

### Andre krav

For å oppnå ein mastergrad i algebra/algebraisk geometri må kurset MAT224 Kommutativ algebra eller tilsvarande vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i topologi omfattar:

- Eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, men det kan bli gitt oppgåver med eit omfang på 30 studiepoeng. Spesialpensumet blir da auka med 30 studiepoeng
- Emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng valt i samråd med rettleiar blant emna MAT214 Kompleks funksjonsteori, MAT224 Kommutativ algebra, MAT225 Talteori, MAT321 Algebraisk geometri I, MAT322 Algebraisk geometri II, MAT341 Algebraisk topologi og/eller andre kurs på 200-nivå eller høgare.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved matematisk institutt.  
E-post: studieveileder@math.uib.no

### Yrkesveggar

Masterprogrammet i rein matematikk gir ei teoretisk tyngd som er etterspurd i mange yrke, for eksempel innanfor tele- og informatikk, oljerelatert verksemd, forvaltning, finans og forsikring og undervisning. Du kan for eksempel arbeide som lektor dersom du også tek praktisk-pedagogisk utdanning. Går du vidare med doktorgrad, er forskarstillingar innanfor universitet og høgskolar aktuelle.

# MASTERPROGRAM I PETROLEUMSTEKNOLOGI

## MAMN-PETFY Reservoarfysikk

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Petroleumsteknologi                            |
| <b>Studieretning:</b> | Reservoarfysikk                                |
| <b>Grad:</b>          | Master i petroleumsteknologi - reservoarfysikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år   |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                                   |

### Mål og innhald

For å auke oljeutvinninga i åra framover er det viktig å betre forstå dei fysiske forholda i reservoarbergartane. Innan denne studieretninga kan du arbeide med reservoarbeskriving og studere fleirfasestraumar i porøse medium, både gjennom teoretiske og eksperimentelle studiar. Metodar som blir brukt er kjerneanalyse og petrofysikk inkludert traceravbildingsteknikkar og NMR-teknologi. Det blir også sett på korleis den auka bruken av sanntidsdata har gitt nye moglegheiter for å styre utvinninga av reservoaret, kalla sanntidsreservoarstyring. I tillegg er studie av naturgasshydratar eit tema.

Målsetjinga med studiet er å utnytte forskning og ekspertise både frå universitetets fagmiljø og eksterne forskingsmiljø til å utdanne kandidatar med teknologisk kompetanse som er velegna for arbeid i oljeindustrien.

### Fagleg profil

Masterprogrammet i petroleumsteknologi er ei tverrfagleg utdanning med sterk forankring i dei basale realfaga (fysikk, matematikk og kjemi).

### Opptaksgrunnlag

Bachelor i petroleumsteknologi, bachelor i fysikk eller tilsvarende utdanning. Studentar med bachelor i andre realfagsdisiplinar, kan bli vurderast dersom den faglege bakgrunnen deira blir sett på som tilfredsstillande for masteroppgåva. For å bli teken opp til masterprogrammet i petroleumsteknologi må emna PTEK211 Grunnleggjande reservoarfysikk, PTEK212/213 Reservoarteknikk I/II og GEOL260 Petroleumsgnologi (til saman 30 SP) eller tilsvarende vere bestått, eller tilsvarende kunnskapar må dokumenterast.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i petroleumsteknologi/reservoarfysikk må følgjande

emne vera gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet:

- PTEK212 Reservoarteknikk I
- PTEK213 Reservoarteknikk II
- PTEK214 Eksperimentelle metodar i reservoarfysikk

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet omfattar eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

- PTEK212 Reservoarteknikk I, PTEK213 Reservoarteknikk II og PTEK214 Eksperimentelle metoder i reservoarfysikk dersom dei ikkje blei inkludert i bachelorgraden
- PTEK313 Reservoarkarakterisering og utvinningsteknikker
- Andre emne i fysikk, matematikk, kjemi eller geologi valt i samråd med rettleiaren, slik at det til saman blir 60 SP. Døme på slike emne: MAT254 Strøyming i porøse media, MAT354 Reservoarsimulering, PTEK218 Bergartsfysikk.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>Val</b>     | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>PTEK313</b> | <b>Val</b>     | <b>Val</b>     |

### Kontaktinformasjon

E-post: studieveileder.ppt@ift.uib.no  
Telefon: 55 58 28 64

### Yrkesvegar

Reservoaringeniør/forskar i oljeselskaper eller serviceselskap, statlege styrings- og kontrollorgan, universitet eller forskingsinstitutt. Studiet legg også grunnlaget for eit doktorgradsstudium.

## MAMN-PETGF Reservoargeofysikk

---

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Masterprogram:</b> | Petroleumsteknologi                               |
| <b>Studieretning:</b> | Reservoargeofysikk                                |
| <b>Grad:</b>          | Master i petroleumsteknologi - reservoargeofysikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP  |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år  |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                                      |

### Mål og innhald

Når ein skal kartlegge førekomstar av olje og gass i den innleiande leitefasen, og seinare i produksjonsfasen, er geofysiske metodar sentrale. Seismiske og elektromagnetiske data reflekterte ulike fysiske eigenskapar nedover i jorda. Ved seismisk prosessering og avbiling kan ein kartleggje dei geologiske strukturane saman med romlege variasjonar i dei fysiske eigenskapane. Desse fysiske eigenskapane vil variere med ulike reservoarforhold som til dømes gass/olje-metting og væsketrykk. Dette gjer det blant anna mogleg å finne sannsynlege område for olje og gass, samt å overvake væskestraumen i produksjonsfasen slik at ein undervegs kan sette inn tiltak for å sikre optimal utvinningsgrad. Ved CO<sub>2</sub> deponering i undergrunnen vil liknande overvaking være heilt sentral.

Målsetjinga med studiet er å utnytte forskning og ekspertise både frå universitetets fagmiljø og eksterne forskingsmiljø til å utdanne kandidatar med teknologisk kompetanse som er veileigna for arbeid i oljeindustrien.

### Fagleg profil

Masterprogrammet i petroleumsteknologi er ei tverrfagleg utdanning med sterk forankring i dei basale realfaga (fysikk, matematikk og kjemi).

### Opptaksgrunnlag

Bachelor i petroleumsteknologi, bachelor i geofysikk eller tilsvarende utdanning. Studentar med bachelor i andre realfags-disiplinar kan vurderast dersom deira faglege bakgrunn i geofysikk vert sett på som tilfredsstillande for masteroppgåva. For å bli teken opp til masterprogrammet i petroleumsteknologi må emna PTEK211 Grunnleggjande reservoarfyssikk, PTEK212/213 Reservoarteknikk I/II og GEOL260 Petroleumsgologi (til saman 30 SP) eller tilsvarende vere bestått, eller tilsvarende kunnskapar må dokumenterast.

### Andre krav

For å bli tatt opp til masterprogrammet i reservoargeofysikk må følgjande emne vere

gjennomførte og bestått i løpet av bachelorstudiet (eller tilsvarende kunnskapar kunne dokumenterast):  
GEOF296 Seismiske bølger og MAT236 Fourieranalyse.  
Dessutan må følgjande emne vera gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet: PTEK212 Reservoarteknikk I eller PTEK213 Reservoarteknikk II (det emne som ikkje gjekk inn i bachelorgraden).

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet er sett saman av eit sjølvstendig vitskapelig arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum til saman 60 SP sett saman slik:

- Emna PTEK212 Reservoarteknikk I og PTEK213 Reservoarteknikk II viss dei ikkje vart inkludert i bachelorgraden
- PTEK218 Bergartsfysikk
- GEOF261 Prosessering av refleksjonsdata
- GEOF294 Reservoargeofysikk
- Andre emne vald i samråd med rettleiar slik at summen totalt blir 60 sp. Døme på slike emne: PTEK214 Eksperimentelle metodar i reservoarfyssikk, PTEK313 Reservoarkarakterisering og utvinningsteknikkar.

### Tilrådd studieplan

|      |         |         |         |
|------|---------|---------|---------|
| 4. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
| 3. H | GEOF261 | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | Val     | Val     | Val     |
| 1. H | GEOF294 | PTEK218 | Val     |

### Kontaktinformasjon

E-post: studieveileder.ppt@ift.uib.no  
Telefon: 55 58 28 64

### Yrkesvegar

Reservoaringeniør/forskar i oljeselskapeller serviceselskap, statlege styrings- og kontrollorgan, universitet eller forskingsinstitutt. Studiet legg også grunnlaget for eit doktorgradsstudium.

## MAMN-PETGO Reservoargeologi

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Masterprogram:</b> | Petroleumsteknologi                             |
| <b>Studieretning:</b> | Reservoargeologi                                |
| <b>Grad:</b>          | Master i petroleumsteknologi - reservoargeologi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP  |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år  |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                                    |

### Mål og innhald

Bergartane som reservoaret består av legg vilkåra for om det kan vere olje- eller gassførekomstar der, og om dei i så fall kan utvinnas. Det er derfor viktig å kartleggje geologien i reservoaret, både i leitefasen og for å forbetre dei geologiske karta etter kvart som meir data kjem inn i produksjonsfasen. Det kan ein gjere ved å analysere stratigrafien og sedimentologien til dei geologiske formasjonane reservoaret inneheld. Ein kan også gjere laboratorieanalysar av dei sentrale reservoareigenskapane, som porøsitet og permeabilitet, for å seie noko om gjennomstrøyminga av olje og gass. Målsetjinga med studiet er å utnytte forskning og ekspertise både frå universitetets fagmiljø og eksterne forskingsmiljø til å utdanne kandidatar med teknologisk kompetanse som er veileigna for arbeid i oljeindustrien.

### Fagleg profil

Masterprogrammet i petroleumsteknologi er ei tverrfagleg utdanning med sterk forankring i dei basale realfaga (fysikk, matematikk og kjemi).

### Opptaksgrunnlag

Bachelor i petroleumsteknologi, bachelor i geologi eller tilsvarande utdanning. Studentar med bachelor i andre realfagsdisiplinar, kan bli vurdarst dersom den faglege bakgrunnen deira i geologi blir vurdert som tilfredsstillande for masteroppgåva. For å bli teken opp til masterprogrammet i petroleumsteknologi må emna PTEK211 Grunnleggjande reservoarfyssikk, PTEK212/213 Reservoarteknikk I/II og GEOL260 Petroleumsgnologi (til saman 30 SP) eller tilsvarande vere bestått, eller tilsvarande kunnskapar må dokumenterast.

### Andre krav

For å bli teken opp til masterprogrammet i reservoargeologi må følgjande emne vere gjennomførte og bestått i løpet av bachelorstudiet (eller tilsvarande kunnskapar kunne dokumenterast):

- GEOL104 Innføring i strukturgeologi og tektonikk (10 SP)
- GEOL107 Innføring i sedimentologi (10 SP)

I tillegg må følgjande emne vera gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet:

- PTEK212 Reservoarteknikk I
- PTEK213 Reservoarteknikk II

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet omfattar eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

- PTEK212 Reservoarteknikk I og PTEK213 Reservoarteknikk II viss dei ikkje blei inkludert i bachelorgraden, i tillegg til:
- GEOL360 Sekvensstratigrafi
- GEOL364 Vidaregåande petroleumsgnologi I
- GEOL365 Geologisk tolking av geofysiske data
- GEOL366 Anvend reservoarmodellering
- GEOL367 Reservoargeologi og -teknologi
- Petroleumrelaterte emne innan kjemi og matematikk valt i samråd med rettleiaren slik at det til saman blir 60 studiepoeng. Døme på slike emne: PTEK214 Eksperimentelle metodar i reservoarfyssikk, PTEK218 Bergartsfyssikk, PTEK313 Reservoarkarakterisering og utvinningsteknikkar.

### Tilrådd studieplan

| 4.V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |     |
|-----|---------|---------|---------|-----|
| 3.H | Val     | Oppgåve | Oppgåve |     |
| 2.V | Val     | GEOL366 | GEOL367 | Val |
| 1.H | GEOL360 | GEOL364 | GEOL365 | Val |

### Kontaktinformasjon

E-post: studieveileder.ppt@ift.uib.no  
Telefon: 55 58 28 64

### Yrkesveggar

Reservoaringeniør/forskar i oljeselskap eller serviceselskap, statlege styrings- og kontrollorgan, universitet eller forskingsinstitutt. Studiet legg også grunnlaget for eit doktorgradsstudium.



## MAMN-PETKJ Reservoarkjemi

---

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Masterprogram:</b> | Petroleumsteknologi                           |
| <b>Studieretning:</b> | Reservoarkjemi                                |
| <b>Grad:</b>          | Master i petroleumsteknologi - reservoarkjemi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP  |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år  |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                                  |

### Mål og innhald

Reservoarkjemi dekkjer i prinsippet alt frå eigenskapar til borevæsker, eigenskapar til injeksjonskjemikaljar og behandling av den produserte oljen. Hovudfokuset er på auka utvinning. Aktuelle tema er korleis ein effektivt kan redusere grenseflatespenninga mellom olje og vann for å mobilisere restoljen, karakterisering av fuktpreferansar i oljereservoar, og kontroll av flømmingsprosessen ved polymertilsetjing.

Målsetjinga med studiet er å utnytte forskning og ekspertise både frå universitetets fagmiljø og eksterne forskingsmiljø til å utdanne kandidatar med teknologisk kompetanse som er velegna for arbeid i oljeindustrien.

### Fagleg profil

Mastergraden i petroleumsteknologi er ei tverrfagleg utdanning med sterk forankring i dei basale realfaga (fysikk, matematikk og kjemi).

### Opptaksgrunnlag

Bachelor i petroleumsteknologi, bachelor i kjemi eller tilsvarande utdanning. Du som har bachelor i andre realfagsdisiplinar, kan bli vurdert viss den faglege bakgrunnen din blir rekna som tilfredsstillande for masteroppgåva. For å bli teken opp til masterprogrammet i petroleumsteknologi må emna PTEK211 Grunnleggjande reservoar fysikk, PTEK212/213 Reservoarteknikk I/II og GEOL260 Petroleumsgnologi (til saman 30 SP) eller tilsvarande vere bestått, eller tilsvarande kunnskapar må dokumenterast.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i petroleumsteknologi/reservoarkjemi må følgjande emne vera gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet:

- PTEK212 Reservoarteknikk I
- PTEK213 Reservoarteknikk II

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet omfattar eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

- PTEK212 Reservoarteknikk I og PTEK213 Reservoarteknikk II viss dei ikkje blei inkludert i bachelorgraden
- KJEM214 Overflate- og kolloidkjemi
- KJEM319 Eksperimentelle teknikkar i fysikalsk kjemi
- Petroleumsrelaterte emne innan petroleumsteknologi, geologi og matematikk valt i samråd med rettleiaren din slik at det til saman blir 60 SP. Døme på slike emne: PTEK214 Eksperimentelle metodar i reservoar fysikk, PTEK311 Sanntids reservoar- og produksjonsstyring, PTEK313 Reservoarkarakterisering og utvinningsteknikkar

### Tilrådd studieplan

|      |         |         |         |
|------|---------|---------|---------|
| 4. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
| 3. H | Val     | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | KJEM319 | Val     | Oppgåve |
| 1. H | KJEM214 | Val     | Val     |

### Kontaktinformasjon

E-post: studieveileder.ppt@ift.uib.no

Telefon: 55 58 28 64

### Yrkesvegar

Reservoaringeniør/forskar i oljeselskap eller serviceselskap, statlege styrings- og kontrollorgan, universitet eller forskingsinstitutt. Studiet legg også grunnlaget for eit doktorgradsstudium.

## MAMN-PETMK Reservoarmekanikk

---

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Petroleumsteknologi                              |
| <b>Studieretning:</b> | Reservoarmekanikk                                |
| <b>Grad:</b>          | Master i petroleumsteknologi - reservoarmekanikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år   |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                                     |

### Mål og innhald

Utvikling og analyse av matematiske/numeriske beregningsverktøy er viktig når ein skal lage simuleringsmodellar for fleirfasestraumar i eit reservoar. Simuleringsmodellane blir brukte i industrien når ein skal vurdere om reservoaret kan utvinnas kommersielt og korleis ein i så fall skal planleggje boringa etter førekomstane. Slike modellar kan lagast med eksisterande simulatorverktøy eller ved å utvikle eigen kode (for eksempel ved hjelp av Matlab).

Målsetjinga med studiet er å utnytte forskning og ekspertise både frå universitetets fagmiljø og eksterne forskingsmiljø til å utdanne kandidatar med teknologisk kompetanse som er velegna for arbeid i oljeindustrien og arbeid innan industri og forvaltning som krev kompetanse i kvantitativ modellering. Sidan studiet er tverrfagleg, vil det gi eit godt grunnlag for arbeid i skolen.

### Fagleg profil

Masterprogrammet i petroleumsteknologi er ei tverrfagleg utdanning med sterk forankring i dei basale realfaga (fysikk, matematikk og kjemi).

### Opptaksgrunnlag

Bachelorgrad i petroleumsteknologi, bachelor i matematikk, matematikk og statistikk eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar, kan bli vurdert dersom matematikkbakgrunnen din blir rekna som tilfredsstillande for masteroppgåva. For å bli teken opp til masterprogrammet i petroleumsteknologi må emna PTEK211 Grunnleggjande reservoar fysikk, PTEK212/213 Reservoarteknikk I/II og GEOL260 Petroleumsgnologi (til saman 30 SP) eller tilsvarende vere bestått, eller tilsvarende kunnskapar må dokumenterast.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i petroleumsteknologi/reservoarmekanikk må følgjande emne vera gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller mastergraden:

- PTEK212 Reservoarteknikk I
- MAT254 Strøyming i porøse media

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

- PTEK212 Reservoarteknikk I og MAT254 Strøyming i porøse medium dersom dei ikkje blei inkludert i bachelorgraden
- Eitt av emna: MAT234 Partielle differensiallikningar eller MAT252 Kontinuumsmekanikk
- MAT354 Reservoarsimulering
- Petroleumrelaterte emne innan petroleumsteknologi, kjemi, geologi og matematikk valt i samråd med rettleiaren din slik at det til saman blir 60 SP. Døme på slike emne: PTEK213 Reservoarteknikk II, PTEK214 Eksperimentelle metodar i reservoar fysikk, PTEK218 Bergartsfysikk, PTEK313 Reservoarkarakterisering og utvinningsteknikkar.

### Tilrådd studieplan

|      |         |         |         |
|------|---------|---------|---------|
| 4. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
| 3. H | Val     | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | Val     | Val     | Oppgåve |
| 1. H | MAT354  | Val     | Val     |

### Kontaktinformasjon

E-post: studieveileder.ppt@ift.uib.no  
Telefon: 55 58 28 64

### Yrkesveggar

Reservoaringeniør/forskar i oljeselskap eller serviceselskap, statlege styrings- og kontrollorgan, universitet eller forskingsinstitutt. Studiet legg også grunnlaget for eit doktorgradsstudium.



# MASTERPROGRAM I PROSESSTEKNOLOGI

## MAMN-PROFL Fleirfasesystem

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Prosessteknologi                             |
| <b>Studieretning:</b> | Fleirfasesystem                              |
| <b>Grad:</b>          | Master i prosesssteknologi - fleirfasesystem |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                                       |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år   |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                                 |

### Mål og innhald

Masterprogrammet i fleirfaseteknologi fokuserer på transportfenomen i fleirfasesystem, det vil seie strøyming og varme- og massetransport i dei. Målet er å gi deg innsikt i dei mikroprosessane som skjer i prosessapparatur som involverer fleire fasar, og at du skal kunne bruke denne innsikta i formulering av makromodellar. Kandidatar med ein mastergrad i prosesssteknologi, med spesialisering i fleirfasesystem, vil vere eigna til å analysere dei komplekse problema som dominerer prosessindustrien i dag. Ettersom avansert programvare overtek dei meir tradisjonelle og rutineprega prosesssteknologiske oppgåvene, fokuserer den industrielle prosesssteknologien i stigande grad på komplekse oppgåver som er retta mot system som inneheld meir enn ein fase, og som ofte krev innsikt i ulike disiplinar.

### Fagleg profil

Studiet er fokusert på å byggje forståingsbaserte makromodellar for fleirfasesystem ved å undersøke delprosessar på mikronivå. Oppgåver har normalt ein sterk tverrfagleg karakter og blir utførte i samarbeid med matematikk, fysikk eller kjemi. Ofte er det eit samarbeid mellom teoretikarar på den eine sida og prosessindustrien på den andre. Eit breitt spekter av eksperimentelle, numeriske og teoretiske verktøy blir tekne i bruk.

### Opptaksgrunnlag

Bachelor i prosesssteknologi, fysikk, kjemi, matematikk, matematikk og statistikk, petroleumsteknologi eller tilsvarande.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i prosesssteknologi/fleirfasesystem må emna PTEK202 og PTEK203 eller tilsvarande vera gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet omfattar eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:

- PTEK241 Introduksjon til fleirfasesystem
- Minst 10 SP vald blant emna: MAT234, MAT235, MAT252, MAT341, STAT200, STAT220, KJEM214, PHYS206, PHYS225, PTEK204 og PTEK354
- Emne eller spesialpensum valt i samråd med rettleiarar din slik at det blir til saman 60 studiepoeng

### Tilrådd studieplan

|              |                     |                |                     |
|--------------|---------------------|----------------|---------------------|
| <b>10. V</b> | <b>Oppgåve</b>      | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b>      |
| <b>9. H</b>  | <b>Spesialeemne</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b>      |
| <b>8. V</b>  | <b>Val</b>          | <b>PTEK241</b> | <b>Oppgåve</b>      |
| <b>7. H</b>  | <b>Val</b>          | <b>Val</b>     | <b>Spesialeemne</b> |

### Kontaktinformasjon

E-post: [studieveileder.ppt@ift.uib.no](mailto:studieveileder.ppt@ift.uib.no)  
Telefon: 55 58 28 64

### Yrkesvegar

Kandidatar med spesialitet i fleirfaseteknologi kan få arbeid i prosessindustrien, spesielt i industri som blir dominert av fleirfasesystem, slik som utvinning, behandling og foredling av olje og naturgass, næringsmiddelindustri, farmasøytisk og metallurgisk industri. Du kan også få jobb i rådgivande ingeniørfirma.

## MAMN-PROKJ Kjemometri

---

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Masterprogram:</b> | Prosessteknologi                        |
| <b>Studieretning:</b> | Kjemometri                              |
| <b>Grad:</b>          | Master i prosesssteknologi – kjemometri |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                                  |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                    |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                            |

### Mål og innhald

Multivariate metodar for prosessutvikling og prosessstyring er på full fart inn i norsk og utanlandsk industri. On-line- og at-line-analysar av råvarer, mellomprodukt og kvalitet av sluttprodukt med kjemisk instrumentering inngår som eit viktig element i styringssystema i tillegg til "vanlege" prosessvariablar, som for eksempel trykk og temperatur. Minimering av utslepp og energiforbruk er også viktige område for prosesskjemometri. Målet for studiet er å gi deg spisskompetanse i multivariat dataanalyse og modellering saman med ein brei bakgrunn i meir klassiske prosessdisiplinar. Du skal etter fullført studium ha oppnådd operasjonell kompetanse i generell problemløysing innan prosessindustrien.

### Fagleg profil

Masterprogrammet i prosesssteknologi er ei tverrfagleg utdanning med sterk forankring i dei basale realfaga (fysikk, matematikk og kjemi).

### Opptaksgrunnlag

Bachelor i prosesssteknologi, kjemi, eller ingeniørfag (kjemi) eller tilsvarende.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i prosesssteknologi/kjemometri må emna KJEM225, PTEK202 og PTEK203 eller tilsvarende vera gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet. Det er 5 SP overlappt mellom KJEM225 og PTEK226.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i kjemometri omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:

- PTEK 226
- 20 studiepoeng valt blant emna KJEM202, KJEM203, KJEM210, PTEK213, PHYS225, STAT200, MAT260, MAT261, MAT262, MAT264, PTEK231
- 30 studiepoeng valt i samråd med rettleiar

### Tilrådd studieplan

|              |                |                |                |
|--------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>10. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>9. H</b>  | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>8. V</b>  | <b>Val</b>     | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> |
| <b>7. H</b>  | <b>Val</b>     | <b>Val</b>     | <b>PTEK226</b> |

### Kontaktinformasjon

E-post: studieveileder.ppt@ift.uib.no  
Telefon: 55 58 28 64

### Yrkesveggar

Kjemometri er svært tverrfagleg, og kandidatane er etterspurde innanfor prosessindustrien. Som døme kan nemnast: Olje/ gass-, marin- og farmasøytisk industri.

## MAMN-PROSE Separasjon

---

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Masterprogram:</b> | Prosessteknologi                        |
| <b>Studieretning:</b> | Separasjon                              |
| <b>Grad:</b>          | Master i prosesseteknologi – separasjon |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                                  |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                                    |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                            |

### Mål og innhald

Energiutveksling er det grunnleggjande i alle prosessanlegg. Ei grunnleggjande forståing av korleis desse energiutvekslingane heng saman med masseutveksling og strøyming er ein føresetnad for prosessane, anten det er prosessar som inneber fleire fasar og kjemiske reaksjonar eller endringar i tilstand for ein fase. Det er eit mål at kandidatar frå denne spesialiseringa skal kunne analysere ulike einingsoperasjonar med omsyn til energi- og strøymingsforhold og kunne setje saman prosessar i heilskaplege prosessanlegg for å tilfredstille gitte krav. Som ein del av denne målsetjinga blir det fokusert på estimering av termodynamiske data, fysikalske data og faseovergangar ved hjelp av industrielle metodar og meir fundamentale tilnærmingar som molekylære simuleringar og moderne teoriar frå statistisk mekanikk.

### Fagleg profil

Masterprogrammet i prosesseteknologi er ei tverrfagleg utdanning med sterk forankring i dei basale realfaga (fysikk, matematikk og kjemi).

### Opptaksgrunnlag

Bachelor i prosesseteknologi, fysikk, kjemiteknikk eller tilsvarande.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i prosesseteknologi/separasjon må emna PTEK202 og PTEK203 eller tilsvarande vera gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i prosesseteknologi/separasjon omfattar eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng. Ein viss del av desse kan brukast til å auke breidda og/eller supplere den generelle fagprofilen frå bachelorprogrammet. Ein vesentleg del av studiepoenga, normalt meir enn halvparten, skal brukast til støtte for forskingsprosjektet og kan vere kurs som byggjer opp under dette. Dette kan vere tilrettelagde kurs eller tilrettelagde sjølvstudium og studium i kollokviegrupper. Den totale samla fagpakken blir avtala i kvart tilfelle i samarbeid med rettleiaren i lys av den aktuelle forskingsoppgåva.

- Obligatorisk emne: PTEK 231
- Tilrådd emne: PTEK 332
- Eksempel på valfrie emne: MAT234 , MAT252, KJEM214, PHYS206, PTEK211, PTEK213, KJEM220, KJEM221, MAT263.

### Tilrådd studieplan

|              |                |                |                |
|--------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>10. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>9. H</b>  | <b>PTEK332</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>8. V</b>  | <b>Val</b>     | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> |
| <b>7. H</b>  | <b>Val</b>     | <b>PTEK231</b> | <b>Val</b>     |

### Kontaktinformasjon

E-post: studieveileder.ppt@ift.uib.no  
Telefon: 55 58 28 64

### Yrkesveggar

Generell prosessindustri, engineeringselskap, rådgjevande ingeniørar samt innan forskning og utvikling.

## MAMN-PROSI Tryggleiksteknologi

---

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Prosessteknologi                                 |
| <b>Studieretning:</b> | Tryggleiksteknologi                              |
| <b>Grad:</b>          | Master i prosesssteknologi – tryggleiksteknologi |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år   |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                                     |

### Mål og innhald

Prosessindustrien i Noreg (olje/naturgass, kjemisk, metallurgisk m.m.) er eksportretta og har stor innverknad på økonomien til landet vårt. Men både råvarer, mellomprodukt, ferdigprodukt og dei mange ulike prosessane involvert kan representere fare for ulukker, og sikkerheitsarbeidet får derfor høg prioritet. Sentrale oppgåver er førebygging og kontroll av eksplosjonar, brannar, varmeavgjevande kjemiske reaksjonar ("run-away") og utslepp av giftige/korroderande stoff. Forskingsoppgåva blir ofte utført i tett samarbeid med eksterne verksemdar.

### Fagleg profil

Studieretninga gir ein svært god fagleg bakgrunn i både prosessikkerheitsteknologi og prosesssteknologi, i motsetnad til andre masterprogram som fokuserer på anten sikkerheitsteknologi eller prosesssteknologi.

### Opptaksgrunnlag

Bachelor i prosesssteknologi, fysikk, kjemi eller ingeniørfag (linjer for sikkerheit, prosess, kjemi) eller tilsvarande.

### Andre krav

For å oppnå mastergrad i prosesssteknologi/tryggleiksteknologi må emna PTEK202 og PTEK203 eller tilsvarande vera gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i prosess/tryggleiksteknologi omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng, og fag eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng sett saman slik:

- PTEK250, PTEK251 og PTEK252, om dei ikkje er tekne i bachelor studiet
- Andre aktuelle emne inkluderer: PTEK353, PTEK354, PTEK355 og PTEK357, eventuelt PTEK231, PTEK241
- Eventuelt spesialpensum valt i samråd med rettleiar

### Tilrådd studieplan

|              |                |                |                |
|--------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>10. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>9. H</b>  | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>8. V</b>  | <b>PTEK251</b> | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> |
| <b>7. H</b>  | <b>PTEK252</b> | <b>PTEK250</b> | <b>Val</b>     |

### Kontaktinformasjon

E-post: studieveileder.ppt@ift.uib.no  
Telefon: 55 58 28 64

### Yrkesveggar

Prosessikkerheitsteknologi er ei slagkraftig utdanning som gir jobbmoglegheiter innanfor eit breitt spekter av prosessindustrien, ikkje minst i olje- og gassindustrien på land og til havs, i konsulent- og ingeniørselskap og innanfor forskning. Dei fleste studentane får jobb før dei er ferdig uteksaminerte.

# MASTERPROGRAM I STATISTIKK

## MAMN-STADA Dataanalyse

|                       |                                   |
|-----------------------|-----------------------------------|
| <b>Masterprogram:</b> | Statistikk                        |
| <b>Studieretning:</b> | Dataanalyse                       |
| <b>Grad:</b>          | Master i statistikk - dataanalyse |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                            |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år                              |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                      |

### Mål og innhald

Statistikk er ei relativt ny grein av matematikken som har vakse enormt i omfang og interesse i den seinare tida. Statistikk blir brukt til å analysere telekommunikasjonsnettverk, i modellering av epidemiar og i finanslivet og bankar der kandidatar er sterkt etterspurde. Statistikk fokuserar på tolking av data. Stig den globale temperaturen? Aukar kraftlinjer sjansen for kreft? Kva er inflasjonsraten? Statistikarar arbeider i industri, forvaltning, naturvitskapleg forskning og medisin. På grunn av at statistikken sine metodar er basert på matematikk, trengst det god forståing av matematiske metodar.

### Fagleg profil

Ei mastergradsoppgåve i dataanalyse kan innebere at ein analyserer eit konkret datasett. Typisk nyttar ein numeriske teknikkar for å vurdere metodane som inngår i tolking av data. Det er ofte snakk om simulering gjennomført ved eigne program. Dessutan byggjer gjerne sjølve analysemetoden på tidkrevjande numeriske rutinar i tillegg til matematiske formuleringar. Studieretninga gir god bakgrunn for seinare arbeid med analyse av kompliserte datasett innanfor ulike praktiske fagfelt.

### Opptaksgrunnlag

Alle bachelorgrader med følgjande minimum av matematiske forkunnskapar vil kvalifisere for opptak:

MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, STAT110 Grunnkurs i statistikk, STAT111 Statistiske metodar og eitt av emna: STAT210 Statistisk inferensteori /STAT220 Stokastiske prosessar.

(OBS: Karaktersnittet på desse kursa må minst vere C. Vi vil fråråde oppstart på dette programmet dersom karakterane i dei sentrale statistikkursa STAT110, STAT111 og STAT210/STAT220 er dårlegare enn C.) Tilrådde forkunnskapar er INF100 Grunnkurs i matematikk og MAT160 Reknealgoritmar I.

### Andre krav

For å oppnå ein mastergrad i statistikk/dataanalyse - må emna STAT201 Generaliserte lineære modellar, STAT210 Statistisk inferensteori og STAT220 Stokastiske prosessar eller tilsvarende vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i dataanalyse omfattar:

- Eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 SP, men det kan også bli gitt oppgåver med eit omfang på 30 SP. Spesialpensumet blir da auka med 30 SP.
- Emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:
  - 40 SP valt blant emna: STAT201 Generaliserte lineære modellar, STAT210 Statistisk inferensteori, STAT211 Tidsrekker, STAT220 Stokastiske prosessar, STAT221 Grensesetningar i sannsynsrekning, STAT310 Multivariabel statistisk analyse.
  - 20 SP valt i samråd med rettleiareren din

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved matematisk institutt.  
E-post: studieveileder@math.uib.no

**Yrkesveggar**

Kandidatar med kompetanse i statistikk har hittil ikkje hatt vanskar på arbeidsmarknaden. Dei har mellom anna fått arbeid i oljeindustrien, forsikring,

helsevesen, havforskning samt undervisning og forskning ved universitet og høgskolar. Det er stort behov for lærarar med kompetanse i statistikk i den vidaregåande skolen.

## MAMN-STAFI Finansteori og forsikringsmatematikk

---

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Masterprogram:</b> | Statistikk   |
| <b>Studieretning:</b> | Finansteori og forsikringsmatematikk                       |
| <b>Grad:</b>          | Master i statistikk - finansteori og forsikringsmatematikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP   |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år   |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår   |

### Mål og innhald

Studieprogrammet skal gi ei innføring i teori og teknikkar innan forsikringsmatematikk. Gjennom denne studieretninga blir ein utdanna til aktuaryrket. Det norske regelverket for forsikringsnæringa krev at eitkvart livs- og skadeforsikringsselskap skal ha ein ansvarshavande aktuar som skal passe på at premiar og forsikringstekniske avsetjingar har eit forsvarleg nivå. Blant aktuaren sine arbeidsoppgåver kjem også oppfølging av selskapet sine finansielle plasseringar. For å bli ansvarshavande aktuar trengst det aktuar kompetanse. Mastergraden i statistikk med denne studieretninga gir aktuar kompetanse. Det er tilrådd at spesialisering innan finansteori blir kombinert med emna STAT230 - Livsforsikringsmatematikk og STAT231 - Skadeforsikringsmatematikk da dette vil gi aktuar kompetanse og såleis ein mykje breiare yrkesplattform.

### Fagleg profil

Studiet er tilpassa dei metodane som trengst ved praktisk arbeid innanfor forsikring og finans. Det inneheld både modellering som byggjer direkte på sannsynsrekning og metodar for analyse av aktuelle datasett.

### Opptaksgrunnlag

Alle bachelorgrader med følgjande minimum av matematiske forkunnskapar vil kvalifisere for opptak: MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, STAT110 Grunnkurs i statistikk, STAT111 Statistiske metodar og eitt av emna: STAT210 Statistisk inferensteori eller STAT220 Stokastiske prosessar.

(OBS: Karaktersnittet på desse kursa må minst vere C. Vi vil fråråde oppstart på dette programmet dersom karakterane i dei sentrale statistikkursane STAT110, STAT111 og STAT210/STAT220 er dårlegare enn C.)

Tilrådde forkunnskapar er MAT131 Differensiallikningar I, MAT160 Reknealgoritmar I, MAT211 Reell analyse, MAT213 Funksjonsteori og INF100 Grunnkurs i programmering.

### Andre krav

For å oppnå ein mastergrad i statistikk - dataanalyse - må emna STAT201 Generaliserte lineære modellar, STAT210 Statistisk inferensteori og STAT220 Stokastiske prosessar, STAT230 Livsforsikringsmatematikk, STAT231 Skadeforsikringsmatematikk og risikoteori, STAT240 Finansteori eller tilsvarande vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet. Forsikringskursane STAT230 og STAT231 går i ein toårs syklus, det er derfor viktig at studentane er påpasselege med å få med seg desse, eventuelt mot slutten av bachelorgraden, slik at dei ikkje kjem heilt på slutten når mastergradsoppgåva skal skrivast.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet i finansteori og forsikringsmatematikk omfattar:

- Eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 SP, men det kan også gjevast oppgåver med eit omfang på 30 SP. Spesialpensumet blir da auka med 30 SP.
- Emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:
  - 40 SP valt blant emna STAT201 Generaliserte lineære modellar, STAT210 Statistisk inferensteori, STAT211 Tidsrekker, STAT220 Stokastiske prosessar, STAT221, Grensesetningar i sannsynsrekning, STAT230 Livsforsikringsmatematikk, STAT231 Skadeforsikringsmatematikk og risikoteori, STAT240 Finansteori, STAT310 Multivariabel statistisk analyse.
  - 20 SP valt i samråd med rettleieren din.



### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved matematisk institutt.

E-post: studieveileder@math.uib.no

### Yrkesveggar

Det har lenge vore eit merkbart underskot på aktuarar i landet, og forsikringsselskapa tilbyr interessante arbeidsoppgåver med gode vilkår. Innanfor finans utanom forsikring er moglege arbeidsfelt porteføljeforvalting/overvaking og prissetjing av finansielle derivat, her også innanfor energisektoren. Studiet gir aktuarkompetanse for arbeid i Noreg. Krava til aktuarkompetanse for arbeid i EU er for tida til drøfting.

## MAMN-STAMA Matematisk statistikk

---

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Masterprogram:</b> | Statistikk                                  |
| <b>Studieretning:</b> | Matematisk statistikk                       |
| <b>Grad:</b>          | Master i statistikk - matematisk statistikk |
| <b>Studiepoeng:</b>   | 120 SP                                      |
| <b>Omfang:</b>        | 2 år  |
| <b>Oppstart:</b>      | Haust og vår                                |

### Mål og innhald

Sannsynsrekning og statistikk er to relativt nye greiner av matematikken. Begge har vakse enormt i omfang og interesse i den seinare tida.

Sannsynsrekning er den delen av matematikken som skildrar tilfeldige hendingar. Det starta med terningkast og kortspel, men i dag spelar sannsynsrekning ei sentral rolle i design av reknemaskinar, telekommunikasjonsnettverk, i modellering av epidemiar, og innan finans og bank der kandidatar er sterkt etterspurde. Statistikk fokuserar på tolking av data. Stig den globale temperaturen? Aukar kraftlinjer sjansen for kreft? Kva er inflasjonsraten? Statistikarar arbeidar i industri, forvalting, naturvitskapleg forskning og medisin. På grunn av at statistikken sine metodar er basert på matematikk, trengst det god forståing av matematiske metodar.

### Fagleg profil

I matematisk statistikk ser ein på eigenskapane ved metodane som blir brukte til å analysere observasjonsmateriale. Ein utnyttar matematiske teknikkar for å undersøkje kva for metodar det er som best tek omsyn til informasjonen som ligg i observasjonane. Teknikkane byggjer i stor grad på sannsynsrekning. Nye metodar blir også formulerte ved bruk av matematiske hjelpemiddel.

### Opptaksgrunnlag

Alle bachelorgrader med følgjande minimum av matematiske forkunnskapar vil kvalifisere for opptak: MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, STAT110 Grunnkurs i statistikk, STAT111 Statistiske metodar og eitt av emna: STAT210 Statistisk inferensteori eller STAT220 Stokastiske prosessar.

(OBS: Karaktersnittet på desse kursa må minst vere C. Vi vil fråråde oppstart på dette programmet dersom karakterane i dei sentrale statistikkursa STAT110, STAT111 og STAT210/STAT220 er dårlegare enn C.)

Tilrådde forkunnskapar er MAT131 Differensiallikningar I, MAT160 Reknealgoritmar I, MAT211 Reell analyse, MAT213 Funksjonsteori og INF100 Grunnkurs i programmering.

### Andre krav

For å oppnå ein mastergrad i statistikk - matematisk statistikk - må emna STAT201 Generaliserte lineære modellar, STAT210 Statistisk inferensteori, STAT220 Stokastiske prosessar, STAT221 Grensesetningar i sannsynsrekning og MAT211 Reell analyse eller tilsvarende vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Oppbygging av studiet

Masterprogrammet matematisk statistikk omfattar:

- Eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 SP, men det kan også bli gitt oppgåver med eit omfang på 30 SP. Spesialpensumet blir da auka med 30 SP.
- Emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:
  - 40 SP valt blant emna STAT201 Generaliserte lineære modellar, STAT210 Statistisk inferensteori, STAT211 Tidsrekkjer, STAT220 Stokastiske prosessar, STAT221 Grensesetningar i sannsynsrekning, STAT240 Finanstheori, STAT310 Multivariabel statistisk analyse, MAT211 Reell analyse, MAT215 Mål- og integralteori
  - 20 SP valt i samråd med rettleiaren din.

### Tilrådd studieplan

|             |                |                |                |
|-------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>4. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>3. H</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>2. V</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  | <b>Oppgåve</b> |
| <b>1. H</b> | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  | <b>Pensum</b>  |

### Kontaktinformasjon

Studierettleiar ved matematisk institutt.  
E-post: studieveileder@math.uib.no

**Yrkesveggar**

Kandidatar med kompetanse i statistikk har hittil ikkje hatt vanskar på arbeidsmarknaden. Dei har mellom anna fått arbeid i oljeindustrien, forsikring,

helsevesen, havforskning og undervisning og forskning ved universitet og høgskolar. Det er stort behov for lærarar med kompetanse i statistikk i den vidaregåande skolen.

---

## Emneoversikt

---

### EXAMEN PHILOSOPHICUM

#### EXPHIL-MNSEM og EXPHIL-MNEKS Examen philosophicum

Studiepoeng: 10 SP

##### Fagleg innhald:

Examen philosophicum gir studentane ei innføring i allmenne idear og grunnproblem som har nedfelt seg i universitetstradisjonen. Exphil presenterer denne tradisjonen sine problem frå ein filosofisk synsvinkel. Ethiske, vitenskapsfilosofiske, logiske og argumentasjonsteoretiske problemstillingar inngår her. Studiet skal gi studentane ei innføring i sentrale, allmenne grunnlagsproblem i den vestlege tenkinga. Det blir lagt stor vekt på at studentane sjølve skal utvikle sine evner til å arbeide med slike grunnlagsproblem. Dette gjeld alle fakultetsvariantane. Utvalet av problemstillingar er likevel fakultetstilpassa. Dette tyder at ein vektlegg filosofiske problemområde som er særleg sentrale innan det røyndomsfeltet som blir dekkja av det fakultetet som studenten har valt å studere ved.

Examen philosophicum består av to delar, Exphil-alfa og Exphil-beta.

Examen philosophicum er ein del av førstesemesterstudiet. Det består av Examen philosophicum, Examen facultatum og eventuelle andre innføringsemne som blir bestemt av fakulteta innanfor førstesemesteret si ramme på 30 studiepoeng. Universitetet har som mål å gje desse emna ein indre samanheng. Examen philosophicum gir eit overordna filosofisk perspektiv. Dei andre førstesemesteremna vil gje ei innføring i grunnlagskompetanse som er naudsynte for dei aktuelle studieprogram.

##### Læringsmål:

Examen philosophicum har som mål å gi studentane ved Universitetet i Bergen ei innføring i universitetet sine idétradisjonar så vel som universitetet sine tenkje-, arbeids- og skrivemåtar. Exphil har som formål å gi eit overordna filosofisk perspektiv på akademisk kultur og danning.

##### Formål - MN-varianten

Dei læringsmål som gjeld for Examen philosophicum generelt, gjeld og for MN-varianten. Studentar som vel denne varianten skal nå desse læringsmåla ved å fokusere på det filosofiske og i nokon grad historiske grunnlaget for

naturvitenskapane, både gjennom vitenskapsfilosofiske analysar av samtidig og fortidig naturvitenskap, og gjennom studiet av sentrale bidrag i vestleg filosofi, frå antikken til moderne tid, som har samvirka med naturvitenskapane og vokst fram saman med dei. MN-varianten skal og inkludere arbeid med vitenskaplege argumentasjonsformar, og dessutan særlege drag ved normativ argumentasjon. Forholdet mellom fakta og verdiar vil være ein sentral problematikk i begge emnedelar. Det er eit mål å skape faglege koplingar mellom Exphil og dei øvrige førstesemesteremna ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultetet.

##### Innhald

###### Exphil-alfa

Exphil-alfa har som mål å gi ei tematisk innføring i ontologi, epistemologi og etikk, og skal være den første delen av MN-varianten. Stoffet blir i store drag strukturert etter vestleg filosofi si historie, men pretenderer ikkje å gi ein dekkjande filosofihistorisk presentasjon frå antikken til moderne tid. Denne delen inkluderer følgjande tema, der dei første tre kvar blir tildelt om lag tretti prosent av alfadelen sitt omfang, mens det siste skal utgjere om lag ti prosent:

(1) Ontologi, epistemologi og etikk i antikken. Førsokratisk filosofi (inkludert pytagorearane), Sokrates, Platon og Aristoteles. Sentrale læringsmål i denne delen vil være å gi studentane ei forståing av kva filosofi er, hovudspørsmåla i antikkens filosofi, hovuddrag ved dei nevnte filosofane, og endeleg harmoniforestillingar i antikken på tvers av skiljet er/bør.

(2) Den nye tid. Descartes, Hume og Kant. Her skal det leggjast vekt på epistemologi og korleis ontologiske spørsmål no blir handsama, og i tillegg det framvoksende skiljet mellom er og bør. Kant må av omsyn til plassen presenterast nokså kortfatta.

(3) Etikk. Kortfatta introduksjon til moralfilosofi. Systematisk studium i etikk: etikk, moral og verdiar, etisk argumentasjon og normative etiske teoriar.

(4) Samtidsfilosofi. Introduksjon til postmoderne og feministisk tenking, der tilhøvet mellom fakta og verdiar i den nye tid blir problematisert.

## Exphil-beta

Denne delen har som mål å gi ei tematisk innføring i sentrale grunndrag og grunnlagsproblem ved naturvitskapane. Denne delen inkluderer følgjande tema, der dei første to kvar blir tildelt omlag tretti prosent av omfanget, mens dei to siste skal utgjere omlag tjue prosent kvar:

(1) Kva er vitskap? Vitskap kjenneteikna som teori og ved gyldig argumentativ/logisk struktur, deduksjon/induksjon, hypotesetesting, Popper. Krittisk tenking, klar og sakleg språkbruk, argumentative fallgruver, teksttolking og den hermeneutiske sirkel. Forholdet mellom teori og observasjon, fortolkingsmangfald, premissanalyse, paradigmer og Kuhn.

(2) Vitskap kjenneteikna ved fakta og vitskaplege omgrep. Definisjonar, definisjonstypar, krav til definisjonar, operasjonelle definisjonar som bindeledd mellom teori og praksis. Klassifikasjon. Grunnlaget for dei matematiske naturvitskapane frå Aristoteles til Galilei. Det mekanistiske verdsbiletet og dei utfordringane det møter i det 20. århundre sin fysikk.

(3) Forklaringstypar. Reduksjonismeproblemet i biologien.

(4) Teknologifilosofi og vitskapsetikk.

### **Undervisningssemester:**

Seminarmodellen: haust

Skoleeksamen: vår og haust

### **Undervisningsspråk:**

Norsk

### **Vurdering/eksamensformer:**

a) Seminarmodellen

Seminarmodellen føreset aktiv deltaking gjennom heile undervisningsperioden, og det er obligatorisk frammøte på første seminaret (i den delen som startar opp først). Studentar som ikkje møter første gong, risikerer å miste plassen i seminargruppa.

Det følgjande er arbeidskrav som må være oppfylte i løpet av semesteret for at mappa skal bli vurdert. Det er ikkje høve til å overføre oppfylte arbeidskrav frå eit semester til eit anna. Studentane på seminarmodellen skal:

- ta del på minst 7 av 9 av seminara i kvar emnedel. Eit fråver frå undervisninga som går ut over to seminarsamlingar i ein emnedel, fører til at mappa ikkje blir evaluert.
- møte til avtalte individuelle rettleiingar

- gi ein munnleg presentasjon i kvar av seminarrekkjene

- levere ei seminaroppgåve på om lag 1500 ord i kvar emnedel

- gjennomføre breiddetest i kvar emnedel.

Studenten må ha fått godkjent denne testen i begge emnedelar for å få vurdert seminaroppgåvene. Det blir arrangert kontinuasjonssprøve.

Studentane på seminarmodellen skal skrive ei seminaroppgåve i kvar emnedel. Denne oppgåva arbeider studentane med undervegs i undervisningsperioden. Oppgåvene blir samla i ei mappe og blir vurderte som studenten sitt eksamensarbeid. Til denne mappa er det knytt visse arbeidskrav som må være oppfylte for å få mappa vurdert (sjå ovanfor).

b) Skoleeksamen

For å kunne å gå opp til eksamen, må studenten ha levert ei obligatorisk øvingsoppgåve i kvar emnedel. Studenten får tilbakemelding på øvingsoppgåva. Nøyaktig tidspunkt for gjennomføring av øvingsoppgåva blir kunngjort på Mi side i byrjinga av semesteret. Øvingsoppgåva er gyldig i det semesteret ho er levert inn og i det påfølgjande semesteret.

Eksamen er ein 4-timars skuleeksamen mot slutten av semesteret. Studentane skal her svare på spørsmål frå både alfa- og beta-delen. Ingen hjelpemiddel er tillate under eksamen. Det blir ikkje gitt kontinuasjonseksamen.

Eksamensmelding:

Studentar må registrere seg og melde seg opp til eksamen i StudentWeb. Korrekt eksamensmelding er emnekode "EXPHIL-MNSEM" (seminarmodellen) og "EXPHIL-MNEKS" (skoleeksamen). Fristen blir kunngjort på Studentportalen.

Studenten får separat karakter for kvar emnedel. Den samla karakteren på Exphil er gjennomsnitt av karakterane på dei to emnedelane. Det blir gitt bokstavkarakterar frå A til F, der A er beste karakter og F er stryk. Studenten må bestå både alfa- og beta-delen for at Exphil skal bli godkjent. Med stryk i ein eller begge delane, må begge delane av Exphil gjennomførast på nytt.

Kandidatar utan studierett kan søkje om å gå opp til særskilt eksamen i EXPHIL-MNEKS.

Har du spørsmål om Exphil?

Kontakt [exphil@uib.no](mailto:exphil@uib.no)

## EMNE I FAGDIDAKTIKK

For fagdidaktikkemner som inngår i eittårig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), sjå studentportalen (<http://studentportal.uib.no/>)

### **RDID100 Realfagdidaktikk**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

Opptak til integrert lærerutdanning ved Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet.

**Tilrådde forkunnskapar:**

PEDA111 og minimum 30 studiepoeng innen matematikk og/eller naturfaglige emner.

**Fagleg overlapp:**

5 studiepoeng mot EXSCHOLAE-MN

5 studiepoeng mot RDID110

**Fagleg innhald:**

Emnet tar for seg konstruktivisme og konsekvenser for tilrettelegging for læring i realfagene.

Kunnskapsbegrepet, læringsstrategier og bruk av vurdering for å fremme læring vil bli tatt opp.

Emnet vil ta for seg den didaktiske relasjonsmodell og samspillet mellom faget, eleven, læreren og evalueringen.

**Læringsmål:**

Studenten skal kunne drøfte kjennetegn ved et konstruktivistisk læringsssyn og konsekvenser for tilrettelegging for læring i realfagene. Videre skal studenten kunne begrunne ulike undervisningsmåter, med vekt på læring gjennom dialog, skriving og elevaktive metoder. Studenten skal kunne drøfte kunnskapsbegrep i aktuelle læreplaner og greie ut om ulike oppgavetyper, prøve og eksamensformer. Samspillet mellom fag, fagsyn, læring og evalueringsformer skal kunne drøftes og eksemplifiseres. Studenten skal kunne greie ut om aktuelle læringsstrategier i realfagene og hvordan tilrettelegge for opplæring i disse.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Skolebesøk på inntil 5 dager med tilhørende obligatorisk oppgave (gyldig i to semestre; inneværende og påfølgende semester).

Fire obligatoriske arbeidsoppgaver/aktiviteter (gyldige i to semestre; inneværende og påfølgende semester).

**Undervisningssemester:**

Høst (Fargekode: grønn)

**Undervisningsspråk:**

Norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Skriftlig eksamen, 5 timer

### **NATDID201 Naturfagdidaktikk I**

**Studiepoeng:** 5 SP

**Krav til forkunnskapar:**

Opptak til integrert lærerutdanning ved Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet.

**Tilrådde forkunnskapar:**

Exscholae-mn/PEDA111, RDID110/100

**Fagleg innhald:**

Analyse av læreplaner i naturfag fra ulike teoretisk perspektiv og drøfting av begrepet naturfaglig allmenndanning. Læring i forhold til naturvitenskapelig tenke- og arbeidsmåter og relasjoner mellom naturvitenskap og samfunn. Tilrettelegging for læring av grunnleggende ferdigheter og argumentasjon i naturfag. Bruk av praktiske og elevaktive arbeidsmåter i naturfag. Bruk av forklaringer og veiledning i naturfagundervisningen.

Tilrettelegging for læring av grunnleggende ferdigheter og argumentasjon i naturfag. Bruk av praktiske og elevaktive arbeidsmåter i naturfag. Bruk av forklaringer og veiledning i naturfagundervisningen.

Bruk av forklaringer og veiledning i naturfagundervisningen.

**Læringsmål:**

Studentene skal kunne analysere læreplaner i naturfag. De skal kunne greie ut om naturvitenskapenes kjennetegn og gjøre rede for og begrunne ulike arbeidsmåter i naturfagene. Studentene skal være i stand til å diskutere begrepet allmenndanning og greie ut om kompetanser og arbeidsmåter som kan fremme naturvitenskapelig allmenndannelse.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Skolebesøk på inntil 5 dager og fire obligatoriske arbeidsoppgaver/aktiviteter (gyldige i to semestre; inneværende og påfølgende semester).

**Undervisningssemester:**

Høst (Fargekode: rød)

**Undervisningsspråk:**

Norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Muntlig eksamen med forberedelsestid.

### **NATDID202 Naturfagdidaktikk II**

**Studiepoeng:** 5 SP

**Krav til forkunnskapar:**

Opptak til integrert lærerutdanning ved Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet.

**Tilrådde forkunnskapar:**

Exscholae-mn/PEDA111, RDID110/100, NATDID201, PEDA112

**Fagleg innhald:**

Emnet tar opp tema innen nyere forskning i naturfagdidaktikk. Studentene skal gjøre seg kjent med noen av de sentrale tidsskriftene innen

naturfagenes didaktikk. De skal også kunne gjøre rede for elevenes tanker om naturvitenskap. Videre skal studentene kunne bruke IKT i undervisningen, med forskjellige programmer for innsamling av data. De skal kunne bruke flere former for motivering i undervisningen og også kjenne til Science Technology Society (STS) - bevegelsen innen naturfagdidaktikk.

#### **Læringsmål:**

Studentene skal kjenne til noen sentrale tidskrift for naturfagdidaktisk forskning og kunne gjøre rede for eksempel på ny forskning i naturfagdidaktikk. De skal kunne bruke IKT aktivt i naturfagundervisningen og bruke ulike programmer for innsamling av lokale miljødata. Videre skal de kunne gjøre rede for ulike "konkurrerende" tanker om naturvitenskap, "bordercrossing", "antiscience"-bevegelser, etc. De skal bruke ulike former for motivering i undervisningen og ha innblikk i STS-bevegelsen.

#### **Obligatoriske aktiviteter:**

Muntlig presentasjon av en nyere artikkel innen naturfagdidaktisk forskning (gyldig i to semestre; innværende og påfølgende semester).

Bestått veiledet praksis i skolen (se studieplanen for detaljer).

#### **Undervisningssemester:**

Høst og vår. Første gang høsten 2009.

#### **Undervisningsspråk:**

Norsk

#### **Vurdering/eksamensformer:**

Semesteroppgave

## **MATDID200 Matematikdidaktikk**

**Studiepoeng:** 10 SP

#### **Krav til forkunnskaper:**

Opptak til integrert lærerutdanning ved Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet.

#### **Tilrådde forkunnskaper:**

EXSCHOLAE-MN/PEDA111, RDID110/100, PEDAMN101/PEDA112

#### **Fagleg innhold:**

Matematisk kunnskap, kunnskaper om arbeidsmetoder i matematikk og forholdet mellom matematikk og andre samfunnsområder utgjør hovedgrunnlaget for læreplanene i matematikk i skolen. Fagdidaktikk for matematikk omfatter kunnskap om og refleksjon over matematikkens særpreg og konsekvenser for opplæringens mål, innhold og arbeidsmåter. Også kunnskaper om og refleksjon over elevers forkunnskaper og kunnskapsutvikling samt arbeids- og vurderingsformer knyttet til læring i matematikk står sentralt.

Eksempler på emner som kan tas opp:

- læreplaner
- matematikkhistorie
- makt, dannelselse og demokrati
- digitale verktøy

- matematikkvansker
- modellering og problemløsning

#### **Læringsmål:**

Studentene skal

- kunne redegjøre for teorier som beskriver utvikling av matematiske begreper og deres struktur
- ha kunnskaper om og erfaring med aktuelle arbeids- og organiseringsformer av matematikkundervisning
- kunne bruke fagdidaktisk teori, læreplaner og egen erfaring til å planlegge og vurdere matematikkundervisning
- kunne bruke diagnostiske metoder i kartlegging av elevenes kunnskaper og i tilpassning av undervisningen
- kunne anvende ulike representasjonsformer av matematiske begreper
- kunne veksle mellom fagspråket og det naturlige språket for å kommunisere matematikkinnhold i undervisningen
- kunne bruke og vurdere lære- og hjelpemidler, herunder læreverk, lommeregner og IKT-ressurser, til matematikkundervisningen
- kunne samarbeide med elever og kolleger om matematikkundervisningen
- kunne reflektere konstruktivt over videreutvikling av matematikkfaget
- kunne legitimere matematikkens plass i skolen og kunne reflektere over matematikkens plass i samfunnet
- kunne redegjøre for matematikkens betydning i forhold til historie, dannelselse og demokrati

#### **Obligatoriske aktiviteter:**

Fire obligatoriske aktiviteter/arbeidsoppgaver (gyldige i to semestre; innværende og påfølgende semester).

Bestått veiledet praksis (se studieplanen for detaljer).

#### **Undervisningssemester:**

Høst

#### **Undervisningsspråk:**

Norsk

#### **Vurdering/eksamensformer:**

Mappe

## **BIODID200 Biologididaktikk**

**Studiepoeng:** 5 SP

#### **Krav til forkunnskaper:**

Opptak til integrert lærerutdanning ved Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet.

#### **Tilrådde forkunnskaper:**

Exscholae-mn/PEDA111, RDID110/100, NATDID201, PEDA112 og 50 studiepoeng innen



biologifaglige emner.

**Fagleg innhold:**

- Biologi som fag og biologiens historie
- Fra læreplan til undervisning i biologi
- Bruk av modeller i biologi
- Arbeidsmåter og oppgavetyper i biologiundervisning
- Feltarbeid, demonstrasjoner og elevøvelser i biologi
- Prosjektarbeid i biologi
3 timar skriftleg eksamen. Dersom det er færre enn 20 deltakarar kan det bli muntleg eksamen. Ingen lovlege hjelpemiddel.

**INF358 Seminar i visualisering**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Fagleg overlapp:**

VISUAL: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Studentane vil få følgjande oppgåver, som er vanlege for vitskapleg arbeid innanfor forskingsfeltet visualisering:

- 1) Få oversyn over ein utvald del av visualiseringsforskninga.
- 2) Gjere eit eige visualiseringsarbeid (potensielt forskingsarbeid)
- 3) Skrive ein vitskapleg artikkel om 1) og 2).
- 4) Presentere 1) og 2) i form av ein typisk forskingspresentasjon.

**Læringsmål:**

Målet med visualiseringsseminaret (INF358) er å overføre konkret erfaring med viktige aspekt innan vitskapleg arbeid i feltet visualisering. Studentane lærar å tileigne seg eit rimeleg oversyn over nokre utvalde delar av visualiseringsforskninga i tillegg til at dei lærar å utarbeide ein vitskapleg tekst og å presentere den i form av ein typisk forskingspresentasjon.

**Undervisningssemester:**

Haust

**Undervisningsspråk:**

Engelsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Essay og munnleg presentasjon. Ingen hjelpemiddel ved munnleg eksamen, kalkulator ved skriftleg eksamen.

### **INF359 Utvalde emner i visualisering**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskapar:**

INF252 (INF212) Visualisering

**Fagleg overlapp:**

VISUAL2: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Dette kurset byggjer på det grunnleggjande kurset i visualisering (INF212/252). Innhaldet i kurset orienterer seg mot den nyaste forskinga til visualiseringsgruppa ved UiB. Kurset vil presentere medisinsk visualisering så vel som interaktiv analyse av data frå ulike applikasjonsfelt, mellom anna olje & gass og fiskeri.

**Læringsmål:**

Utvalde visualiseringsemne blir introduserte innanfor dei mest relevante applikasjonsfelt. Utvalet av applikasjonsfelt er orientert mot behova i norsk industri. Studentane blir kjende med avanserte og nyare visualiseringsemne som er aktuelle i visualiseringsforskinga ved Universitetet i Bergen.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Oppgåver Obligatoriske aktivitetar er gyldige i to semester.

**Undervisningssemester:**

Vår

**Undervisningsspråk:**

Engelsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Beståtte obligatoriske oppgåver. 3 timar skriftleg eksamen. Obligatoriske oppgåver kan telle i den samla karakteren. Om det er få studentar på kurset, kan det bli gitt munnleg eksamen i staden for skriftleg. Ingen hjelpemiddel ved munnleg eksamen.

### **INF371 Kombinatorisk optimering**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskapar:**

Byggjer på INF270

**Fagleg overlapp:**

I273: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Emnet tek for seg metodar for løysing av kombinatoriske optimeringsproblem og heiltalsprogrammering. Tema som vert dekkja er mellom andre modellar og algoritmar for flyt i nettverk, pardanning, tilordningsproblem, ryggsekkproblem, og dynamisk programmering, tresøkmeter, og kutteplanalgoritmar.

**Læringsmål:**

Emnet tek sikte på å gje ei djupare forståing av diskrete optimeringsmodellar, kva metodar ein har til rådvelde for å finneløysingar, samt kompleksiteten ved ein del av metodane. Kurset gjev grunnlag for hovudfagsoppgåver i optimering.

**Undervisningssemester:**

Uregelmessig

**Undervisningsspråk:**

Standard undervisningsspråk er norsk. Om ikkje-norskspråklege studentar følgjer kurset, vil supplerande undervisning etter førespurnad bli gitt på engelsk.

**Vurdering/eksamensformer:**

Munnleg eksamen. Ingen lovlege hjelpemiddel.

### **INF372 Ikkje-lineær optimering**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskapar:**

Byggjer på INF270, MAT211

**Fagleg overlapp:**

I274: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Emnet gjev ei innføring i teorien for kontinuerlig optimering. Ein tek for seg nokre av dei mest kjende metodane for optimering av ikkje-lineære funksjonar med og utan sidekrav.

**Læringsmål:**

Emnet skal gje inngåande forståing av kontinuerlege ikkje lineære optimeringsalgoritmar. Det gjev grunnlag for val av mest tenleg algoritme, basert på problem og datamaskinerkitektur. Kurset gjev grunnlag for hovudfagsoppgåver i optimering.

**Undervisningssemester:**

Uregelmessig

**Undervisningsspråk:**

Standard undervisningsspråk er norsk. Om ikkje-norskspråklege studentar følgjer kurset, vil supplerande undervisning etter førespurnad bli gitt på engelsk.

**Vurdering/eksamensformer:**

Munnleg eksamen. Ingen lovlege hjelpemiddel.

### **INF379 Utvalde emne i optimering**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Fagleg innhald:**

Emnet vil variere frå gong til gong. Aktuelle emne innanfor optimering blir tatt opp.

**Læringsmål:**

Undervisning i spesialeemne på mastergrad- og doktorgradsnivå.

**Undervisningssemester:**

Uregelmessig

**Undervisningsspråk:**

Standard undervisningsspråk er norsk. Om ikkje-norskspråklege studentar følgjer kurset, vil supplerande undervisning etter førespurnad bli gitt på engelsk.

**Vurdering/eksamensformer:**

Munnleg eksamen. Ingen lovlege hjelpemiddel.

### **INF380 Biologisk sekvens- og strukturanalyse**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskaper:**

Byggjer på INF280, STAT101

**Fagleg overlapp:**

I283: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Kurset inneheld hovudsakleg metodar for analyse av biologiske sekvensar og struktur: beskrivelse og representasjon, samanlikning (parvis og multippel), beskriving og oppdaging av fellestrekk (motiv), klassifikasjon.

**Læringsmål:**

Studentane skal få ei god forståing av metodar og algoritmer som blir brukt i løysing av noen sentrale problemstillingar i molekylærbiologi, og bli i stand til å utvikle nye metodar.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Obligatoriske oppgåver. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i 2 semester.

**Undervisningssemester:**

Uregelmessig/vår

**Undervisningsspråk:**

Standard undervisningsspråk er norsk. Om ikkje-norskspråklege studentar følgjer kurset, vil supplerande undervisning etter førespurnad bli gitt på engelsk.

**Vurdering/eksamensformer:**

Midtvegs- og endeleg eksamen, begge munnleg. Det er høve til å gje karakterar på oppgåver som kan inngå i sluttkarakteren. Ingen hjelpemiddel ved munnleg eksamen, kalkulator ved skriftleg.

### **INF381 Analyse av postgenomiske data**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskaper:**

Byggjer på INF280, STAT101

**Fagleg overlapp:**

I280: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Kurset gir ei innføring i utvalgte stor-skala eksperimentelle metodar for kartlegging av biologiske system, med spesiell vekt på metodar for

å analysere dei resulterande data. Ein tek særleg opp problemstillingar knytta til mikromatrise- og proteom-teknologi.

**Læringsmål:**

Studentane skal få kjennskap til teknologi som blir brukt i sentrale eksperimentelle metodar for analyse av postgenom data, og inngåande kunnskap om noen analyse-metodar og bruken av dei.

**Undervisningssemester:**

Uregelmessig/vår

**Undervisningsspråk:**

Standard undervisningsspråk er norsk. Om ikkje-norskspråklege studentar følgjer kurset, vil supplerande undervisning etter førespurnad bli gitt på engelsk.

**Vurdering/eksamensformer:**

Det er høve til å gje karakter på oppgåver som kan inngå i sluttkarakteren. Munnleg eksamen. Ingen hjelpemiddel ved munnleg eksamen. Kalkulator ved skriftleg eksamen.

### **INF389 Utvalde emne i bioinformatikk**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskaper:**

Byggjer på INF380 eller INF381

**Fagleg innhald:**

Aktuelle emne frå bioinformatikk blir tatt opp. Emnet vil variere frå år til år.

**Læringsmål:**

Undervisning i spesialpensum på master- og doktorgradsnivå.

**Undervisningssemester:**

Uregelmessig

**Undervisningsspråk:**

Standard undervisningsspråk er norsk. Om ikkje-norskspråklege studentar følgjer kurset, vil supplerande undervisning etter førespurnad bli gitt på engelsk.

**Vurdering/eksamensformer:**

3 timar skriftleg eksamen. Dersom det er færre enn 20 deltakarar kan det bli munnleg eksamen. Ingen hjelpemiddel ved munnleg eksamen, kalkulator ved skriftleg eksamen.

## EMNE I KJEMI (KJEM)

### KJEM100 Kjemi i naturen

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskapar:**

MAT101, kan lesast parallelt.

**Fagleg overlapp:**

K101: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Forståing av korleis naturen og livet er bygd opp av kjemiske sambindingar er sentral i naturvitskaplege fag. Kjemi er studiet av oppbygginga, eigenskapane og reaksjonane til stoff. Av tema som inngår kan nemnast: Atom og molekyl, periodesystemet, støkiometri (mol, konsentrasjon, gasstrykk), reaksjonstyper, kjemisk jamvekt (pH, buffer, titrering, indikator, løseligheit), varmelære, (bio)uorganisk kjemi (metallkompleks), (bio)organisk kjemi (typar av sambindingar, namnsetjing, funksjonelle grupper, biomolekyl). Deler av pensumet vil bli illustrert med praktiske demonstrasjonsforsøk.

**Læringsmål:**

Gi studentar med svak kjemibakgrunn frå vidaregåande skule ein basis for vidare studium i kjemi eller andre realfag.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Innleveringsoppgåver.

**Undervisningssemester:**

Haut (Fargekode: gul)

**Undervisningsspråk:**

Norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Mappeevaluering basert obligatorisk innleveringsoppgåve (bestått/ikkje bestått), midtsemestervurdering (30%), og skriftleg slutteksamen (4t) (70%).

Utfyllande eksamensreglar:

1. Obligatorisk innlevering er gyldig i 6 påfølgande semester.
2. Midtsemestervurdering og slutteksamen har berre gyldigheit i same semester som dei gjennomførast.
3. I semester med undervisning:
  - a) Studentar utan godkjend obligatorisk innlevering frå tidlegare semester må gjennomføre mappeevaluering.
  - b) Studentar med godkjend obligatorisk innlevering frå tidlegare semester kan

Enten

- i. Etter skriftleg melding til instituttet innan fristen for eksamensoppmelding, delta i mappeevalueringa, og må då gjennomføre alle delane av mappeevalueringa inneverande semester

Eller

- ii. Berre avlegge avsluttande eksamen. Resultatet frå denne eksamen utgjer karaktergrunnlaget.
4. I semester utan undervisning:
    - a) Studentar med godkjend obligatorisk innlevering kan ta avsluttande eksamen, som då utgjer karaktergrunnlaget.
    - b) Studentar utan godkjend obligatorisk innlevering frå tidlegare kan ikkje avlegge eksamen.

### KJEM110 Kjemi og energi

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskapar:**

MAT101, KJEM100

**Fagleg overlapp:**

K101: 10SP; FARM110: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Kjemi er studiet av oppbygginga, eigenskapar og reaksjonar til stoff, og dette emnet introduserer kjemien sine tre aspekt ut frå et fysikalsk perspektiv, kombinert med mange eksemplar henta frå daglegliv, industri og naturen. Av tema som inngår kan nemnast: Tilstandslikningar, energiomgrep (entalpi, fri energi), entropi, reversibilitet, Nernst likning, elektrokjemi, eigenskapar til løysningar, aggregattilstandar og reaksjonskinetikk. Det inngår ein avgrensa laboratedel som illustrerer deler av det teoretiske pensum og gjev øving i eksperimentelt arbeid.

**Læringsmål:**

Emnet skal gje ei forståing av kjemiske omgrep og måleteknikkar og danne grunnlag for bachelorstudier i kjemi. Kurset vert tilbydd studentar som anten har ein god bakgrunn i kjemi frå vidaregåande skule (3KJ, ev. beherskar 2KJ-pensumet fullt ut) eller som har fylgt undervisninga i KJEM 100.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Laboratoriekurs m/journal og innleveringsoppgåver. Godkjend HMS-kurs. Dette kan takast same semester i forkant av KJEM110-undervisninga. Meir om HMS-kurset på <http://www.kj.uib.no/undervisning/>

**Undervisningssemester:**

Haut og vår (Fargekode: gul)

**Undervisningsspråk:**

Norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Mappeevaluering basert på laboratoriekurs (bestått/ikkje bestått), obligatorisk innleveringsoppgåve (bestått/ikkje bestått),



midtsemestervurdering (2t) (30%) og skriftleg slutteksamen (4t) (70%).

Utfyllande eksamensregler:

1. Laboratoriekurset er gyldig i 6 påfølgande semester.
2. Obligatorisk innlevering, midtsemestervurdering og slutteksamen har berre gyldigheit i same semester som dei gjennomførast.
3. I semester med undervisning:
  - a) Studentar utan godkjend labkurs frå tidlegare semester må gjennomføre mappeevaluering.
  - b) Studentar med godkjend laboratoriekurs frå tidlegare semester kan

Enten

i. Etter skriftleg melding til instituttet innan fristen for eksamensoppmelding, delta i mappeevalueringa, og må då gjennomføre alle delane av mappeevalueringa, bortsett frå laboratoriekurset, i inneverande semester

Eller

ii. Bare avlegge avsluttande eksamen. Resultatet frå denne eksamen utgjør karaktergrunnlaget.

## **KJEM120 Grunnstoffenes kjemi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

KJEM110

**Fagleg overlapp:**

K102: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Emnet omhandlar grunnstoffenes kjemiske eigenskapar i forhold til deira plassering i Det periodiske system. Spesielt leggast det vekt på typiske trekk og slektskapsforhold mellom grunnstoffene og deira kjemiske sambindingar. Vidare inngår oppbygging og eigenskapar til sambindingane, mellom anna bindingsforhold mellom atom samt struktur av molekyl, metall, salt og mineral. I emnet inngår rolla uorganiske sambindingar har i miljø og industri samt metallioner si naturlege rolle i biologiske system.

**Læringsmål:**

Studentane skal kunne beherske grunnleggande uorganisk kjemi, spesielt samanhengen mellom atomar elektronstruktur, plassering i Det periodiske system og forventede eigenskapar åleine eller i sambindingar. Kurset skal også gi trening i prosjektorientert gruppearbeid samt rapportskriving og presentasjon av prosjektarbeidet.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Skriftlege svar på utvalte kollokvieoppgåver.

**Undervisningssemester:**

Haut (Fargekode: gul)

**Undervisningsspråk:**

Norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Skriftleg eksamen (4t).

Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

## **KJEM122 Syntetisk uorganisk kjemi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

KJEM 100 eller KJEM110, KJEM120

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM210

**Fagleg overlapp:**

K102: 2 SP, K241: 2 SP, KJEM121: 4 SP

**Fagleg innhald:**

Emnet har fokus på eksperimentelt arbeid innan moderne uorganisk syntese og stoffkjemi med tilknytning også til organisk-, biomolekylær- og nanokjemi. Det inngår grunnleggande opplæring i eksperimentelle ferdigheiter og øving i behandling av kjemikalier, laboratorieutstyr, spektroskopiske og analytiske instrumenter.

I kurset inngår eit teoretisk pensum knytt til fagområda og metodane som dekkast i laboratorieøvingane. Emnet er tenkt å danne grunnlag for vidaregåande kurs innan organometallisk kjemi, nanokjemi og biomolekylær kjemi. I tillegg gir kurset elementært grunnlag for vidaregåande kurs innan spektroskopiske metodar og røntgenanalyse.

**Læringsmål:**

Det vert gjeve opplæring i sentrale reaksjonsmekanistiske moment innan moderne syntetisk uorganisk kjemi. Desse vil inkludere: - Redoks-reaksjonar (i.h.t. klassisk Brønsted og Lewis definisjonar). -Hard/Soft prinsippet (syre/base): oksidative addisjons- og reduktive eliminasjonsreaksjonar. -Substitueringsreaksjonar innan uorganisk fastfasekjemi og koordinasjonskjemi.-Koordinasjonskjemi: komplekskjemi, kompleks sine spektroskopiske eigenskapar og katalysereaksjonar, med tilknytning vidare til uorganisk-organiske hybridmaterialar (for eksempel via polymeriseringsreaksjonar) og til biouorganiske materialar: kluster, enzymatisk katalyse og biomaterialar. -Syntese av nanopartiklar (for eksempel via invers micelle metodikk for syntese av konduktive materialar). - Hydrotermalteknikk for framstilling av for eksempel zeolittmaterialar. Inkludert er også bruk av moderne spektroskopiske og analytiske metodar. Aktuelle instrumentelle metodar vil vere ultrafiolett/synlig spektroskopi (UV), infrarød spektroskopi (IR), kjernemagnetisk resonans spektroskopi (NMR) og atomabsorpsjons spektroskopi (AAS [ICP])

**Obligatoriske aktivitetar:**

Laboratoriekurs med journalføring. Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må kurset takast same semester i forkant av undervisninga. Meir om HMS-kurset på



<http://www.kj.uib.no/undervisning/>

**Undervisningssemester:**

Vår (Fargekode: gul)

**Undervisningspråk:**

Norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Skriftleg eksamen (4t). Gjennomført laboratoriekurs er gyldig i 6 påfølgande semester.

### **KJEM130 Organisk kjemi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM100 eller KJEM110 (110 kan takast samtidig)

**Fagleg overlapp:**

K103: 10 SP; FARM130: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Emnet omfattar ein generell oversikt over dei grunnleggande stoffklasser, deira konstitusjon, eigenskapar, viktigaste framstillingsmåtar og reaksjonar. Utanom innføring i grunnomgrepa i organisk kjemi vil viktige anvendelser av organisk kjemi bli diskutert.

**Læringsmål:**

Gje ei innføring i organisk kjemi. Gje ei oversikt over systematisk nomenklatur. Beskrive dei grunnleggande stoffklasser. Gje ei innføring i grunnomgrepa og reaksjonar i organisk kjemi.

**Undervisningssemester:**

Vår (Fargekode: rød)

**Undervisningspråk:**

Norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Skriftleg eksamen (4 t)

### **KJEM131 Organisk syntese og analyse**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

KJEM100 eller KJEM110 (kan lesast parallelt), KJEM130 (kan lesast parallelt)

**Fagleg overlapp:**

K103: 5 SP, K234: 5 SP, K234A: 5 SP, FARM131: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Kurset vil omfatte syntese av organiske sambindingar med bruk av mikro- og halvmikroutstyr. Syntesane skal vise korleis organiske reaksjonar dannar basis for biologi, geologi, medisin og kjemisk industri. Kurset vil gje ei enkel innføring i analytisk organisk kjemi ved bruk av kvalitative analyser og instrumentelle metodar med vekt på spektroskopi. Prinsipp for nokre metodar for stukturanalyse av organiske sambindingar vil bli gjennomgått. Omfattande laboratorie-arbeid med moderne syntetiske reaksjonar og analytiske metodar vil illustrere kva organisk kjemi betyr for samfunnet. Det blir fokusert på metodar innan rein organisk kjemi ("green chemistry").

**Læringsmål:**

- Å gje ei praktisk opplæring i laboratorie-teknikkar som nyttast i organisk kjemi, i form av syntesar i liten skala.
- Å gje innsikt i prinsipp og praksis for spektroskopiske analyser av organiske sambindingar, med vekt på IR og UV-spektroskopi.
- Å anvende utvalte teknikkar i ei prosjektoppgåve med ein problemstilling som er aktuell i miljø- eller industri-perspektiv.
- Å gje trening i skriftleg og munnleg presentasjon av resultat frå praktisk kjemi.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Laboratoriekurs m/journal og prosjektarbeid. Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må kurset takast same semester i forkant av undervisninga. Meir om HMS-kurset på <http://www.kj.uib.no/undervisning/>

**Undervisningssemester:**

Vår (Fargekode: grønn)

**Undervisningspråk:**

Norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Mappeevaluering basert på laboratoriejournal (1/3), prosjektoppgåve (1/3), og skriftleg eksamen (3t) (1/3).

Utfyllande eksamensregler:

1. Gjennomført laboratoriekurs og prosjektoppgåve gjev rett til å gå opp til eksamen i 6 påfølgande semester.
2. Laboratoriejournalen må alltid leggest fram til vurdering som del av mappa.
3. I semester med undervisning:
  - a. Studentar med godkjend laboratoriekurs og prosjekt frå tidlegare semester kan Anten
    - i. Berre gå opp til teorieksamen, som då inngår i mappa saman med vurdering av journalen og prosjektoppgåva. Alle delane teller 1/3 kvar i karaktersetjinga.
  - ii. Gjennomføre og levere ny prosjektoppgåve til evaluering, og karakteren setjast då på grunnlag av journal, ny prosjektoppgåve og eksamen, som kvar teller 1/3.
- b. For studentar utan godkjent laboratoriekurs og prosjektoppgåve frå tidlegare semester må laboratoriekurs, prosjektoppgåve og skriftleg eksamen gjennomførast i inneverande semester, og inngå som karaktergrunnlag (kvar teller 1/3)
4. I semester utan undervisning:
  - a. Studentar med godkjent laboratoriekurs og prosjektoppgåve vurderast på grunnlag av journal, prosjektoppgåve og eksamen (teller 1/3 kvar)

- b. Studentar utan godkjend laboratoriekurs og prosjektoppgåve frå tidlegare kan ikkje avlegge eksamen

### **KJEM202 Miljøkjemi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

KJEM100, KJEM110 eller tilsvarande

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM100, KJEM110, KJEM120, KJEM130

**Fagleg overlapp:**

K202: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Emnet har som hovudtema: (i) Energiproduksjon; (ii) Kjemiske reaksjonar i atmosfæren; (iii) Vatnkjemi og vatnforureining; (iv) Kjemiske forhold i biosfæren; (v) Innflytelse av skadelege stoff i miljøet- både naturlige og menneskeskapte (industri, jordbruk, transport, energiproduksjon etc.). Konkrete tema: bruk av fossilt brensel, gasskraftverk, kjernekraft, kjemikalier ved oljeutvinning, drivhuseffekt, ozon-kjemi, sur nedbør, eutrofiering, pestisid i jordbruk, hormonhemmarar i miljøet, generell industriell forureining (PCB, PAH, KFK, dioxin).

**Læringsmål:**

Gje bakgrunnskunnskap som setter studenten i stand til å foreta ei kritisk vurdering av aktuelle miljøkjemiske problem.

**Undervisningssemester:**

Haust (Fargekode: grønn)

**Undervisningspråk:**

Norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Skriftleg eksamen (4t) (100%).

### **KJEM203 Petroleumskjemi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

KJEM110

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM130

**Fagleg overlapp:**

K203: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Kurset omfattar ei beskriving av den kjemiske samansetnaden og dei fysiske eigenskapane til petroleum, metodar for fraksjonering og analyse, kjemisk grunnlag for dei vanlegaste raffineringmetodane og oversikt over produktspekteret frå raffinering av olje. Vidare vil tema som oljeforureining, alternative drivstoff og fluid-eigenskapar for petroleumsblandingar bli gjennomgått. Litteraturgjennomgang av utvalte tema og bruk av multivariat databehandling på datasett frå karakterisering av oljer inngår som gruppearbeid.

**Læringsmål:**

Gje innsikt i kjemisk samansetnad og eigenskapar til petroleum (olje og gass). Gje kunnskap om petroleumprodukt og alternative drivstoff. Gå gjennom det kjemiske grunnlaget for sentrale foredlingsprosessar. Orienter om petroleum som ressurs og alternative fornybare ressursar. Gje trening i å evaluere kjemisk informasjon om petroleum med omsyn til datakvalitet og nytteverdi.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Prosjektoppgåve med munnleg presentasjon.

**Undervisningssemester:**

Kvar andre vår (neste gong vår 2010) (Fargekode: grønn)

**Undervisningspråk:**

Engelsk. Dersom det ikkje er engelskspråkelege studentar på emnet vert undervisninga gjeven på norsk.

**Vurdering/eksamensformer:**

Munnleg eksamen. Det kan bli skriftleg eksamen (4t) dersom fleire enn 10 oppmelde. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

### **KJEM210 Kjemisk termodynamikk**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

KJEM110

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM110, MAT101

**Fagleg overlapp:**

K104: 10 SP, K104A: 10 SP, FARM210: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Emnet inneheld ei grundig beskriving av termodynamikkens lover, samt utvalte emne innan elektrokjemi og reaksjonskinetikk. Emnet bygger vidare på termodynamiske og kinetiske grunnomgrep introdusert i KJEM110. Emnet omhandlar bl.a. kjemisk likevekt, faselikevektar, fasediagram (overgangar mellom gass, væske og faste stoff), eigenskapar av væskeblandingar og løysingar av stoff i væsker. Sentrale omgrep og fenomen vil bli undersøkt i laboratoriedelen.

**Læringsmål:**

Studenten skal tilegne seg grunnleggande kunnskapar innan termodynamikk og vere i stand til å bruke desse både på teoretiske og eksperimentelle kjemiske problemstillingar. Laboratoriekurset skal gje studenten ei synleggjering av viktige prinsipp i tillegg til ein praktisk erfaring i laboratoriearbeid.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Laboratoriekurs m/rapport og lab.-førebuing.

Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må kurset takast same semester i forkant av undervisninga. Meir om HMS-kurset på <http://www.kj.uib.no/undervisning/>

**Undervisningssemester:**

Haust (Fargekode: blå)

**Undervisningsspråk:**

Norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Skriftleg eksamen (4t). Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

**KJEM212 Molekylære drivkrefter**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM210

**Fagleg overlapp:**

K212: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Kurset kombinerer termodynamiske og statistiske metodar for å beskrive kva for krefter som får molekylar til å reagere, adsorbere, løysast opp, penetrere membranar eller endre konformasjon. Det vil bli lagt vekt på å bruke teorien til å løyse konkrete problem.

**Læringsmål:**

Kurset skal gje ei grunnleggande forståing av dei krefter som påvirker molekylar og som dermed er bestemmende for det vi observerer under gitte eksperimentelle tilhøve.

**Undervisningssemester:**

Vår (Fargekode: rød)

**Undervisningsspråk:**

Engelsk. Dersom det ikkje er engelskspråklege studentar på emnet vert undervisninga gjeven på norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Skriftleg eksamen (4t)

**KJEM214 Overflate-og kolloidkjemii**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM210

**Fagleg overlapp:**

K214: 10 SP, K214A: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Kurset er ei innføring i overflate og kolloidkjemii, dvs det omhandlar system der overflate-eigenskapane dominerar. Det vil derfor bli lagt vekt på overflatespenning, molekylære monolag, selv-aggregerande system på nano-skala, adsorpsjon på overflater og reologiske prosesser.

**Læringsmål:**

Kurset skal gje ei forståing av overflateeigenskapane si betydning for kjemiske, biologiske og teknologiske problemstillingar.

**Undervisningssemester:**

Haut

**Undervisningsspråk:**

Norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Skriftleg eksamen (4t)

**KJEM217 Biofysikalsk kjemi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

KJEM210 eller tilsvarande

**Fagleg overlapp:**

K217: 10 SP. K217A: 10 SP

**Læringsmål:**

Studentane får ei grundig innføring i fysikalsk/kjemiske prinsipp anvendt på biomolekylære system. Emnet vil vere obligatorisk for mastergrads- og doktorgradsstudentar med oppgave i biomolekylær/biorganisk kjemi.

**Undervisningssemester:**

Kvar andre haust, neste gong haust 2008.

**Vurdering/eksamensformer:**

Munnleg eksamen. Dersom mange studentar er oppmeld kan det bli skriftleg eksamen (4t).

**KJEM220 Molekylmodellering**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

KJEM110, MAT101/MAT111 eller tilsvarande

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM110, KJEM120, KJEM130, MAT101

**Fagleg overlapp:**

K220: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Emnet gjev ei innføring i teoretiske berekningar av molekylers struktur, energi og andre eigenskapar. Studentane introduserast først til modeller basert på klassisk fysikk: molekylmekanikk og molekylodynamikk. Dette er metodar som har atomet som minste eining og som er velegna til studium av store molekylar. Hovudvekta ligg imidlertid på modeller som har elektronet som minste eining, og som dermed må baserast på kvantemekanikk. Studentane får ei enkel innføring i molekylorbital-baserte metodar (Hückel, Hartree-Fock og DFT) og nyttar desse til å beskrive og diskutere kjemisk binding, struktur og reaktivitet. Studentane vil i stor grad nytte eksisterande programvare til å gjere egne berekningar av molekylære eigenskapar.

**Læringsmål:**

Studentane skal kjenne til ulike molekyl-baserte berekningsmodellar som er aktuelle for å undersøke eit vidt spekter av kjemiske eigenskapar. Dette inneber kjennskap til dei viktigaste metodiske føresetnad, metodane sine bruksområde, samt pris-nøyaktigheit vurderingar. Vidare skal studentane få erfaring med bruk av moderne fagspesifikk programvare på gjevne problemstillingar, i tillegg til trening i kritisk vurdering av berekningsresultat.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Øvingsoppgåver

**Undervisningssemester:**

Haut

**Undervisningsspråk:**

Engelsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Skriftleg eksamen (4t). Det kan bli munnleg eksamen om dette er formålstenleg. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i 6 påfølgande semester.

**KJEM221 Grunnleggjende kvantemekanikk**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskapar:**

MAT121

**Fagleg overlapp:**

PHYS201: 10 SP, K221: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Innleiingsvis vil det bli gjeven ein gjennomgang av enkle, eksakt løysbare system. Deretter blir den kvantemekaniske teorien presentert aksiomatisk og sentrale sider ved den kvantemekaniske beskrivinga blir belyst og problematisert. Framstillinga nyttar i stor grad omgrep frå lineær algebra. Viktige satsar for punktgrupper blir utleia og nytta for å oppnå forenklingar basert på molekylers symmetri. Det blir gjeven ei innføring i tidsavhengig og tidsuavhengig perturbasjonsteori, med bl.a. utleiing av Fermis gylnge regel.

**Læringsmål:**

Studentane skal oppnå grunnleggjande kunnskapar innan kvantemekanikk. Vidare skal det formelle grunnlaget for betraktningar av meir anvendt karakter gjevast.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Øvingsoppgåver

**Undervisningssemester:**

Kvar andre vår, neste gong vår 2009.

**Undervisningsspråk:**

Engelsk. Dersom det ikkje er engelskspråklege studentar på emnet vert undervisninga gjeven på norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Skriftleg eksamen (4t). Dersom det er færre enn 10 deltakarar kan det bli munnleg eksamen. Obligatoriske arbeidskrav er gyldige seks påfølgande semester.

**KJEM225 Planlegging av eksperiment og analyse av fleirvariable data**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

MAT101/MAT111

**Fagleg overlapp:**

K225: 10 SP. PTEK226: 5 SP

**Fagleg innhald:**

Emnet gjev ei innføring i sentrale fleirvariable metodar anvendt på spektroskopiske, kromatografiske og andre typar fleirvariable data frå farmasi, medisinsk diagnose og plantemedisin, havbruk og petroleum. Sentrale områder er forsøksplanlegging for å oppnå maksimal informasjon frå få forsøk, mønstergjenkjenning for

å studere komplekse kjemiske og biologiske system, regresjon for å kunne prediktere kvalitet frå råvarer og prosessvariablar og kalibrering for å frambringe raske og presise automatiserte analyser basert på moderne kjemisk instrumentering.

Dataprogram med grafisk grensesnitt nyttast for analyse og visualisering av fleirvariable data.

**Læringsmål:**

Studentane skal ha ei operasjonell forståing av korleis dei skal planlegge eksperiment og evaluere eksperimentelle data med omsyn til maksimal informasjon og minimal ressursbruk på laboratoriet og i full industriell skala.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Dataøvingar m/journal

**Undervisningssemester:**

Haust

**Undervisningsspråk:**

Norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Skriftleg eksamen (4t). Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

**KJEM230 Analytisk organisk kjemi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

KJEM110, KJEM130, KJEM131, eller tilsvarende

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM110, KJEM130, KJEM131, KJEM250

**Fagleg overlapp:**

K234: 10 SP. K234A: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Kurset omfattar analyse av organiske sambindingar ved hjelp av moderne kromatografiske og spektroskopiske metodar. Aktuelle problemstillingar henta frå industri (farmasøytisk-, matvare-, etc.) og kontrollarbeid (miljø-, doping-, etc.) vil bli gjennomgått. Kromatografidelen omhandlar teknikkar basert på adsorpsjon-, fordeling-, ionebytting- og eksklusjonsprinsipp. Vidare behandlast prøveopparbeiding, kvantitativ analyse og elektroforetiske metodar. Under spektroskopi behandlast infrarød, ultrafiolett og kjernemagnetisk resonans spektroskopi (NMR), og massespektrometri (MS) - med størst fokus på moderne bruk av NMR og MS.

**Læringsmål:**

Etter avslutta kurs skal studentane kunne: Separere ulike organiske sambindingar ved hjelp av moderne kromatografiske metodar. Ta opp eksperimentelle spektroskopiske data. Foreta strukturoppklaring basert på teoretiske data innhenta ved hjelp av organiske analysemetodar.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Laboratoriekurs m/journal.

**Undervisningssemester:**

Vår

**Undervisningsspråk:**

Norsk



**Vurdering/eksamensformer:**

Skriftleg eksamen (4t). Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

**KJEM231 Vidaregåande organisk kjemi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

KJEM110, KJEM130, KJEM131 eller tilsvarende

**Fagleg overlapp:**

K231: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Emnet omfattar organiske reaksjonar og mekanismer utover det som har blitt gjennomgått i KJEM130 eller tilsvarende kurs. Reaksjonane blir diskuterte og systematiserte ut frå eigenskapane til dei funksjonelle gruppene, med bindingstilhøve og konformasjonelle forhold som utgangspunkt. Det blir serleg lagt vekt på stereokjemiske aspekt ved reaksjonane. Vidare blir det diskutert korleis dei kjemiske reaksjonane kan nyttast til å lage organiske sambindingar med fleire funksjonelle grupper; dette blir illustrert med døme frå kjemisk og farmasøytisk industri. Det vil også bli gitt eit oversyn over viktige stoff som finst i naturen eller som blir brukte til ulike formål i samfunnet. Relevante miljøproblem knytt til grupper av organiske sambindingar vil også bli omtala.

**Læringsmål:**

Studentane skal lære seg å bruke kunnskapar om bindingstilhøve og konformasjonelle tilhøve til å vurdere korleis organiske sambindingar vil reagere under ulike tilhøve. Vidare skal dei bli i stand til å bruke kunnskapar om kjemisk reaktivitet til å foreslå korleis meir kompliserte molekyl med fleire funksjonelle grupper kan framstillast. Det er også viktig å få skikkeleg grep på presis bruk av fagterminologien på engelsk og norsk (for norske studentar).

**Obligatoriske aktivitetar:**

Innlevering av minst fire oppgåvesett.

**Undervisningssemester:**

Haust

**Undervisningsspråk:**

Engelsk. Dersom det ikkje er engelskspråklege studentar på emnet vert undervisninga gjeven på norsk.

**Vurdering/eksamensformer:**

Prosjektoppgåve m/munnleg presentasjon (40%) og skriftleg avsluttande eksamen (4t) (60%).

Utfyllande eksamensregler:

1. Prosjektoppgåve gjeld i dei to påfølgjande semestra

2. I semester med undervisning:

a) Studentar med godkjend prosjektoppgåve frå to semester tidlegare kan

Anten

I. Berre gå opp til eksamen, som då utgjer karaktergrunnlaget saman med prosjektoppgåve frå to semester

tidlegare (prosjektoppgåve m/munnleg presentasjon 40%, eksamen: 60%)

Eller

II. Delta i heile mappeevalueringa

b) Studentar utan godkjend prosjektoppgåve frå to semester tidlegare må delta i heile mappeevalueringa

3. I semester utan undervisning:

a) Studentar med godkjend prosjektoppgåve frå to føregåande semester kan berre gå opp til eksamen, som då utgjer karaktergrunnlaget saman m prosjektoppgåve frå semesteret tidlegare (prosjektoppgåve: 40%, eksamen: 60%)

b) Studentar utan godkjend prosjektoppgåve frå føregåande semester kan ikkje ta eksamen

**KJEM232 Eksperimentell syntetisk kjemi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

KJEM110, KJEM120, KJEM121/KJEM122, KJEM130, KJEM131, eller tilsvarende

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM 231 (kan takast parallelt) og KJEM230.

**Fagleg overlapp:**

K231: 5 SP, K242: 5 SP

**Fagleg innhald:**

Gjennom eksperimentelt arbeid vil studenten lære forskjellige laborieteknikkar samt fleire sentrale syntetiske reaksjonar frå organisk og metallorganisk kjemi. Relevante analytiske teknikkar vil bli diskuterte og brukte. Studenten skal lære seg å arbeide på ein trygg, sikker og nøyaktig måte, i samsvar med god HMS-praksis.

**Læringsmål:**

Studenten skal lære sentrale laborieteknikkar og metodar utover det som omfattast av KJEM131 eller tilsvarende grunnkurs. Dette skal nyttast i praktisk syntetisk arbeid. Studenten skal bli kjend med og utføre sentrale kjemiske reaksjonar frå organisk og metallorganisk kjemi.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Laboratoriekurs m/journal og to større rapporter, opplæring i instrumentbruk, munnlege presentasjonar og mindre skriftlege oppgåver.

**Undervisningssemester:**

Haust

**Undervisningsspråk:**

Engelsk. Dersom det ikkje er engelskspråklege studentar på emnet vert undervisninga gjeven på norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Karakter for kurset blir gjeve på følgjande grunnlag:

- Laboratoriearbeid etter kriterium som er gjevne på førehand (25%)

- Laboratoriejournalar, rapportar, andre skriftlege oppgåver og munnlege presentasjonar (25 %)
- Munnleg eksamen (50%). Dersom det er fleire enn fem studentar, kan det bli skriftleg eksamen (2 t).

Utfyllande eksamensreglar:

1. I undervisningssemester må alle obligatoriske deler utførast. Avsluttande eksamen kan ein fyrst ta når alle obligatoriske delar er bestått.

2. I semester utan undervisning:

- Studentar som har gjennomført kurset og har fått godkjent alle obligatoriske delar, kan også gå opp til avsluttande eksamen året etter.
- Studentar utan godkjende obligatoriske delar frå året før kan ikkje ta eksamen.

### **KJEM233 Organisk massespektrometri**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

KJEM130 eller tilsvarande

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM 110, KJEM120, KJEM121/KJEM122, KJEM130, KJEM131 og KJEM210

**Fagleg overlapp:**

K333: 6 SP

**Fagleg innhald:**

Emnet omhandlar metodar og teknikkar innan organisk massespektrometri. Forskjellege typar instrument og bruken av instrumenta blir diskutert. Systematisering av fragmentering og tolking av spektra vil leggast stor vekt. Strukturbestemming av kompliserte og polyfunksjonelle molekylar blir illustrert.

**Læringsmål:**

- Gje basiskunnskap om metodar og teknikkar innan massespektrometri.
- Gje ei oversikt over fragmenteringsmekanismar.
- Gje framgangsmåtar for tolking av spektra av mono- og polyfunksjonelle organiske sambindingar.

**Undervisningssemester:**

Haust

**Undervisningsspråk:**

Engelsk.

**Vurdering/eksamensformer:**

Munnleg eksamen. Med fleire enn 8 studentar kan det bli skriftleg eksamen (4t).

### **KJEM238 Naturstoffkjemi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

KJEM130 eller tilsvarande

**Fagleg overlapp:**

K332: 9 SP, FARM238: 10 SP, KJEM332: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Kurset startar med ei kort innføring i plantesystematikk. Sentrale gift- og medisiplantar samt natrlegemiddel vert omtala. Viktige stoffklassar (sekundære metabolittar) i og frå naturen vert framheva, og det vert lagt vekt på klassifisering, nomenklatur, struktur, biosyntese, førekomst, analyse og farmasøytiske perspektiv.

**Læringsmål:**

Emnet skal gje ei oversikt over feltet naturstoffkjemi med vekt på kjennskap til ulike typar naturstoff, deira førekomst, struktur, biosyntese og eigenskapar. Vidare skal emnet gje ei heilskapleg forståing for bruken av naturstoff som utgangspunkt for legemiddel.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Laboratoriekurs. Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må kurset takast same semester i forkant av undervisninga. Meir om HMS-kurset på <http://www.kj.uib.no/undervisning/>

**Undervisningssemester:**

Vår. Tiltent studentar med masteroppgåve i naturstoffkjemi/farmasi

**Undervisningsspråk:**

Norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Skriftleg eksamen (4t). Dersom det er få deltakarar kan det verta munnleg eksamen. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

### **FARM236 Lækjemiddelkjemi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskapar:**

FARM130/KJEM130

**Fagleg innhald:**

Kurset omfatter de viktigste legemidlene og legemiddelgruppene sin kjemi: tredimensjonal konfigurasjon, syntese, metabolisme og stabilitet. Videre blir sammenhengen mellom tredimensjonal struktur av legemiddelet og biologisk aktivitet vektlagt.

**Læringsmål:**

Studentane skal, ut frå stukturformel, kunne angi sannsynlig bruk og gi ein vurdering av kjemisk stabilitet. Faget skal vidare tjene som grunnlag for farmakologi og galenisk farmasi.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Det kan verta aktuelt med obligatoriske oppgåver.

**Undervisningssemester:**

Vår

**Undervisningsspråk:**

Norsk



**Vurdering/eksamensformer:**

Skriftlig eksamen. Dersom det er få deltakarar kan det bli muntlig eksamen.

**KJEM243 Metallorganisk katalyse**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM110, KJEM120, KJEM130, KJEM210.

Kunnskapar frå KJEM220 er ein fordel.

**Fagleg overlapp:**

K343: 10 SP, K343A: 10 SP, KJEM343: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Emnet omhandlar hovudsakleg kjemien til kompleks av transisjonsmetalla, - klassisk koordinasjonskjemi, organometallisk kjemi og biouorganisk kjemi. Kjemiske eigenskapar diskuterast.

**Læringsmål:**

Gje ei djupare forståing for samanhengar mellom struktur, bindingsforhold og kjemiske eigenskapar. Gje allsidig kunnskap om kjemien til transisjonsmetallkompleks, særleg med tanke på katalyse.

**Undervisningssemester:**

Haut. Emnet går ikkje dersom studenttalet er lavt.

**Undervisningsspråk:**

Engelsk.

**Vurdering/eksamensformer:**

Munnleg eksamen. Dersom mange studentar er oppmeldt kan det bli skriftleg eksamen (4t).

**KJEM244 Nanokjemi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM250 (kan takast samtidig)

**Fagleg innhald:**

Nanokjemi er eit lavaregrads emne som vert tilbydd studentar som er interessert i vitskapen rundt nanomaterial. Storleiker på 1 til 100 nanometer er av fundamental viktighet i materialteknologi. Endringa av kjemiske og fysiske eigenskaper, avhengig av storleikseffektar, gjev den ultimate inspirasjon for utvikling av nanostrukturerte katalysatorar og "quantum confined" material. Emnet vil introdusere studenten til syntese, identifisering, funksjonalisering og bruk av desse nye materiala. Kurset vil spesielt legge vekt på følgjande tema: metalliske og oksidiske nanopartiklar, ligandstabiliserte nanoklustere, nanoporøse material ("open-framework" uorganiske sambindingar) som metallorganiske sambindingar, krystallinske porøse silisiumoksidmaterial inkludert zeolitter, "zeotypes", pillared clays, og periodisk mesoporøs silika, nanoporøse oksid, nanoporøse metall, og nanoporøse karbonsambindingar som "aktivert karbon" og einvegga nanotubar. Syntetiske strategiar omfattar invers micelle teknikk, framgangsmåtar basert på templat, sol-gel

prosessen via metall alkoksid startsbindingar, isomorf substitusjon, kokondensasjon, postsyntetisk derivatisering, impregnering, metall gass fase utfelling, overflate organometallisk kjemi, og "flaskeskip"- syntese. Relevansen av slike nanostrukturerte material for avansert materialvitskap, organisk syntese, katalyse, og adsorpsjon/separasjons prosessar vert demonstrert.

**Læringsmål:**

Studentane skal oppnå kunnskap om dei mange syntetiske tilnærmingane mot bulk-materialar i nanostorleik, strukturelt definerte klustere, i tillegg til nanoporøse materialar. Betydinga av overflatefunksjonalisering vil vektleggast i forhold til generasjonen av uorganisk-organisk hybrid materialar som har relevans mot bruk i katalyse, medisin, og avansert materialevitskap, til dømes i anvending innan sorpsjon og deteksjon.

Presentasjon av den nyaste utviklinga i feltet og framtidens utsikter vert gjeven spesiell merknad. I tillegg vil studentane oppnå "on the spot" erfaring i syntese og identifisering av nanostrukturerte materialar gjennom laboratoriekurset.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Godkjend laboratoriekurs, labpresentasjon og kollokvium.

**Undervisningssemester:**

Vår

**Undervisningsspråk:**

Engelsk

**Vurdering/eksamensformer:**

Munnleg eksamen (tel 70% av karakteren) (skriftleg eksamen (3t) om fleire enn 5 studentar) og munnleg presentasjon av labprosjekt (30%). Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

**KJEM250 Analytisk kjemi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:**

KJEM110, KJEM121/KJEM122, KJEM131, eller tilsvarande

**Fagleg overlapp:**

K241: 10 SP, FARM250: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Kurset gjev ei innføring i kvantitativ analyse av uorganiske og organiske sambindingar i dei vanlegaste prøvematrisher, som luft, vatn, fast stoff, biologisk materiale. Alle trinn i analysegangen vil bli omhandla, som i) prøvetaking, ii) prøveopparbeiding, inkludert derivatisering og bruk av standardar for kvantifisering, iii) våtkjemisk og instrumentell analyse, iv) databehandling, inkludert vurdering av nøyaktigheit og presisjon, v) presentasjon av analyseresultat, vi) kvalitetssikring av laboratorium. I laboratoriekurset skal studentane bestemme konsentrasjonar, tildels på ppm-nivå, av analyttar i reelle prøver.

**Læringsmål:**

- Å gje ei forståing av alle aspekt av kvantitativ analyse heilt ned i mikro- og ppm-skala
- Å gje innsikt i bruk av tradisjonelle våtkjemiske teknikkar
- Å gje innsikt i instrumentelle, kromatografiske og spektroskopiske, teknikkar.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Laboratoriekurs. Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må kurset takast same semester i forkant av undervisninga. Meir om HMS-kurset på <http://www.kj.uib.no/undervisning/>

**Undervisningssemester:**

Vår (Fargekode: rød)

**Undervisningspråk:**

Norsk

**Vurdering/eksamensformer:**

1. Godkjenning av analyseresultater på lab (1/4)
2. Føring av labjournaler (1/4)
3. Skriftleg eksamen (4t) (2/4)

Punkt 1 og 2 vil bli vurdert på grunnlag av samtlige øvelser i kurset.

Dersom alle øvelser er godkjent, uansett antall innleveringar vil studenten få bestått. Dersom alle innleveringar er godkjent på første forsøk blir karakteren A. Ved stryk på minst ein av dei tre delane, vil karakteren i emnet bli F (stryk).

Utfyllande eksamensregler:

1. Karakteren i godkjenning av analyseresultater på lab og føring av labjournaler er gyldig i 6 påfølgande semester.

2. I semester med undervisning:

Studentar med godkjend laboratoriekurs frå tidlegare semester kan gå opp til avsluttande eksamen, som då inngår i mappa saman med karakter på godkjenning av analyseresultater på lab og føring av journaler. Den avsluttande eksamen tel 2/4 i karaktersetjinga.

3. I semester utan undervisning:

- a) Studentar med godkjend laboratoriekurs kan berre gå opp til avsluttande eksamen, som då inngår i mappa saman med karakter på godkjenning av analyseresultater på lab og føring av journaler. Den avsluttande eksamen tel 2/4 i karaktersetjinga.
- b) Studentar utan godkjend laboratoriekurs frå tidlegare kan ikkje avlegge eksamen.

**KJEM251 NMR-spektroskopi 1**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM230. Forkunnskapar i kvantemekanikk er nyttige.

**Fagleg overlapp:**

K304: 10 SP

**Fagleg innhald:**

Kurset gjev ei enkel innføring i grunnleggande NMR-teori, ei grundig innføring i praktisk moderne

puls/FT NMR-spektroskopi for væskefase, samt ein kort introduksjon til praktisk fastfase-NMR.

Oppsett og gjennomføring av ei rekke standard 1- og 2-dimensjonale eksperimenter blir gjennomgått i øvingar på eit moderne NMR-laboratorium. For dei 2-dimensjonale NMR-eksperimenta nyttar ein homonukleære og heteronukleære skalare koplingar eller homonukleære dipolare koplingar. Teorien for enkelte av dei tilhøyrande pulssekvensane vil også bli illustrert ved hjelp av simuleringar.

**Læringsmål:**

Gje studentane ei innføring i grunnleggande NMR-teori og sjølvstendig praktisk bruk av multidimensjonal/multikjerne puls-NMR på et moderne spektrometer.

**Obligatoriske aktivitetar:**

Laboratoriekurs m/journal.

**Undervisningssemester:**

Haust

**Undervisningspråk:**

Engelsk. Dersom det ikkje er engelskspråklege studentar på emnet vert undervisninga gjeven på norsk.

**Vurdering/eksamensformer:**

Munnleg eksamen. Dersom mange studentar er oppmeldt kan det bli skriftleg eksamen (4t).

Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

**KJEM306 NMR-spektroskopi II**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Tilrådde forkunnskapar:**

KJEM251/251A. Parts of KJEM 220, KJEM 221, KJEM 230

**Fagleg overlapp:**

K305: 10 SP, K305A: 10 SP

**Fagleg innhald:**

This course gives an extensive introduction to the theory of modern pulse NMR spectroscopy of liquids. The course also covers spin systems, relaxation, Overhauser enhancements, chemical exchange, diffusion in addition to basic multidimensional/multinuclear NMR experiments. Practical examples and computer programs/simulations will be used for illustrating the theoretical principles.

**Læringsmål:**

- To build upon and extend the theoretical concepts from ASC01.
- To develop the students' mastering and understanding of a broad range of NMR-related phenomena, including dynamical processes.
